

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for
Norsk namnelag



Redaksjon:

Botolv Helleland (ansv.) (botolv.helleland@iln.uio.no)

Gudmund Harildstad (gudmund.harildstad@iln.uio.no)

Vidar Haslum (vidar.haslum@uia.no)

Redaksjonssekretær:

Klaus Johan Myrvoll (k.j.myrvoll@iln.uio.no)

Utgjevar:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium / Namnegransking
Universitetet i Oslo

Nr. 59/60 – 2014

Redaksjonen vart slutført 20. januar 2015

Adresser m.m.

Nettstaden til Norsk namnelag er www.norsknarnnelag.no.

Norsk namnelag, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen. Bankgiro: 6501.41.08704. Kontingenten er 200 kroner for året og inkluderer *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*.

Tidsskriftet *Namn og Nemne*, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.
Tlf. 55 58 24 06.

Meldingsbladet *Nytt om namn*, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo.
Tlf. 22 85 43 78.

Artiklane i *Nytt om namn* kan etter ei bindingstid på to år leggjast ut på heimesida til Norsk namnelag. Eventuell reservasjon må meldast til redaksjonen.

INNHALD

LEIAR

Frode Myrheim: Bort med nedervde stadnamn og bort med namnegransking?	5
Botolv Helleland: Eit lite jubileum	6

NORSK NAMNELAG

Olav Veka: Vitjing på heimesida til Norsk namnelag	6
--	---

STADNAMNTENESTA

Line Lysaker Heinesen: Klagenemnda for stedsnavnsaker 2013	8
Anne Svanevik, Line Lysaker Heinesen og Marit Hovdenak: Samrådsmøtet for stedsnavntjenesten og Kartverket 2014.....	10
Ingvil Nordland: Ny tilskuddsordning for innsamling og registrering av stedsnavn	16

NORMERING OG BRUK AV NAMN

Ingvil Nordland og Botolv Helleland: Stedsnavn i klemme	17
Botolv Helleland og Ingvil Nordland: Høyringsfråsegn frå stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka om framlegg til endring av lov om stadnamn	20
Vidar Haslum: Høringsuttalelse til endringer i stadnamnlova.....	25
Ole Martin Skilleås: Hunn og Skage – hva heter stedet?.....	27
Brynjar Mørkved: Stadnamnlova og vern av stedsnavn	29
Johan Petter Nystuen: <i>Den skandinaviske fjellkjeden – Skandene.</i> Ukjente eller glemte navn i Norge?	49
<i>Tovdal – Tofdal – Topdal.</i> Namneformer med mange trådar	54
Vidar Haslum: Tovdalsvassdragets navn.....	54
Frode Myrheim: Kva skal me med stadnamnlova?	63
Line Lysaker Heinesen: Navnesak 2/2012 – <i>Tovdal/Topdal</i> i Birkenes og Kristiansand kommuner – gjenopptakelse	64
Ernst Håkon Jahr, Sylfest Lomheim og Vidar Haslum: Avsluttende ord om <i>Tofdal/Topdal</i>	68
Botolv Helleland: Stadnamn skjemmer sjeldan.....	69

NORNA-NYTT

Tom Schmidt: NORNA-symposium i Skagen 1.–4. oktober 2014	72
Inge Særheim: NORNA i 100.....	72
Botolv Helleland: NORNA – venskap gjennom 40 år. Tale halden ved møte nr. 100 i NORNA-komiteen.....	74
Botolv Helleland: NORNA-nytt	80

ICOS-NYTT

Ole-Jørgen Johannessen: ICOS 2014	80
---	----

FN-NYTT

Botolv Helleland: UNGEGN-møte i New York 28. april–2. mai 2014	82
---	----

ANNA MELDINGSSTOFF

Kolbjørn Aune: Nyoppdaga skulebarnsoppskrifter frå 1935.....	83
--	----

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

Botolv Helleland: Mannen rører på seg.....	85
Vidar Haslum: To etymologiske normeringeksperimenter i Stavanger	87
Aud-Kirsti Pedersen: Stadnamn som symbol	91
Kolbjørn Aune: Eit drøss Erik Holden – og korleis skilje dei åt	92
Beate Kraggerud: Minner fra en innsamlingssommer på Hadeland.....	94

BOKOMTALAR

Aud-Kirsti Pedersen: Namn på stort og smått og meir til.....	95
Vidar Haslum: Navn i kystkulturen	96
Botolv Helleland: Jernalder og bustadnamn	99
Botolv Helleland: Ny utgåve av <i>Namenkundliche Informationen</i>	101
Vidar Haslum: Stedsnavn i Høvåg.....	102
Vidar Haslum: Maritime opplevelser rundt Flekkerøya	103
Olav Veka: <i>Bustadnavn i Østfold</i> band 13.....	104
Botolv Helleland: Frå namn til nemne.....	106

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

Klaus Johan Myrvoll: Norsk namnebibliografi 2013	108
--	-----

LEIAR

BORT MED NEDERVDE STADNAMN OG BORT MED NAMNEGRANSKING?

Tidlegare i år kom Kulturdepartementet med eit framlegg til endring av lov om stadnamn. Hovudbodskapan er at ein skal skilja mellom gardsnamn og bruksnamn, og at grunneigar sjølv skal avgjera skriftform av bruksnamnet. Det kom inn snaue nitti fråsegner. Ser ein bort frå ni av desse som ikkje hadde merknader, går langt dei fleste imot framlegget. Det vert spennande å sjå kva departementet legg opp til. Truleg kjem saka opp i Stortinget på nyåret, og då vert det opp til politikarane å avgjera lagnaden åt namnelova.

Sjølv trur eg saka har vorte ei prestisjesak for dei blåblå, og det er vel i det heile dårlege utsikter for stadnamnlova slik ho no lyder. Med andre ord er det grunn til å tru at vi må førebu oss på meir namnebråk og meir namnerot. Eit søk på *Ydersbotn* i Høland på Norgeskartet gjev to skriftformer på kartet: den nyss nemnde og *Ydersbond*. Truleg syner dette, diverre, eit godt bilete av kva vi vil få meir av i framtida.

Trass i at departementet vil skilja mellom gards- og bruksnamn, finst det ikkje noko sakleg grunnlag ettersom bruksnamna svært ofte er avleidde frå gardsnamna og difor svært ofte er same namn. Det kan ikkje vera tvil om at ei ny namnelov etter dagens framlegg vil svekkje vernet av gardsnamn som kulturminne ettersom den nedervde uttala vil ha mindre å seia. Det er den nedervde uttala som treng vern og ikkje skriftformer frå dansketida. I praksis vil det seia den skriftforma som ligg nærast den nedervde uttala.

Ikkje nok at me kan stå overfor ei svekking av den noverande namnelova. Nei då, Universitetet i Oslo vil no leggje ned Norsk Ordbok og samtidig kvitte seg med språksamlingane og med dei stadnamnsamlinga ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium (ILN). Etter ein del flytting og naturleg avgang må ein vel seia at namnegranskinga ved ILN no ligg på sotteseng. Det er berre eit tidsspørsmål før heile det namnefaglege miljøet ved UiO er borte. Samstundes er faget ved dei andre universiteta svekt eller avvikla, som ved NTNU i Trondheim.

Etter mi meining er det innlysande at UiO bør halde oppe Norsk Ordbok, språksamlingane og namnegranskinga. Det bør vera eit nært og tett samband mellom språksamlingane, forskning og undervisning. Det at UiO vil leggje ned Norsk Ordbok og kvitte seg med språksamlingane før dei har funne ei alternativ løysing, syner svak planlegging og må tolkast som at UiO ikkje vil taka ansvar for eldre norsk språk. Det er grunn til å stille spørsmålet om kven som skal taka ansvar for eldre norsk språk om ikkje det største universitetet i landet skal gjera det.

Ei nedlegging av namnegranskinga ved UiO vil òg føre til ei svekking av det namnefaglege miljøet, særleg på Austlandet. Det kan ikkje høve dårle-

gare med nedlegging av namnegranskinga enn no. Ei endring av namnelova vil truleg føre til fleire namnesaker og difor meir å gjera for stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka. Kven skal vera namnekonsulentar om det ikkje lenger vert undervist i stadnamngransking? Og kor skal stadnamntenesta halde til?

Nett no treng vi heller ei opprusting av det namnefaglege miljøet og eit betre vern av den nedervde uttala.

Frode Myrheim
frodmyr@gmail.com

EIT LITE JUBILEUM

Med dette dobbeltnummeret kjem *Nytt om namn* ut med sitt 60. nummer. Det er ein bra milepæl. Samstundes feirar meldingsbladet 30 år. Fyrste nummeret kom ut i 1984. Der finn ein mellom anna lovene som vart vedtekne for Norsk namnelag året før. Redaksjonen vil takka alle som har fylgt med oss desse tretti åra som medlemmer i laget. Nokre har falle frå, men nye har kome til. No når norsk namnegransking seglar i motvind, er Namnelaget saman med tidsskriftet *Namn og Nemne* og meldingsbladet viktige organ for å halda oppe kunnskapen om og interessa for namn.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NORSK NAMNELAG

VITJING PÅ HEIMESIDA TIL NORSK NAMNELAG

Heimesida til Norsk namnelag har adressa www.norsknarnnelag.no. Eit visst inntrykk av aktiviteten på nettsidene til Norsk namnelag vil ein få av statistikken nedanfor, som vart teken ut i fyrste halvdel av november 2014. Ulike søkjeord er nytta, som *surname*, *Scandinavian*, *family*, *Norwegian*, *norsk*. Førespurnadene kjem frå mange ulike land. USA ligg ikkje uventa på topp. Men interessant nok kjem Ukraina før Noreg, som ligg på tredjeplass, medan Nederland ligg på fjerdeplass og Kina på femteplass.

Land	Sider	Treff
USA	5 673	31 898
Ukraina	3 867	4 109
Noreg	3 341	21 138
Nederland	2 127	2 667
Kina	1 056	1 222
Russland	775	1 667
Finland	682	1 123
Spania	598	1 007
Storbritannia	596	3 081
Tyskland	575	2 341
Japan	536	784
Italia	462	915
Sverige	366	1 443
Frankrike	336	1 272
Canada	267	1 954
Saudi Arabia	264	475
Romania	169	353
Brasil	155	1 176
Polen	147	666
Danmark	121	617
Tyrkia	91	219
Austerrike	88	220
Estland	87	134
Luxemburg	87	102
Sør-Korea	66	159
Andre	881	7 185

Olav Veka
veka@online.no

STADNAMNTENESTA

KLAGENEMNDA FOR STEDSNAVNSAKER 2013

Klagenemnda for stedsnavnsaker hadde bare ett møte i 2013, og det ble avholdt i Forskningsveien 1 den 29. oktober. Ti saker ble behandlet på møtet, sak 9–11/2012 og sak 1–7/2013. Ytterligere sju saker, sak 8–14/2013, kom inn så sent på året at de måtte behandles på det første møtet i 2014, som ble avholdt 14. mars. Alle disse sakene er tatt med i oversikten nedenfor. Sak 9/2012 og 7/2013 har også vært behandlet i nemnda tidligere, men har kommet tilbake til ny behandling.

Sak nr.	Påklaget navneform, kommune, fylke	Navnetype	Klagers ønske	Vedtak i Klagenemnda
9/2012	<i>Tråsavikåsen</i> og <i>Øgreid Brygge</i> , Sauda, Rog.	Adressenavn	<i>Trosavikåsen</i> og <i>Øgreidbryggen/Øgreidkaien</i>	Saken sendes tilbake til kommunen på grunn av saksbehandlingsfeil
10/2012	<i>Leikarnes(et)</i> , Vestnes, MØRo.	Naturnavn og bruksnavn	<i>Legernes(et)</i>	<i>Leikarnes(et)</i>
11/2012	<i>Medbygdvegen</i> , Trondheim, STr.	Adressenavn	<i>Mebygdvegen</i>	<i>Mebygdvegen</i>
1/2013	<i>Ølshøgda</i> og <i>Ølshøgden</i> , Skaun, Melhus og Orkdal, STr.	Naturnavn	<i>Elgshøgda</i>	<i>Ølshøgda</i> og <i>Ølshøgden</i>
2/2013	<i>Stuorravuotna</i> , Storfjord, Trs.	Samisk bygde- og kommune-navn	<i>Omasvuotna</i>	Som samisk navn på Storfjord som bygde- og kommunenavn fastsettes <i>Omasvuotna/ Omasvuona suokhan</i>
3/2013	Avslag på gjenopptaking av navnesak, <i>Ingelsvatnet/ Ingulfsvann</i> , Lierne, NTr.	Naturnavn og bruksnavn	Saken gjenopptas (ønske om <i>Ingulfsvann</i>)	Saken gjenopptas
4/2013	<i>Solstadvegen</i> (valg av navn), Overhalla, NTr.	Adressenavn	<i>Hallvardmovegen</i>	<i>Hallvardmovegen</i>
5/2013	<i>Øyem, Vestre Øyem</i> og <i>Østre Øyem</i> , Grong, NTr.	Gårds- og bruksnavn	<i>Øiem Vestre</i> og <i>Øiem Østre</i>	<i>Øyem, Vestre Øyem</i> og <i>Østre Øyem</i>
6/2013	<i>Honne</i> og <i>Øygarden</i> , Nettet, MØRo.	Gårds- og bruksnavn	<i>Hånde</i> og <i>Ødegård</i>	<i>Horne</i> og <i>Ødegård</i>

7/2013	<i>Gjølme</i> (hovednavn) og <i>Råbygda</i> (undernavn), Orkdal, STr.	Bygdenavn	<i>Råbygda</i> som eneste navn på bygda	Som bygdenavn fastsettes <i>Råbygda</i>
8/2013	<i>Oppstad</i> , Midsund, MøRo.	Gårds- og bruksnavn	<i>Opstad</i>	<i>Opstad</i>
9/2013	<i>Åbåll</i> , Birkenes, AAgd.	Gårds- og bruksnavn, navn på bro	<i>Aabell/Åbel</i>	<i>Åbål</i>
10/2013	<i>Tovdal/Tofdal</i> , Birkenes og Kristiansand, AAgd. og VAgd.	Naturnavn og bruksnavn	<i>Topdal</i>	<i>Topdal/Tovdal</i>
11/2013	<i>Greenskogveien</i> , <i>Green</i> , <i>Skallandsveien</i> , <i>Skallandslia</i> , <i>Desserudveien</i> og <i>Strengvad</i> , Sigdal, Bu.	Adressenavn	<i>Grenskogvegen</i> , <i>Gren</i> , <i>Ska(de)landsvegen</i> , <i>Ska(de)landslia</i> , <i>Desarudvegen</i> og <i>Strengåvad</i>	Det må reises formell navnesak for å få avklart skrivemåten av navnene i primærfunksjonen.
12/2013	<i>Godal</i> , Skien, Tel.	Bruksnavn	<i>Godal</i>	Klagen gjaldt et vedtak fra 1998. Saken ble ikke behandlet i nemnda, men brev ble sendt klager med opplysning om mulighet for å gjenoppta saker ved henvendelse til Kartverket.
13/2013	<i>Hestmonkallen/Hestmannen</i> (fjell), <i>Hestmona/Storselsøya/Selsøya</i> (øy) Lurøy og Rødøy, No.	Naturnavn (fjell og øy)	<i>Hestmann(en)</i> (fjell), <i>Hestmannøy</i> (øy)	<i>Hestmonkallen/Hestmannen</i> (fjell), <i>Hestmona/Storselsøya/Selsøya</i> (øy)
14/2013	<i>Staldvika</i> og <i>Staldvikveien</i> , Røyrvik, NTr.	Adressenavn	<i>Stallvika</i> , <i>Stallvikveien</i>	Det er gjort vedtak om skrivemåten <i>Stall-</i> for navnene i primærfunksjonen. Kommunen må henvende seg til Kartverket og be om gjenopptaking.

Line Lysaker Heinesen
l.l.heinesen@iln.uio.no

SAMRÅDINGSMØTET FOR STEDSNAVNTJENESTEN OG KARTVERKET 2014

Helt siden lov om stadnamn trådte i kraft i 1991, har Språkrådets stedsnavntjeneste og Kartverket møttes én gang i året til sitt såkalte samrådsmøte. I 2014 ble møtet holdt i vakre omgivelser på Son Spa hotell i Vestby kommune, Akershus. Deltakerne var fra Språkrådet sentralt, stedsnavntjenesten for norske, samiske og kvenske navn, Klagenemnda for stedsnavnsaker, Kulturdepartementet (til stede under lovendringsaken) og Kartverket.

Denne gangen var det ikke lagt opp til noen ekskursjon, men det sjønære ble utdypet gjennom et interessant foredrag av Per G. Norseng om fiskeplasser og fiskehandel i indre Oslofjorden. Referatet her er forkortede versjoner av mer utførlige referat av Anne Svanevik, Line Lysaker Heinesen og Marit Hovdenak.

Under **del I av fellesmøtet** var første punkt til diskusjon stedsnavn på skilt, særlig i områder med minoritetsspråklige navn. Selv om det i det siste har kommet opp en del skilt med slike navn, er situasjonen langt fra slik den burde være. Språkrådet, stedsnavntjenesten og Kartverket har hatt flere møter og mye korrespondanse med Vegdirektoratet og Vegvesenet der vi har orientert om plikter, regelverk og saksbehandlingsrutiner. Likevel er det fremdeles misforståelser og feiloppfatninger internt i Vegvesenet. Møtet gav Anne Svanevik, Kartverket, og Ingvil Nordland, stedsnavntjenesten, oppgaven med å kontakte Vegvesenet/Vegdirektoratet for å få til et nytt møte. I den sammenheng bør det tas stilling til om Vegvesenets interne håndbøker bør endres.

Det ble orientert om en ny tilskuddsordning til innsamling og registrering av stedsnavn. I mars 2014 fikk Språkrådet i oppdrag fra Kulturdepartementet å greie ut om hva som kunne gjøres, hvordan dette kunne gjøres, og om det i tilfelle kunne bli en fast ordning. Kr 800 000 var satt av til oppdraget. Argument: Stedsnavn er en kulturarv som står i fare for å gå tapt. Berging er motivet, innsamling er svaret. Dessuten formidling; innsamling og registrering har en begrenset verdi om en ikke har tanker om formidling i etterkant. Oppdraget skal knyttes til forvaltningen av stedsnavnloven og omfatte navn på alle offisielle språk i Norge. Noen av midlene er spesielt satt av til registrering av kvenske stedsnavn. I tillegg er et forprosjekt for registrering og formidling i gang fra Enhet for digital dokumentasjon (EDD) ved Universitetet i Oslo. Siste del av prosjektmidlene er tenkt lyst ut til djupinnsamling av navn. Østlandet vil være innsatsområde i år siden det her er dårligst stilt. De som mottar tilskudd, må samarbeide med organisasjoner i lokalmiljøet. Navna skal registreres i databasen som EDD utvikler.

En tenker seg at denne databasen på sikt skal kobles mot navnedatabaser ellers i landet.

Tredje sak under denne delen av møtet var forslaget til endring av lov om stadnamn. Bakgrunnen for lovendringsforslaget var saker om skrivemåten av gårds- og bruksnavn i Østre Toten kommune, der Kartverket gjorde vedtak om bl.a. skrivemåtene *Kvem* og *Hol*, mens eierne ønsket *Hveem* og *Hoel*. Saken ble tatt videre til politikere, deretter som representantforslag til Stortinget i 2008. Innstilling fra familie- og kulturkomitéen kom i 2009. Det var politisk enighet om å be Kulturdepartementet utrede loven slik at kravet om at navna skal følge gjeldende rettskrivingsprinsipp «ikke skal gjelde selve gårds-/bruksnavnet, og at kravet om ensartet skrivemåte i ulike funksjoner oppheves». Kulturdepartementet bestemte at hele loven skulle gjennomgås.

Ingvil Nordland, som har skrevet masteroppgave om klagesaker etter lov om stadnamn, innledet og refererte argumenter som brukes i klagesakene: 1) Uenighet om faktiske forhold; 2) Forholdet til generelle samfunns- og kulturideologier; 3) Stedsnavn og identitet. 2. juni 2014 sendte Kulturdepartementet forslag til endringer på høring med høringsfrist 2. september 2014. Det kom inn 93 høringsuttalelser. Kulturdepartementet arbeider nå med å gjennomgå disse.

Karsten Lien presenterte de foreslåtte endringene én etter én. Det var satt av tid til diskusjon etter hver endring. Til den foreslåtte endringen i § 1 *Formål og verkeområde* ble konklusjonen at det nye begrepet *meningsinnholdet i namnet* må presiseres. Endringsforslagene til § 2 *Definisjonar* ble bifalt av møtet, med forslag om at *adressenamn* føyes til i definisjonen av *stadnamn*. Definisjonen av *primærfunksjon* skapte mye debatt, selv om den er hentet fra gjeldende forskrift. Justis- og beredskapsdepartementet har skrevet en høringsuttalelse der de tilrår at *primærfunksjon* tas ut fra § 4 og *funksjon* tas ut fra forslaget til ny § 3, og at disse erstattes av mer forståelige begrep. Motargument fra møtet: *Primærfunksjon* er innarbeidet i diverse dokumentasjon og prosedyrer. Til definisjonen av *nedervd lokal uttale* ble tilføyelsen *den uttalen som er minst påverka av skrift* foreslått.

Forslaget til ny § 3 ble livlig diskutert. Tittelen er foreslått endret fra *Namnevern og namnsetjing* til bare *Namnevern*. Ikke alle var enige i dette. Det kom også synspunkt på at forslaget til ny paragraf er vanskelig å forstå. Under § 4 kom det forslag om at setningen «Finske stadnamn på Austlandet kan tilpassast norske rettskrivingsprinsipp» endres til «*Skogfinske stadnamn på Austlandet skal tilpassast norske rettskrivingsprinsipp*». I § 5 andre ledd bør det tilføyes en opplysning om at kommuner og fylkeskommuner må rette seg etter lovens regler om skrivemåten av *nedervde stadnamn*. En liten tilføyelse ble foreslått i § 5, fra (*terrengformasjonar*) til (*namn på terrengformasjonar*).

Mye tid ble brukt på diskusjon av de viktige paragrafene *Nærmare om saksbehandlingen* (§ 6) og *Særskilde regler om gardsnamn og bruksnavn* (§ 8). Synspunkt som kom fram:

- Det er behov for å presisere hva som menes med *i offentlig bruk* (§ 8).
- Skal fester ha like stor innvirkning som eier på valg og skrivemåten av bruksnavn?
 - De foreslåtte reglene om bruksnavn vil bli vanskelige og ressurskrevende å håndheve. Kan vi ikke i stedet gi grunneierne fullstendig råderett til å gjøre akkurat hva de vil med bruksnavna?
 - Hvis bruksnavnet er primærfunksjonen; skal skrivemåten av det være styrende for skrivemåten i sekundærfunksjoner (navn på vannet, fjellet osv.)? Enighet om at det ikke kan være slik, men dette kan bli vanskelig å styre.
 - De foreslåtte endringene bryter med UNESCO-konvensjonen om vern av immateriell kulturarv, som Norge har ratifisert.
 - Endringene kommer til å kreve mye saksbehandling og «omkamp» i tidligere saker, og dermed medføre kostnadsøkning.
 - Det er uklart om det skal være lokal høring eller ikke for bruksnavn. Møtet ønsket det.
 - Kommer såkalte «daglignavn» inn under reglene?

Anne Svanevik
anne.svanevik@kartverket.no

På **del II av samrådsmøtet** gjennomgikk først Finn Isaksen, Kartverket, saksbehandlingsrutinene i adressenavnsaker slik de er beskrevet i Adresseveilederen. Han pekte blant annet på at stedsnavntjenesten må være tydelig overfor kommunene når det bør reises formelle navnesaker, og at tilrådingene må sendes i kopi til Kartverket. Anne Svanevik la frem en oversikt over hvem som skal gjøre hva i navnesaker. Det er viktig at dette er klart for å unngå rolleblanding. Stedsnavntjenesten gir råd i navnesaker, men Kartverket skal i utgangspunktet ikke gi råd til kommunene eller Veivesenet. Både SNT og Kartverket har imidlertid ansvar for å finne frem grunnlagsmateriale, veilede i regelverket, noe som har blitt understreket av departementet, og sjekke SSR om hvilke navneformer som står på navneenhetsplassen.

Videre ble det diskutert hva som kan gjøres for å bedre saksbehandlingsrutinene i adressenavnsaker. Inndeling i parseller og nummerering var én av sakene som ble diskutert. Botolv Helleland stilte spørsmål ved om det er nødvendig å reise navnesak i tilfeller der ønsket skrivemåte fra kommunen og opplysningene i herredsregisteret samsvarer, men står i motsetning til skrivemåten i SSR. Finn Isaksen pekte på behov for offentlig dokumentasjon på ønsket skrivemåte og mente at man bør reise navnesak. Flere av

navnekonsulentene mente at man bør innhente flere uttaleopplysninger og sjekke praksis for tilsvarende navn. Ellers kom det frem at det er ulik praksis i regionene, og at Kartverket ikke lenger er så strenge på å begrense antall navnesaker.

Til slutt i denne delen av møtet snakket Daniel Ims om status for språksamlingene, navnesamlingene og norsk navnegransking, og hva Språkrådet har gjort i denne saken. Språkrådet sendte brev til KUD i mars i år om norsk ordbokspolitikk og et tilleggsbrev i april om fremtiden for stedsnavnsamlingene. Språkrådet ser for seg en felles løsning for leksikografi og navnegransking og foreslår en egen institusjon, et dokumentasjonssenter med stillinger til leksikografi og navnegransking. De mener også at det bør være fire stillinger (rene forskerstillinger) i navnegransking. Møtet mente det haster med å få på plass en løsning.

Line Lysaker Heinesen
l.l.heinesen@iln.uio.no

På **del III av fellesmøtet** var emnet val av rettskrivingsformer og regionale samleformer. Lisa Monica Aslaksen, Sametinget, heldt eit innlegg med tittelen «Stedsnavn på skoltesamisk og regionale hensyn i normering av nordsamisk» og viste til at det i Noreg er tre offisielle samiske språk: nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. Etter lov om stadnamn skal alle tre språka nyttast i stadnamn der dei har hevd. Skoltesamisk har ikkje offisiell status i Noreg, men det er tradisjonelt brukt i Sør-Varanger kommune, særleg i Neiden, bl.a. bevart i nokre stadnamn. Det er elles brukt i Finland og Russland. Det har meir og meir blitt ei vanleg oppfatning at også skoltesamisk må brukast i stadnamn og skilting. Den samiske stadnamntenesta har i samband med revisjonen av stadnamnlova bedt om at skoltesamiske namn blir tillatne i Sør-Varanger likestilt med nordsamisk. Det kan gjerast ved å endre forskrifta til lova eller ved å leggje inn ei presisering i rettleiinga til forskrifta. Skoltesamisk har ikkje offisiell rettskriving i Noreg, men i Finland er det det. Eitt skoltesamisk namn er vedteke i 2014: *Skoltebyen* i Neiden, skoltesamisk form: *Sää'msijdd*. Regionale særtrekk ved stadnamna, som ulike stammekonsonantar, har mykje å seie for dei som identifiserer seg med namna, også på samisk område.

Irene Andreassen, Kvensk stedsnavntjeneste, hadde som overskrift for sitt innlegg «Kvenske stedsnavn og normeringspraksis» og viste til at etter forskrifta om skrivemåten av stadnamn skal ein ved fastsetjing av skrivemåten av kvenske stadnamn ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. I § 1 i forskrifta står at det for samiske eller kvenske namn skal takast særleg omsyn til munnleg tradisjon. I utkast til endra lov om stadnamn står det i § 4: «For kvenske stadnamn skal skrivemåten følgje gjeldande rettskri-

vingsprinsipp i kvensk» (i gjeldande lov står det «... i finsk»). I kvensk og finsk er «éin lyd – éin bokstav» eit viktig ortografisk prinsipp. Det er gjennomført nesten utan unntak. Forholdet mellom skriftbilde og uttale er også svært regelrett. I kvensk er det dialektvariasjon som også gjer seg gjeldande i stadnamn. Eit tema i normeringa er særskriving og samanskriving og bruk av bindestrek, som *Ala-Teno (Nedre Tana)*.

Aud-Kirsti Pedersen, Kartverket, tok opp problemet med skiftande rettskrivingsformer og normering av stadnamn og viste til rettskrivingsreforma for bokmål i 2005 og for nynorsk i 2012. Ein del ordformer som er mykje brukte i stadnamn, har gått ut av offisiell rettskriving, t.d. *bonn*, *kjerke* og *sæter*. Til dømes er *Kjerk(e-)* brukt i 636 namn i SSR. *Seter* og *sæter* er begge svært vanlege som for- og etterledd i stadnamn, og det gjeld både førekomstar med status vedtatt og status godkjent i SSR. Det kom ei lita utviding av rettskrivinga i 2005 med skrivemåten *tunell* i tillegg til *tunnel*. Ho lyfte fylgjande spørsmål fram til diskusjon: Korleis skal vi normere? Skal vi følge § 3 i forskrifta: «Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel rette seg etter gjeldande rettskriving»?

I sitt innlegg om regionale samleformer viste Botolv Helleland, stadnamntenesta, til § 3 i forskrift om skrivemåten av stadnamn: «Ved fastsetjing av skrivemåten skal det veljast ei tillaten form i den målforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det.» I kommentaren til lovteksta står denne setninga: «Namn med utdøydde eller uklare språkelement skal, så langt det er rimeleg, skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp.» Han kommenterte eit utval av regionale samleformer og peikte på at det var ein god del inkonsekvensar i bruken av dei. Døme på bøyingsformer: *vika*, *vike*, *viki*, men ikkje **viko*, **vikå*; *brekka*, ikkje **brekko* (unntak dativ), **brekkå*. Regionale samleformer, lydverket, vokalar: *brot* – *bråt* – *brøt*; *strand* – *strond* – *strønd*; *okse* – *ukse*; jammingsformer: *hagen* – *hagan* – *håg(g)ån*. Regionale samleformer, lydverket, konsonantar: *rn* > *nn*: *tjenn/tjønn*; ikkje *rn* > *dn*; *kv* > *gv*: *Gvasshaug*. Skiftande ordformer: *båe*, *både*, *bøe*, *boe*; *haug*, *høy*, *hog*, *håg*; *stua*, *stova*, *stogo*, *støgo*.

Det har vore arbeidd med å komme fram til regionale samleformer i stadnamnormeringa heile tida stadnamnlova har gjeldt, utan at ein har komme i mål. Slike samleformer skal gjelde for større område, og dei kan vere utanfor rettskrivinga, men ikkje nødvendigvis. Samleformer kan forenkle arbeidet.

Møtet vedtok å

- skaffe oversikt over alle tidlegare vedtak om regionale samleformer
- førebu ein prinsipiell gjennomgang på neste samrådsmøte med sikte på å finne løysingar

Koordinatoreren har ansvaret for prosessen.

Vi har i alle fall pedagogiske utfordringar med å forklare kvifor ei bestemt form er vald i eit konkret tilfelle – og særleg dersom det vekslar mykje i området. Ved normering av nye namn må ein sjå på bruken i området og normeringshistorikken for namna der. Vi må gjere merksam på kva som er innanfor regelverket, samtidig som vi tek omsyn til normeringspraksis. Vi ser det ikkje som aktuelt å uniformere namna i stor stil, utan at nokon t.d. ber om ein gjennomgang.

Når det gjeld valfridommen *tunnel/tunell* (vedteken 2005), har det vore korrespondanse mellom Kartverket og Språkrådet. Språkrådet kan ikkje sjølv prioritere mellom valfrie former. Vegvesenet har i første omgang gitt uttrykk for at etaten berre stør seg på tilrådinga frå Språkrådet; Kartverket har spurt tilbake om etaten har interne retningslinjer på linje med t.d. *veg/vei, bro/bru*. Dette siste har det ikkje komme svar på.

Dette var siste økta med fellesmøtet, og det vart vedtatt at neste år skal samrådsmøtet haldast på Sørlandet, venteleg i Kristiansand.

Marit Hovdenak
marit.hovdenak@sprakradet.no

Internmøte for stadnamntenesta og Språkrådet

Tema her var m.a. kompetansekrav for namnekonsulentar og namnesekretærar, opplæringsbehov, kontorsituasjon, forskningsbasert verksemd, tilgang til bibliotek/arkiv, forbetring av av nettsidene om stadnamn. Når det gjeld kompetansekrav, vart det peikt på at nedbygginga av stadnamnfaget ved universiteta gjer rekrutteringssituasjonen vanskeleg. Stadnamnkonsulentane bør ha relevant fagleg utdanning, ha gjort forskning på namn og ha relevant erfaring. Etterutdanning kan komme på tale. Konsulentane bør ha kontakt med universitet i sitt område. Det beste er om sekretær og konsulentar i ei teneste kan ha direkte kontakt.

Arbeidssituasjonen i stadnamntenesta har vore krevjande i periodar med særleg mange saker, som no med adressenamna og ved sekretærskifte. Andre store oppgåver er opprydding i SSR (m.a. fordi Kartverket har lagt inn materiale frå matrikkelen). Det vart stilt eit spørsmål om kor omfattande tilrådingane frå stadnamntenesta skal vere. Det vart hevda at stadnamntenesta har fleire arbeidsoppgåver enn det er ressursar til. Ved store arbeidsmengder går det an å be om å få utvida rammene for ein periode, og det er mogleg å be KUD om ekstra midlar til større oppdrag.

Seksjonssjef Daniel Ims i Språkrådet opplyste at seksjonen hans, seksjon for språkrøkt og språkrådgjeving, har eit fagleg ansvar for stadnamnfeltet. Det har m.a. omfatta høyringsfråsegna om stadnamnlova og tilskotsordninga for innsamling og registrering av stadnamn. Namnesekretærane sorterer under administrasjonsseksjonen i Språkrådet. Stadnamntenesta ligg

direkte under Kulturdepartementet fagleg sett og er såleis fagleg autonom i høve til Språkrådet. Ims meinte at informasjonsarbeidet om stadnamn kanskje bør samordnast betre mellom informasjonssjefen og stadnamntenesta.

Marit Hovdenak
marit.hovdenak@sprakradet.no

NY TILSKUDDSDORDNING FOR INNSAMLING OG REGISTRERING AV STEDSNAVN

I statsbudsjettet for 2014 blei det satt av 800 000 til å etablere ei fast tilskuddsordning til innsamling og registrering av stedsnavn. Tilskuddsordninga skal videreføres neste år, og i 2015 er det satt av ca. én million kroner til dette tiltaket. Det er Språkrådet som har fått i oppdrag å forvalte tilskuddsordninga.

Stedsnavn er viktige språklige kulturminner. Det språkhistoriske, kulturhistoriske og bosetningshistoriske aspektet ved disse navna kaster lys over tidlige tiders liv og virke. De fleste eldre stedsnavn er overlevert muntlig fra den ene generasjonen til den neste. Endringene i bosetningsstrukturen og overgangen til maskinelle driftsformer innenfor primærnæringene gjør at mange gamle stedsnavn går ut av bruk. Kulturarven som disse stedsnavna representerer, står i fare for å gå tapt når de siste som kjenner til og bruker navna etter hvert faller fra. Formålet med denne tilskuddsordninga er å bidra til å berge denne kulturarven ved å gi støtte til lokale aktører som vil samle inn stedsnavn.

Det innsamla navnematerialet skal legges inn i en nasjonal navnedatabase som er under utvikling. Innsamlerne kan ved hjelp av denne databasen plote stedsnavn inn på elektroniske kart og legge til annen relevant informasjon om navnet. De som registrerer og samler inn navn, skal også ha mulighet til å legge til lydfiler med den nedarva lokale uttalen av navnet, samt bilder av stedet. Det legges opp til at fagpersoner i ettertid skal kunne kvalitetssikre dataene knytta til et stedsnavn og legge til opplysninger, f.eks. om den språklige betydninga av navnet. Denne navnedatabasen skal kunne brukes både i vitenskapelig sammenheng og til å øke kunnskapen om stedsnavn som immaterielle kulturminner i befolkninga.

I år er midlene hovedsakelig brukt til å utvikle et digitalt innsamlings- og registreringsverktøy, samt til å intensivere arbeidet med registrering av kvenske stedsnavn. I oppdragsbrevet til Språkrådet datert 14. mars 2014 peker departementet på at det innsamla materialet skal være et grunnlagsmateriale som kan bidra til å øke kunnskapen om stedsnavn som immaterielle kulturminner. Det har vært et ønske fra fagmiljøet at databasen som

nå er under utvikling, kobles til allerede innsamla arkivmateriale, digitale navneinnsamlinger og aktuell litteratur. Vi tenker oss at den elektroniske infrastrukturen som nå blir utvikla, på sikt også kan fungere som et digitalt stedsnavnleksikon. Språkrådet tok derfor kontakt med rettighetshaverne til *Norsk stadnamnleksikon* (NSL) med tanke på å legge inn artikler, navneoppslag og navneledd fra NSL i den nye databasen. Fjerde og siste utgave av leksikonet kom i 1997. Det er modent for både oppdatering og korrigering, men Samlaget har ikke egne midler til en revisjon. I samråd med både rettighetshavere og forlaget blei de resterende midlene på årets budsjett satt av til en digital revisjon av *Norsk stadnamnleksikon*. Berit Sandnes har fått hovedansvaret for denne revisjonen og er allerede i gang med arbeidet.

Den vitenskapelige stedsnavngranskinga i høyere utdanning er under stort press, og gjennomsnittsalderen på norske navnegranskere er høy. Språkrådet frykter at mye kunnskap om stedsnavn og stedsnavnbruk vil gå tapt om få år. Vi håper derfor at dette innsamlingsprosjektet skal bli et nasjonalt dugnadsprosjekt. Det vil bli et idémyldringsmøte om tilskuddsordninga 27. februar 2015. Målet med dette møtet er at fagmiljøet og representanter fra blant annet Kartverket og Norsk lokalhistorisk institutt kan komme sammen og drøfte retningslinjer for innsamlingsarbeidet, manual for digital innsamling av stedsnavn, revisjon, eventuelt innlegginga av nye artikler i NSL. Det er også aktuelt å diskutere ei eventuell ressurside om stedsnavn knytta til Språkrådets nettsider.

Ingvil Nordland
ingvil.nordland@sprakradet.no

NORMERING OG BRUK AV NAMN

STEDSNAVN I KLEMME

Etter gjeldende lov om stadnamn (stedsnavnloven) er det Statens kartverk som fastsetter skrivemåten av de fleste gamle stedsnavn – også gårds- og bruksnavn. Kulturdepartementet har nå foreslått å endre stedsnavnloven slik at grunneieren får bestemme i saker som gjelder skrivemåten av bruksnavn, det vil si navn på den enkelte enhet under en gård (matrikkelgård). Saken ble sendt ut på høring før sommeren med høringsfrist 2. september. I høringsnotatet fremhever Kulturdepartementet at stedsnavnene er felleseie som samfunnet skal forvalte. Departementet understreker også at formålet med stedsnavnloven er å gi stedsnavnene vern, og at virkemiddelet for vern er å fastsette en skrivemåte som bygger på en språkvitenskapelig og navnefaglig vurdering. Dette synes uforenelig med at grunneierne skal bestemme over en så stor og helt sentral del av det norske navneverket.

Stedsnavn som kulturminner

I den daglige kommunikasjonen er stedsnavnene uunnværlige. Vi bruker stedsnavn for å forklare hvor vi er fra, bor og jobber, hvor vi har vært og hvor vi skal. Stedsnavnene er likevel mer enn bare adresser i landskapet. Stedsnavnene bærer med seg følelser og assosiasjoner som den enkelte har til det aktuelle stedet. Svært mange nordmenn har dessuten et stedsnavn som etternavn. Ofte er det også sterke følelser knyttet til én bestemt skrivemåte av navnet, særlig når det samtidig fungerer som slektsnavn. Stedsnavnene er også viktige språklige kulturminner. Det språkhistoriske, kulturhistoriske og bosetningshistoriske aspektet ved navnene kaster lys over tidligere tiders liv og virke. I århundrer har stedsnavnene hovedsakelig eksistert som muntlige beskrivelser, overlevert fra generasjon til generasjon. De fleste eldre stedsnavn har ikke blitt til ved bevisst «navnedåp» og kan ikke knyttes til en bestemt opphavsperson.

Det er vanlig å dele norske stedsnavn i to hovedgrupper: naturnavn og kulturnavn. Naturnavn er navn på naturformasjoner som f.eks. *Galdhøpiggen* og *Mjøsa*, mens kulturnavn er navn som vitner om menneskelig aktivitet. Den største og viktigste undergruppen av kulturnavn er gårds- og bruksnavnene. De rundt 50 000 gårdsnavnene sammen med de om lag en halv million bruksnavnene i landet er blitt beskrevet som en norsk landnåmabok, en detaljert beskrivelse av bosetning og livsvilkår i to tusen år. Hvert enkelt navn forteller en historie om stedet på navngivningstidspunktet og er små kikkhull inn i fortiden.

Stedsnavnloven

Hovedregelen i stedsnavnloven er at skrivemåten av navnet skal fastsettes med utgangspunkt i den nedarvede lokale uttalen, men tilpasses norsk rettskrivning. Det skal også legges vekt på navnets ordhistoriske opprinnelse og skriftradisjonen i offentlig sammenheng. I saker som gjelder bruksnavn, skal det legges særskilt vekt på eiers ønske om skrivemåte.

Svært mange som bor på og driver gårdsbruk i dag, har etternavn som er utledet av bruksnavnet. Mange grunneiere ønsker derfor at bruksnavnet skal skrives på samme måte som slektsnavnet. Valg av etternavn er imidlertid regulert i lov om personnavn, og vedtak om skrivemåten av bruksnavnet etter stedsnavnloven påvirker derfor ikke skrivemåten av etternavnet.

Kråkvål eller *Krogvold*

La oss si at det er uenighet om et gårdsnavn i Gjerdrum kommune i Akershus skal skrives *Kråkvål* eller *Krogvold*. Språklig har den første delen av navnet sammenheng med fuglenavnet *kråke*. Den siste delen av navnet er ordet *vål* (norrønt **váll*), som i dag bare er kjent gjennom stedsnavn. Navn på *-vål* har trolig vært brukt om steder som er ryddet ved å felle skogen og brenne kvister og røtter i store hauger. Disse navnene finnes hovedsakelig

på Østlandet, og den nedarvede uttalen av dette navneleddet her er *vål* med lang *å* og tykk *l*. Navnet ble tidlig skriftfestet og er blant annet skrevet *Krakevål* i biskop Eysteins jordebok fra ca. 1400. I kilder fra 16- og 1700-tallet finner vi skrivemåter som *Krogwold*, *Kroguold*, *Krogevold* og *Krogvold*. Her har skriverne, som hadde liten kjennskap til uttalen, misoppfattet navnet, og tolket det som en sammensetning av *krok* og *voll* ‘gresslette’. Utover på 1800-tallet begynte en gradvis fornsking av stedsnavnene for blant annet å rydde opp i en del forvanskede skrivemåter. I skattematrikelen fra 1886 er navnet skrevet *Kraakvaal*, mens *Kråkvål* er den skrivemåten som har vært brukt på offentlige kart i tiden etter at *aa* ble erstattet med *å* i rettskrivningen i 1917. *Kråkvål* er den skrivemåten som er mest i samsvar med reglene i stedsnavnloven, og den skrivemåten som fra et navnefaglig og språkvitenskapelig ståsted er mest korrekt.

Den foreslåtte lovendringen vil i mange tilfeller føre til at to eller flere skrivemåter av samme navn får offisiell status. Mens gårdsnavnet, altså navnet på det området som en gang omfattet hele matrikelgården, skrives *Kråkvål*, kan de enkelte underbrukene, hvis eierne ønsker det, etter lovendringene få andre skrivemåter som f.eks. *Krogvold* eller *Krogwold*. Skrivemåten *Kråkvål* skal likevel brukes når dette stedsnavnet inngår i andre sammensetninger, som f.eks. *Kråkvålsvegen*, *Kråkvålsåsen* og *Kråkvål barnehage*. Dette vil skape stor forvirring om hva som er rett skrivemåte av navnet i de ulike funksjonene, blant annet i forbindelse med adressering, skilting og kartfesting.

Hva er mest verneverdig?

De fleste stedsnavnene, også gårds- og bruksnavnene, er overlevert i muntlig form fra generasjon til generasjon. Dermed blir den nedarvede lokale uttalen den språkformen som har størst verdi som kulturminne – i praksis den skrivemåten som ligger nærmest uttalen. Det er viktig å få frem at navnet på et gårdsbruk oftest står i en langt eldre tradisjon enn den tradisjonen skrivemåten av et slektsnavn representerer. Vi frykter at den foreslåtte lovendringen vil bidra til å undergrave bruksnavnene som felles språklige kulturminner og gi signaler om at disse navnene er individets og slektens eiendom.

Ingvil Nordland
ingvil.nordland@sprakradet.no
Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

*Denne artikkelen har stått som kronikk i Aftenposten 1. september 2014.
Ingvil Nordland er sekretær og Botolv Helleland namnekonsulent
i stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka.*

HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ STADNAMNTENESTA FOR AUSTLANDET OG AGDERFYLKA OM FRAMLEGG TIL ENDRING AV LOV OM STADNAMN

Stadnamntenesta viser til høyringsbrev frå Kulturdepartementet 3. juni 2014 om endringar i lov om stadnamn (ref. 14/2528), med frist for innsending av fråsegner 2. september 2014.

Vidar Haslum, Universitetet i Agder, vart oppnemnd som stadnamnkonsulent frå 1. august 2014, og det har ikkje vore høve til å drøfta saka samla i denne stadnamntenesta. Haslum har skrive ei særfråsegn som er vedlagd nedanfor.

1 Generelle synspunkt

Den 3. juni 2014 sende Kulturdepartementet ut eit høyringsnotat med framlegg til endringar i lov om stadnamn. Framlegga fylgjer opp Innst. S. nr. 124 (2008–2009) frå familie- og kulturkomitéen med bakgrunn i eit representantforslag frå stortingsrepresentantane Ole Mic Thommesen og Øyind Halleraker (båe Høgre). Dei ynskte ei endring i stadnamnlova som sikrar grunneigaren eller festaren avgjerdsrett i saker som gjeld fastsetjing av offentleg skrivemåte av namnet på eigen eigedom. I komitéinnstillinga heiter det mellom anna at «grunneieres synspunkt i saken bør tillegges særskilt vekt» og at «endring av bruksnavn ikke kan skje uten grunneiers samtykke». Dette har Stortinget gjeve sin tilslutnad til og såleis vore retningsgjevande for departementet.

Eit høyringsframlegg om same saka gjekk ut under den førre regjeringa i 2012. Dei faglege instansane som Kartverket og Språkrådet saman med stadnamntenesta hadde då sterke innvendingar mot at grunneigarane skulle ha det avgjerande ordet når det galdt skrivemåten av bruksnavn av di det ville bryta med hevdvunne normeringsprinsipp og føra til ustø namnebruk på kart, skilt osv. Det vart òg understreka at ei fristilling av bruksnamna ville redusera verdien av stadnamn som kulturhistoriske minne. Vår primære innstilling er å avvise framlegget om eigarbasert fastsetjing av skrivemåten av bruksnavn.

Dei same innvendingane gjeld framleis. Men sidan Stortinget har lagt føringar som departementet må halda seg til, tek denne fråsegna utgangspunkt i det framlagde høyringsnotatet og dei føreslåtte lovendringane. Departementet er klar over at ei «fristilling» av bruksnamna kan svekkja dei som kulturminne og dermed som del av den felles kulturarven. Dette freistar departementet å bøta på ved å styrkja normeringa og bruken av andre stadnamn enn bruksnavn, medrekna gardsnamna som er overordna bruksnamna. I notatet vert det framheva at stadnamna er ei felleseige som samfunnet skal forvalta: «Formålet med lovendringa har vore å erkjenne og tydeleggjere, men samstundes avgrense grunneigarinteressene mot sam-

funnsinteressene» (s. 11). Når ein ser bort frå bruksnamna, målber såleis høyringsnotatet og dei føreslåtte lovendingane til dels ei styrking av stadnamn som kulturminne, jf. s. 12 i notatet: «For andre stadnamn enn bruksnamna meiner departementet at fundamentet for vern er styrkt. Framlegget til endring av formålsteksten er ei direkte legitimering av offisiell normering som vernetiltak» (s. 12).

Framlegget til lovending vil likevel få store praktiske konsekvensar ved at ulike skrivemåtar av same namnet i langt større grad enn i dag vil konkurrera om plassen. Utfordringa vert å sjå til at dei offentleg vedtekne skrivemåtane av gardsnamn og namn med gardsnamn i førelekken (relasjonsnamn) vert nytta på kart, i rutetabellar, på skilt osv. Ein må rekna med at mange grunneigarar ynskjer å profilera eigen skrivemåte i lokal bruk. Departementet reknar ikkje med auka kostnader som fylgje av lovrevisjonen, men dersom intensjonen om sterkare namnevern skal fylgjast opp, trengst det auka ressursar, både i Kartverket, stadnamntenestene og kommunane.

2 Føremålsparagrafen – stadnamn som kulturminne

I høyringsnotatet vert det fleire stader argumentert for at stadnamna er verneverdige kulturminne. Dette er eit viktig utgangspunkt, men bør definerast klarare. I paragraf 1 «Formål og verkeområde» lyder fyrste setninga:

Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og *som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet*, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.

Den kursiverte delen er ny. Det kan sjå ut som at departementet nyttar dette tillegget som eit avgjerande argument for kulturminnefunksjonen til stadnamn. I samandraget vert dette presisert med at det er «*meiningsinnhaldet* i stadnamna som er bindeleddet mellom fortid og notid, og som gjer denne delen av kulturarven tilgjengeleg for oss» (s. 3). «Det er den språklege tydinga av namnet som fyrst og fremst har kulturminneverdi. Skrivemåten er eit verkemiddel som blant anna skal få fram kva namnet betyr» (s. 12). Departementet ynskjer at dette synet skal kommuniserast overfor grunneigarane, nemleg at «det ikkje er relasjonen mellom grunneigaren og bruksnamnet som har verneverdi, men *det innhaldet namnet formidlar*». Dette er ein god tanke, men om grunneigaren lét seg overtyda, er uvisst; han vil oftast føretrekkja den skrivemåten han er van med, særleg når gardsnamnet/bruksnamnet ligg til grunn for etternamnet hans. Det vert altså ei pedagogisk utfordring å få grunneigaren til å «ta til fornuft» om lovendinga vert vedteken.

Ein kan vera samd i at *meiningsinnhaldet* – eller meir presist den *ordhistoriske tydinga* – til eit stadnamn er viktig ut frå kulturvernomsynet. Men dette er ei for trong avgrensing av kva eit nedervd stadnamn er. Når ein ser på stadnamn som *kulturminne*, er det viktig å ha den antikvariske

dimensjonen klart for seg. Det er tale om stadbundne språklege uttrykk traderte frå ei opphavsform skapt ved namngjevingstidspunktet, ofte mange hundreår attende i tida, og vidareførd i det lokale språket. Dei fleste stadnamna, også gardsnamna, er overleverte i munnleg form frå generasjon til generasjon. Dermed vert den nedervde uttalen den språkforma som har størst verdi som kulturminne – i praksis den skriftforma som ligg nærast uttalen. I dag vert den nedervde uttalen gradvis erstatta av skriftformene, og ut frå det antikvariske synspunktet er det viktig at skriftforma byggjer på den nedervde munnlege tradisjonen. Overfor grunneigaren vert det då viktig å målbera at namnet oftast står i ein langt eldre språkleg tradisjon enn det noverande slekter representerer.

Frå ei slik tilnærming vert det vesentleg å framheva at kvart eit stadnamn er eit historisk minnesmerke, eit språkleg monument over staden. Dei er kikkhol inn i fortida. Det er altså ikkje primært meiningsinnhaldet i stadnamna som har verneverdi, men dei overleverte språklege uttrykka knytte til dei einskilde stadene. Innhaldet eller tydinga av desse språkminna kjem ein fram til gjennom namnestudiet. Ved å tolka dei språklege uttrykka får ein tak i trådar av tidlegare generasjonars levevilkår og tenkjemåte. Samla er stadnamna i eit område å sjå på som ei landnåmabok, ei detaljert soge over menneskeleg verksemd tufta på naturgjevne omstende. Her ligg òg grunngevinga for namnevern: nemleg eigenskapen som historiske og stadbundne språkmonument.

3 Fristilling av bruksnamna

Som nemnt fylgjer høyringsnotatet opp stortingsvedtaket om å la grunneigaren ha avgjerande innverknad på skrivemåten av bruksnamna. Dermed må departementet til dels grunnge verneverdien av bruksnamn på ein annan måte enn stadnamna elles. Enklast kan denne delinga definerast som ein unntaksregel: Bruksnamna gjeld private objekt, og det har vore hevda at den private råderetten òg skal gjelda namna på dei private objekta.

Dette synspunktet er ikkje nytt. Sidan slutten av 1800-talet og særleg i samband med rettssakene omkring 1960 har det vore vore argumentert for at bruksnamn høyrer til privatsfæren. Synspunktet har altså no fått tilslutnad i Stortinget. Det gjer det ikkje prinsipielt rettare, og frå fagleg hald har det heile tida vore argumentert for at alle nedervde stadnamn, også i funksjon av bruksnamn, er ein del av den felles kulturarven, og at det er kunstig å skilja mellom gardsnamn og bruksnamn. Ofte er dei samfallande. Det er positivt at høyringsnotatet aksepterer dette synet, men det leitar etter forklaringsmodellar for endringsframlegget. Såleis heiter det at føremålet med lovendinga har vore «å erkjenne og tydeleggjere, men samstundes avgrense grunneigarinteressene mot samfunnsinteressene» (s. 11).

Høyringsnotatet strekar under fleire stader gardsnamn (namn på matrikelgardar/hovudbøle) som overordna einingar, og at dei skal ha offentleg

normerte skrivemåtar. Det gjeld òg når dei går inn som delar av andre namn som adressenamn/vegnamn. Vidare drøfter notatet problemet ved gardsnamn i funksjon som bruksnamn, men tek ikkje høgd for korleis denne diskrepansen skal løysast praktisk. På kart i små og mellomstore målestokkar vil rett nok berre gardsnamna kunna førast opp, men på kart i store målestokkar som Økonomisk kartverk kan det vera aktuelt å ta med dei eigarfastsette bruksnamna. Kartverket kan som kartprodusent velja å sjå bort frå eigarfastsette skrivemåtar, men private og kanskje kommuneleg utgjevarar kan velja å nytta slike skrivemåtar.

1. Det aktuelle navnet må være klart og entydig definert. Det kan ikke tolereres forvekslinger og/eller sammenblandinger med andre navn.
2. En primær oppgave må alltid være å framskaffe nøyaktig informasjon om lokal, nedarvet uttale (jf. lov om stadnamn).

Litteratur

- Buestad, Sigmund. 1952. *Vokalismen i Tveit-målet*. Utrykt hovedoppgave, Universitetet i Oslo.
- Foss, Beint (red.). 2013. Saken om skrivemåten Tofdalen/Tofdalselva/Tofdalsfjorden. *Tveit historielag. Årsskrift 2013*, s. 19–41.
- Haslum, Vidar. 1996. *Stadnamn i Birkenes kyrkjesokn*. Utrykt hovedoppgave, Universitetet i Bergen.
- Hauge, Torjus. 2013. Hva skal elva hete? *BirkenesAvisa* 3. april 2013, s. 2.
- Hauso, Oddmund. 1957. «Tveit». I: *Norges bebyggelse*. V.-Agder, ø. del. Oslo.
- Indrebø, Gustav. 1976. *Kva er målreising?* Ei artikkelsamling ved Jarle Bondevik og Oddvar Nes. Bergen.
- Jahr, Ernst Håkon, Sylfest Lomheim og Vidar Haslum. 2014. Saken «Topdal» – «Tofdal». *Fædrelandsvennen* 21. februar 2014, s. 34.
- Mollatt, Per. 1992. *Navn i Lillesand*. Lillesand.
- Nesbu, Eirik, 1956. «Herefoss». I: *Norges bebyggelse*. A-Agder, v. del. Oslo.
- NG = Oluf Rygh. *Norske Gaardnavne*. Bd. VIII og IX. 1905 og 1912. Kristiania.
- NSL = *Norsk stadnamnleksikon*. Red. Jørn Sandnes og Ola Stemshaug. 4. utg. Oslo 1997.
- Olsbu, Erlend. 2014. Tofdølene er sikre på seier. *Fædrelandsvennen* 14. mars 2014, s. 3.
- Ottosen, Reidun. 1995. Stedsnavn i Tveit. *Tveit historielag. Årsskrift 1995*, s. 38–46.
- Rudjord, Kåre. 1974. *Oddernes bygdebok*. Kristiansand.
- Sødal, Terje. 2002. *Historiske kilder fra Oddernes*. (HiA Skriftserien 86.) Kristiansand.



Kartskisse av Tveit kirkesokn som har en noe særegen bosettingsgeografisk struktur. Kirkesoknet er delt på midten av et område som er fullstendig ubeboet og som ikke har noe særskilt navn (skravert på kartet). Bosettingen i vest ble på folkemunne kalt *Krogane*, et navn som er uttrykk for periferien (jf. Hauso 1957, s. 642). Bosettingen i øst ble kalt *Tofdal* (lokal uttale er ubestemt form). Etter at Tveit herred på 1960-tallet ble innlemmet i storkommunen Kristiansand, gikk de gamle bygdedelsnavnene *Tofdal* og *Krogane* mer eller mindre ut av bruk, selv om navnet *Tofdal* ennå er noe brukt lokalt.

Etterord

Etter at dette ble skrevet, er det foretatt en nærmere undersøkelse om uttalen av navnet *Tofdalsfjorden/Topdalsfjorden*, som må regnes som det viktigste blant historisk relaterte navn. *Tofdalsfjorden* er et gammelt og nedarvet navn (i motsetning til «Topdalsveien»), det er kjent og brukt av mange (i motsetning til *Tofdalsstø*), og det er et navn som forekommer på offentlige kart (i motsetning til primærnavnet *Tofdal*).

Initiativet for å bytte ut skrivemåten «Topdal» med «Tofdal» kom fra Tveit historielag i Tveit sokn, der striden har stått. Men mindre enn 20 prosent av Tofdalsfjorden ligger i Tveit sokn. Det meste, vel 80 prosent, ligger i nabosoknene Randesund og Oddernes. Derfor mente stedsnavntjenesten, da navnesaken kom opp, at det ville være av stor interesse å få

innhentet opplysninger om hvor levende den nedarvete *f*-uttalen er i resten av fjordområdet. Gjennom medlemmer i de lokale historielagene i Tveit, Randesund og på Flekkerøya i Oddernes bad vi derfor personer i lokalmiljøet om å oppgi skriftlig til oss (med fullt navn, alder og oppvekststed) hvilken uttale de selv bruker: *Tofdalsfjorden* eller *Topdalsfjorden*. Resultatet viser entydig at formen *Tofdalsfjorden* er den normale i alle disse gamle bosetningsområdene. Uttalen med *f* er bevitnet av 60 lokale informanter. For eksempel skriver en informant på Flekkerøya: «*Jeg sier Tofdalselva og Tofdalsfjorden. Alle her på Flekkerøya sier Tofdalsfjorden. Brødre av far som har bodd her ute all sin tid sa Tofdalsfjorden. Jeg har aldri hørt noen her på øya si Topdalselva eller Topdalsfjorden. Det skal være med f.*» En uttalelse undertegnet av 19 informanter i Randesund (fra gardene Drange, Salbustad, Vatne, Eftevåg og Ådnevik) lyder slik: «*Jeg har alltid brukt uttalen med f, og det var den vanlige uttalen i mitt miljø i oppveksten.*» En annen uttalelse fra Randesund undertegnet av 6 informanter (fra Søm, Torsvik, Knarrevik og Drange) opplyser det samme. Undersøkelsen viser at den nedarvete uttalen med *f* fremdeles er den normale bygdeuttale i det meste av fjordområdet. Dessuten viser undersøkelsen at nedarvet uttale er mye brukt av folk i sentrale strøk av Kristiansand. I områdene utenfor Tveit sokn har man ikke vært belastet med et uttalestridig skrevet adressenavn «Topdalsveien», som i mange situasjoner nærmest tvinger lokalbefolkningen til å gi avkall på sin nedarvete uttale til fordel for en skriftuttale fra dansketida. Det burde mane til ettertanke for noen og enhver.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uia.no

KVA SKAL ME MED STADNAMNLOVA?

Ja, det er grunn til å spørja seg om nett det etter vedtaket i Klagenemnda for stadnamnsaker i namnesaka «Tofdal» – «Topdal» – «Tovdal» 14. mars 2014. Etter at Statens kartverk gjorde vedtak om skrivemåtene «Tovdalen»/«Tofdalen», «Tovdalselva»/«Tofdalselva», «Tofdalsfjorden» og «Tovdalsstø» i fjor, fekk ein fjesbokhop medhald i Klagenemnda for formene «Topdal» trass i at den nedervde uttala er med *f* og ikkje med *p*. Klagenemnda gjekk òg inn for å jamstille «Topdalen» med «Tovdalen» osb. Nett i dette dømet skulle den nedervde uttala vori tillagd størst vekt ettersom ordhistoria til namnet ikkje er kjend eller i beste fall svært usikker. Her kan ein jamføre med § 4 i lov om stadnamn der det heiter «skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde

lokale uttalen». Slik saka no ligg føre, ser det ikkje ut til at Klagenemnda har teki omsyn til nedervd uttale i det heile.

Ein viktig grunn til at lov om stadnamn tok til å gjelde i 1991, var vernet av nedervd uttale. Stadnamn er i motsetnad til til dømes gravhaugar immaterielle kultuminne som treng eit særskilt vern. Etter mitt syn treng ikkje skriftformer noko særskilt vern. Deira vern ligg i det at dei er nedskrivne.

Etter § 7 i lova kan ei sak takast opp att dersom det kjem til nye opplysningar. § 13 i forskrifta seier at det òg gjeld saker som har vori oppe i Klagenemnda, og at det er vedtaksorganet (her Kartverket) som avgjer om ei sak skal takast opp att. I kommentarane til § 7 i lova les vi at «For at opplysningane skal bli vurderte som nye, er det tilstrekkeleg at dei ikkje har vore med i den førre vurderinga av korleis stadnamnet skal skrivast».

Av di det ser ut til at Klagenemnda ikkje har teki omsyn til nedervd uttale, vil eg oppmode stadnamnrådsgjevaren om å be Kartverket gjenopne namnesaka ettersom svært grunnleggjande saksopplysningar ikkje ser ut til å vera tekne opp i denne saka.

Frode Myrheim,
leiar i Norsk namnelag
frodmyr@gmail.com

NAVNESAK 2/2012 – TOVDAL/TOPDAL I BIRKENES OG KRISTIANSAND KOMMUNER – GJENOPPTAKELSE

Innledning

Denne saken var innom stedsnavntjenesten for Østlandet og Agder for uttalelse i 2012. Vår tilråding den gang var at det fantes gode argumenter for alle de tre foreslåtte skrivemåtene (*Tofdal-*, *Topdal-* og *Tovdal-*), og vi åpnet for bruk av alle tre. Kartverket gjorde deretter vedtak om bare to av skrivemåtene, *Tovdal-* og *Tofdal-*. Dette vedtaket ble påklaget av «Gruppen, Vi som vil bevare navnet Topdal på elva og fjorden», med ønske om skrivemåten *Topdal-*. Saken ble sendt til stedsnavntjenesten for ny vurdering, og vår konklusjon ble at vi stod ved vår forrige tilråding om å åpne for alle tre skrivemåtene. Kartverket stod ved sitt vedtak om *Tovdal/Tofdal-*, og saken ble sendt til Klagenemnda for stedsnavnsaker. Klagenemnda vedtok skrivemåtene *Tovdal-* og *Topdal-*. Klagenemndas vedtak er endelig, men navnesaker kan gjenopptas dersom det kommer til nye opplysninger. Med bakgrunn i dette har Tveit historielag bedt Kartverket ta saken opp på nytt.

Diskusjon

Tveit historielag viser til to forhold for å begrunne gjenopptakelse av saken: (1) Manglende dokumentasjon for den nedarvede uttalen, og (2) at selve hovednavnet har bakgrunn i to forskjellige navneobjekter.

Etter at saken ble behandlet sist, har det kommet inn nye momenter som klart taler for at en gjenopptakelse av saken må være det riktige (se blant annet Vidar Haslums vedlagte artikkel «Tovdalsvassdragets navn» og vedlagt høringsdokument «Uttalen av navnet Topdalsfjorden/Tofdalsfjorden»). Her er det mye som i første runde har gått galt, og som må skyldes alvorlige misforståelser. Det kan best illustreres ved følgende sitat fra Klagenemnda, klagesak 10/2013: «Dette er en vanskelig sak, ettersom det her er snakk om ett navn som blir uttalt på tre forskjellige måter.» Dette utsagnet kan vanskelig tolkes annerledes enn at Klagenemndas medlemmer har behandlet saken i den tro at *Tovdal/Topdal/Tofdal* er dialektale varianter av ett og samme navn (som skulle være navn på den vel 100 km lange strekningen langs det såkalte Tovdalsvassdraget, gjennom kommunene Åmli, Froland, Birkenes og Kristiansand). En slik misoppfatning har vidtrekkelige og gjennomgripende konsekvenser for forståelsen av vitale sider ved sakens realiteter, slik som identifiseringen av aktuelle navn, navnerelasjoner, referanser og ikke minst dokumentasjon av lokal uttale.

Her trengs en real opprydding. Mye tyder på at kommunikasjonen helt fra begynnelsen av, lenge før saken havnet i Klagenemnda, ikke har vært god nok.

Saken er nemlig den at:

- *Tovdal* er ikke navn på noe dalføre (her har SSR orden på sakene!).
- *Tofdal* er ikke navn på noe dalføre (her er det heller ikke noe galt ved SSR).
- *Tovdal*, *Topdal* og *Tofdal* er *ikke* dialektale varianter av ett navn.
- *Tovdal* og *Tofdal* er to forskjellige navn med separate referanser, men som dessverre er blandet sammen i saksbehandlingen (men ikke i SSR!).
- *Topdal/Tofdal* er et navn/en referanse som ikke finnes på noen offentlige kart.
- *Topdalsfjorden/Tofdalsfjorden* er *ikke* sekundærnavn til *Tovdal*.
- Å avgjøre hva som er lokal nedarvet uttale til de aktuelle navnene, må faglig sett anses som enkelt. Her er det ikke snakk om noen dialektal variasjon, kun et ordinært tilbakevendende fenomen i navnesaker: en lokal nedarvet uttale som ennå er fullt levende, men som i de siste tiårene har møtt konkurranse fra en nyere skriftuttale på grunn av veiskilting, den siste fortrinnsvis brukt i miljøer med mye tilflytting. I slike saker, der vi får inn motstridende opplysninger om uttalen, er det av største viktighet å få best mulig klarhet i de faktiske uttalene, men

det er et spørsmål som Klagenemnda ikke har gått nøyere inn på å utrede.

Først navnet *Tovdal*. Det er navn på et sokn/bygdelag i Åmli kommune i Aust-Agder. Til dels er navnet også brukt om dalstrekningen der bebyggelsen ligger, men selve dalføret som dalstrekningen *Tovdal* er en del av, har ikke noe særskilt navn. Øvre del av dalføret kalles *Årdalen*, mens den bebygde delen kalles *Tovdal*. Begge deler er korrekt plassert i SSR.

Det er viktig å merke seg at referansen til *Tovdal* helt og holdent ligger innenfor Åmli kommune. Vi taler ikke om «*Tovdal* i Mykland» (heller ikke i Herefoss eller Birkenes) (se Vidar Haslums vedlagte artikkel). Vassdraget gjennom *Tovdal* og videre har tradisjonelt hatt noe ulike navn: *Tovdalsåna* gjennom *Tovdal* og lenger nede, *Storelva* (i eldre tid *Storåna*) gjennom Birkenes og *Tofdalselva* nederst i Tveit, der det finnes et gammelt bygde-*navn Tofdal* (ikke navnsatt på offentlige kart). I seinere tid er *Tovdalselva* brukt som navn på vassdraget som helhet (*Storelva* har aldri vært brukt på kart). «*Tovdalselva*» er i dag et innarbeidet navn, som brukes på offentlige kart, i SSR, i kommunal og statlig forvaltning og ellers.

Stedsnavntjenesten vil ikke tilrå noen endringer for navnene «*Tovdal/Tovdalselva*». Noe en kunne ha tenkt, var å bruke «*Tofdalselva*» som navn på de nederste 8 km av vassdraget, slik Tveit historielag har foreslått. Det vil være i tråd med lokal navneskikk og med vanlige normeringshensyn. Men likheten til «*Tovdalselva*» gjør at en slik navneform på kart lett vil kunne forvirre. Av praktiske grunner vil vi derfor tilrå at skrivemåten «*Tovdalselva*» opprettholdes som navn på vassdraget som helhet.

Med en slik forståelse av saken vil de gjenværende spørsmål kunne innnevres til én eneste kommune, Kristiansand. Det spørsmålet som framstår som det mest sentrale og grunnleggende her, må nødvendigvis gjelde navnet/skrivemåten «*Topdalsfjorden/Tofdalsfjorden*». Det er et gammelt, nedarvet, svært viktig og allment kjent navn på en fjord i Kristiansand kommune rett øst for sentrum. Arealet på fjorden er ca. 10 kvadratkilometer. Skrivemåten er «*Topdalsfjorden*» i SSR, og denne er også den mest brukte i eldre dokumenter og på kart (mer om dette seinere). «*Topdalsfjorden/Tofdalsfjorden*» er *ikke* sekundærnavn til *Tovdal*, men til et gammelt bygdenavn i Tveit, *Tofdal*. Dette er imidlertid et uoffisielt navn. *Tofdal* (eller «*Topdal*») forekommer ikke på noen offentlige kart.

Navnet *Tofdal* er i dag mye mindre brukt enn sekundærnavnet *Tofdalsfjorden*. Ingen av disse navnene er å finne i O. Ryghs *Norske Gaardnavne* (NG), men derimot et annet sekundærnavn *Tofdalsstø* i Oddernes («*Topdalstø*» hos Rygh, NG IX, s. 15). Disse navnene har tradisjonelt helst vært skrevet med *p* (akkurat som *Tovdal* i Åmli tidligere), likedan et adresse-*navn* i Tveit fra seinere tid, «*Topdalsveien*». Men nå har altså Tveit histo-

rielag tatt skritt for å fase ut *p*-en og erstatte den med *f*, i samsvar med lokal nedarvet uttale, altså «Tofdalsfjorden» og «Tofdalsveien».

Når det gjelder spørsmålet om uttale, kan det sikkert fastslås at det er *f*-uttalen, og bare den, som er den nedarvete i alle områder langs Tofdalsfjorden. Det må fra faglig hold anses som et ugjendrivelig faktum (selv om det finnes Facebook-skribenter som påstår noe annet). Sikkert er det også at *p*-uttalen var så godt som ikke-eksisterende i Tveit før 1960-tallet. I seinere år har *p*-uttalen blitt den vanlige i miljøer dominert av tilflyttere, der eksponeringen for skriftformer har vært stor. En lokal informant i Tveit, Ragnhild Søbye, skriver at hun «mener uttalen ‘Topdalsfjorden’ etc. kom etter at veien fra Timenes og opp til fylkesgrensa fikk navnet *Topdalsveien*. Det ble da satt opp masse skilt med denne skrivemåten, og vi måtte oppgi adressen vår med denne uttalen. Jeg er nå bosatt i Topdalsveien 133» (se vedlagt dokument: «Uttalen av navnet Topdalsfjorden/Tofdalsfjorden», s. 5).

Navnesaken har ført til en bygdestrid i Tveit – mellom de som ønsker skrivemåten med *p* og de som ønsker *f*. Lokalt er det likevel ingen tvil om at initiativet fra Tveit historielag har solid støtte, som det også har på faglig hold fra professorene Ernst Håkon Jahr og Sylfest Lomheim ved Universitetet i Agder. Historielaget har oppfordret bygdefolk til å venne barn og barnebarn til å bruke uttalen med *f*, og mange følger oppfordringen. Også atskillige folk i bygda som har vært vant til *p*-uttalen, har signalisert at de heretter vil bruke *f*-uttalen. Den nedarvete uttalen med *f* har altså fått en viss revitalisering.

Tofdalsfjorden ligger i sin helhet innenfor Kristiansand kommune, men mindre enn 20 prosent av den ligger i Tveit sokn. Det meste, vel 80 prosent, ligger i nabosoknene Randesund og Oddernes. Derfor mener vi i stedsnavntjenesten at det er av stor interesse å få innhentet opplysninger om hvor levende den nedarvete *f*-uttalen er i resten av fjordområdet. I de tradisjonelle fiskermiljøene i Randesund og på Flekkerøya i Oddernes har Tofdalsfjorden gjennom tidene vært et særdeles viktig og allment kjent navn. Gjennom de lokale historielagene i Tveit, Randesund og på Flekkerøya i Oddernes har vi bedt personer i lokalmiljøet om å oppgi skriftlig til oss (med fullt navn og adresse) hvilken uttale de selv bruker: *Tofdalsfjorden* eller *Topdalsfjorden*. I disse ytre bygdene ved fjorden har man ikke i samme grad vært eksponert for skriftformer. Resultatet viser entydig at formen *Tofdalsfjorden* er den normale i alle disse gamle bosetningsområdene (se vedlagt dokument: «Uttalen av navnet Topdalsfjorden/Tofdalsfjorden»). Uttalen med *f* er i det vedlagte dokumentet skriftlig bevitnet av over seksti lokale informanter. Til og med i det mest urbane Kristiansand virker det som om *f*-uttalen er ganske mye brukt.

I dokumentet fra Klagenemnda er det referert til Inge Særheim, som mener at uttalen med *p* kunne være en gammel uttale, med beleggene for *Tovdal* i Åmli som argument. For *Tofdalsfjorden* i Kristiansand vil argu-

mentet ha liten relevans, fordi de to navnene *Tovdal* og *Tofdalsfjorden* som nevnt ikke har noe direkte med hverandre å gjøre (et etymologisk samband med bakgrunn i et elvenavn er sannsynlig, men det må vi se bort fra her). Ønsker man å danne seg oppfatninger om hvordan uttalen av navnet *Tofdalsfjorden* har vært i tidligere tider, er det belegg for «Tofdalsfjorden» man i første rekke må søke etter, og ikke andre ting. I et lokalt dokument fra 1651 som beskriver grensen mellom Oddernes prestegård og Kongsgård, er skrivemåten «Thoffdals-Fiorden». På et lokalt kart over Kongsgård-området fra 1781 står det «Toffdahls-Fiord og Elv» (se Vidar Haslums vedlagte artikkel). Disse lokale beleggene er ganske gode indikasjoner på at den nåværende uttalen /²tåfdal/ har vært brukt av befolkningen rundt Tofdalsfjorden i flere hundre år, altså at dagens nedarvete uttale også er en svært gammel, lokal uttale – trass i at skriftformene for det meste har vært med *p*.

Det er viktig at normeringen gjenspeiler nedarvet uttale i rimelig grad, dessuten at normeringen støtter opp om de faktiske navnerelasjonene – slik at ikke normeringen skygger for meningsinnholdet. *Tovdalselva* og *Tofdalsfjorden* er sekundærnavn til to forskjellige primærnavn. Referansene til de to primærnavnene *Tovdal* og *Tofdal* ligger 70 km fra hverandre, i hvert sitt fylke. Ved å skrive «Tovdalselva» og samtidig «Tofdalsfjorden» ivaretas de alminnelige krav til uttalenær normering; samtidig ivaretas hensynet til de historisk riktige navnerelasjonene. Slik stadnamnlova foreskriver, må begge disse hensynene tillegges vekt.

Konklusjon

Som navn på vassdraget som helhet, som gjelder kommunene Åmli, Froland, Birkenes og Kristiansand, tilrår vi at den nåværende skrivemåten *Tovdalselva* opprettholdes. For navnene i Kristiansand kommune er vår tilrådning *Tofdalsfjorden*, *Tofdalsveien* og *Tofdalsstø*. Hvis primærnavnet *Topdal/Tofdal* skal inn på offentlige kart, tilrår vi på samme måten *Tofdal*.

Line Lysaker Heinesen,
sekretær ved stedsnavntjenesten for
Østlandet og Agderfylkene
l.l.heinesen@iln.uio.no

AVSLUTTENDE ORD OM TOFDAL/TOPDAL

I Fædrelandsvennen for 26. mars har Ole B. Stabell et innlegg der han påviser, interessant nok, at Peder Claussøn Friis i 1599 brukte skrivemåten «Topdal», og mener at dette kanskje kan ha betydning for diskusjonen om *p* eller *f* i dette navnet.

Igjen er det slik vi påpekte i det forrige innlegget vårt: Det er lokal nedarvet uttale som er det eneste interessante her, dvs. når en ikke kan vite hva ordet egentlig betyr. Vet vi hva ordet/stedsnavnet betyr (kjenner etymologien), kan vi ut fra dette lettere fastslå en sikker/riktig skrivemåte. Når vi, som her, ikke vet opphavet, har vi bare nedarvet uttale å holde oss til.

Spørsmålet er da om «Topdal», da Peder Claussøn Friis brukte det i 1599, var naturlig uttale, eller om han bare brukte den skrivemåten som danskene hadde innført. Vi mener det er nokså klart at det er det siste, «Topdal» var og er en skrivemåte innført av danskene. I et dokument fra 1651 som beskriver grensen mellom Oddernes prestegård og Kongsgård, står det at grensa går «Neder imod Thoffdals Fiorden». I en lokal kilde fra 1651 brukes altså *f*-varianten, og siden denne skrivemåten er i motstrid til det vanlige, er det langt mer sannsynlig at «Thoffdal» avspeiler den naturlige uttalen.

Ernst Håkon Jahr
 ernsthakon.jahr@uia.no
 Sylfest Lomheim
 sylfest.lomheim@uia.no
 Vidar Haslum
 vidar.haslum@uia.no

Dette innlegget stod på prent i Fædrelandsvennen 3. april 2014.

STADNAMN SKJEMMER SJELDAN

I Hus & Bolig nr. 3/2014 har Nina Granlund Sæther ein leiar der ho kjem inn på gate- og vegnamn som ikkje er velkomne hjå dei som skal ha namna som adresse. Dette er eit aktuelt tema som gjeld dei fleste i landet. Men ein skal vera litt overberande før ein klagar på adressa si. Botolv Helleland kommenterte innlegget, og denne teksta vart prenta i Hus & Bolig nr. 4/2014.

Red.

Store oppgaver

Kommunane har fått frist til ut 2015 med å gje adresser til stader med bustadforemål, fritidsforemål, næringsforemål og offentleg verksemd. Mange kommunar nærmar seg fullføringa av adresseringa, mens endå fleire ikkje har kome så langt, og andre berre så vidt har starta. Truleg treng mange kommunar meir tid. Dessutan fører pågåande regulering og utbygging til at stadig nye adressenamn skal gjevast, så det er tale om ein kontinuerleg pro-

sess. Reglane for adressetildelinga finn ein i *Adresseveilederen*, eit dokument som er utarbeidd av Kartverket. Ein kjem lett fram til det på nettet ved å googla tittelen.

Arbeidet med adresseringa går ofte føre seg på den måten at den ein-skilde kommunen utarbeider framlegg til namn i samråd med lokale namnekomitear og organisasjonar. Lista med namn vert send til den regionale stadnamntenesta (administrert av Språkrådet). Namnekonsulentane går gjennom framlegga og sender sine tilrådingar attende til kommunen, som deretter gjer vedtak om namn og skrivemåte og melder vedtaka inn i Sentralt stadnamnregister i Kartverket.

Adressetilleggsnamn

I tillegg til sjølve adressenamnet kan eigaren av eit gardsbruk be om å få bruksnamnet innført som ein del av den offisielle adressa. Kommunen avgjer kva som kan nyttast som adressetilleggsnamn. Eit slikt namn skal vera nedervd, det vil seia at det er overlevert skriftleg eller munnleg frå tidlegare generasjonar, og at det er dagleg nytta om staden. Skrivemåten av adressenamnet og adressetilleggsnamnet skal fylgja reglane i lov om stadnamn.

Byggjer på lokal namnetradisjon

På landsbasis er det i denne prosessen tale om å namngje tusentals adresseiningar, og det seier seg sjølv at mange namn skal førebuast. Same adressenamn kan nyttast berre éin gong i same kommunen, men eit namneledd kan brukast som fyrsteledd i fleire namn, til dømes *Bergsbakken*, *Bergslia*, *Bergsvegen*. I prinsippa for namnsetjinga heiter det at ein skal fylgja namneskikken på staden så langt råd. Ofte finst det eksisterande namn som kan nyttast, til dømes *Streitebakken*, av *streita* ‘streva’, *Gutua*, av *gutu* ‘krøterveg’, eller *Verksvegen* etter eit nedlagt verk. Finn ein ikkje namn på den aktuelle staden, kan ein laga nye namn som passar med natur og arbeidsliv i området. På den måten vil adressenamna vera med å halda oppe den lokale identiteten. På heimesida til Språkrådet finn ein ein brosjyre som fortel meir utførleg om adresseringsarbeidet.

Skjemmande namn?

Eitt av prinsippa for namngjevinga seier at namnet ikkje bør verka støyande eller komisk. Kvar grensa går når det gjeld slike namn, er ikkje lett å avgjera. I det språklege mangfaldet som kjem til uttrykk i lokale stadnamn rundt om, vil det vera mange namn som for dagens språkbrukarar verkar pussige og «på kanten», men som er ein del av språket til dei som gav namna. Ein skal naturlegvis ikkje nytta namn som *Marafitta*, av *mara* ‘merr’, eller *Rauva* ‘rev, bakende’, der dei måtte finnast, men ein skal heller ikkje utelata alle namn som ut frå forma kan gje assosiasjonar til kjønnsorgan og kjønnsliv. Eit døme er *Feta/Fita* som kjem av ordet *fit*

‘frodig eng ved vatn’. Og *Knulmyra*, som er nemnd i leiaren, heng saman med ordet *knul* som tyder ‘vriden trekubbe’; namnet fortel altså om trevoksteren ved myra. Når eit jorde i Bykle i Setesdal heiter *Knullen*, kjem det av ein fjellnakke på staden som er karakterisert med dette ordet. Sideforma *Knoll* er stadnamn fleire stader i Akershus og Østfold og har omtrent same tyding. Slik kunne ein rekna opp hundrevis av namn som det på ein eller annan måte kan knytast ein vits eller fantasi til. Ofte er det innflyttarar som reagerer på slike namn. Her er det viktig å ha respekt for dei spora tidlegare generasjonar har sett i omgivnaden.

Lokal tilknytning og identitet

Dersom brukarane veit meir om bakgrunnen for namnet, kan det hjelpe på respekten for det. Her kan både stadnamntenesta og kommunane gjera meir. Stadnamntenesta for Austlandet og Agderfylka har innført ein praksis der ugjennomsiktige stadnamn vert forklarte i tilrådingane, noko som gjer at saksbehandlarane i kommunen kan svara når det kjem spørsmål om kva namnet tyder. Aller helst burde kommunane oppretta eit databasert gate- og vegleksikon på si eiga heimeside der kvart namn vert forklart, både språkleg og historisk, og dato for vedtaket som adressenamn. Ein del kommunar har slike register tilgjengelege, til dels i bokform. Neste steg kan vera å gje ei kort forklaring av namnet på enkelte spesialsydde namneskilt, kanskje der den skilta vegen eller gata byrjar, eller på ei oppslagstavle i nærmiljøet. I alle fall ligg det ei spanande, om enn ofte løynd forteljing i kvart stadnamn som burde koma namnebrukarane til gode.

Strid om skrivemåten

Skrivemåten av stadnamn er eit anna tema som ofte valdar protestar. Ikkje utan grunn måtte det ei lov til for å regulera dette, nemleg lov om stadnamn som kom i 1990. Denne lova er definert som ei kulturminnelov, og reint konkret tyder det at skrivemåten skal byggja på den nedervde lokale uttalen, tilpassa vanleg rettskriving – med ein del unnatak, rett nok. Gards- og bruksnamn har ofte ein avvikande skrivemåte i privat bruk i høve til den lovbaserte skrivemåten som Kartverket nyttar. No er det i gang ei lovending som kan gje grunneigarane større innverknad på skrivemåten av bruksnamn. Men det er ikkje lagt opp til at lovendinga skal få konsekvensar for gate- og vegnamn med gardsnamn som fyrsteledd.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NORNA-SYMPOSIUM I SKAGEN 1.–4. OKTOBER 2014

Fra 1. til 4. oktober arrangerte navneforskere ved Afdeling for Navneforskning i København symposiet «Navn og navnebærer» på Hotel Skagen Strand i Hulsig like sør for Skagen. Symposiet samlet et tjuetalls deltakere fra hele Norden, og det ble holdt atten foredrag som i større eller mindre grad passet inn i dette, tross alt ganske vide, emnet. Fra Norge bidrog Ole-Jørgen Johannessen med foredraget «To navn på samme gård – indikerer det ødelegging i seinmellomalderen eller nyrydding på 1600-tallet?», Gudlaug Nedreliid med «Oppkallingsnamn» (det gjaldt stedsnavn), Ingvil Nordland med «Offentlig normering av gårds- og bruksnavn – et brudd på navnebrukernes identitet?» og Ivar Utne med «Fornavnstrender i Norge fra midten av 1800-tallet til i dag, med vekt på skriftlig og muntlig form». Symposieemnet åpnet altså for bidrag både om steds- og personnavn, så vel i noe eldre som moderne tid.

Av de øvrige fjorten foredragene handlet fem om personnavn (av tre svenske, én dansk og én finsk forsker) og åtte om stedsnavn (seks danske, to svenske), mens ett (finsk) som tok for seg navn i de «lingvistiska landskapen av Grankulla och Karis», drøftet ulike typer navn på skilt i gatebildet.

Symposiet åpnet i ro og mak onsdag ettermiddag/kveld, men i løpet av torsdag raste vi igjennom tolv foredrag i fire bolker. Fredagen var noe mer avslappet, med tre + tre foredrag – før lunch, fulgt av ekskursjon. Været tillot en tur med «Sandormen» til Grenen før vandring på egen hånd i Skagen, og tur til Den nedsandede kirke og de fascinerende, vandrende sanddynene Råbjerg Mile. En festmiddag fredag kveld utgjorde høydepunktet i en rekke *dejlige* måltider i hotellets utmerkete restaurant.

En stor takk til Birgit Eggert og Martin Sejer Danielsen for et godt arrangement.

Tom Schmidt
tom.schmidt@iln.uio.no

NORNA I 100

Fredag 14. november 2014 vart NORNAs komitémøte nr. 100 halde på Nordisk Forskningsinstitut, Købehavns Universitet. Det vart òg arrangert eit festseminar i høve jubileet. Namneforskarar med tilknytning til NORNA-miljøet var inviterte, og frammøtet var imponerande. Det møtte forskarar

frå heile Norden, både Island, Færøyane, Noreg, Sverige, Finland og Danmark. Deltakarar frå Noreg var Gunnstein Akselberg, Botolv Helleland, Ole-Jørgen Johannessen, Tom Schmidt og Inge Særheim. Også det første styremøtet i NORNA vart halde i København, i desember 1971.

Under tittelen «NORNA i backspegeln. Personliga minnen från den första tiden» gav Thorsten Andersson seminardeltakarane eit perspektivrikt innsyn i arbeidet i den første fasen. Markante personlegdomar sette sitt preg på NORNA i denne perioden, som John Kousgård Sørensen, Kurt Zilliacus, Thorsten Andersson, Per Hovda og Þórhallur Vilmundarson. Av spesielt vellukka arrangement sett frå fagleg synsstad vart namneforskar-kongressen i Helsingör nemnd, der emnet var avgrensa til usamansette naturnamn. Føredraga var sende ut på førehand slik at kongressdeltakarane var godt førebudde.

Også Botolv Helleland har vore bidragsytar i NORNA-samanheng over ein lengre periode. I innlegget sitt med tittelen «Ei norsk tilnærming til NORNA og hennar framtid» omtala han norske arrangement under denne paraplyen, bl.a. kongressane i Sandefjord (1975) og på Sundvollen (1994) og den komande kongressen i 2016, som etter planen skal arrangerast på Jæren folkehøgskule, Kleppe. (Innlegget til Helleland er attgjeve nedanfor.)

Etter ein kaffipause slapp yngre medlemmer av NORNA-familien til, både NORNAs barn og barnebarn. Først ute var Line Sandst, som under tittelen «NORNA i går, i dag og i morgen» bl.a. streka under kor viktig det er at unge forskarar får sleppa til med faglege innlegg og får tilbakemelding frå forskarmiljøet. Noverande leiar av NORNA-komiteen, Terhi Ainiala, presenterte prosjektet «Skärgårdsnamn i Helsingfors», som er eit tverrvitskapeleg prosjekt der bl.a. arkeologar og namneforskarar samarbeider. Siste talar var Rikke Steenholt Olesen, som la fram «Skisse til et ønske-projekt om efternavne i Danmark i historisk og nutidigt perspektiv».

Under den etterfølgjande plenumsdiskusjonen vart det trekt fram spesielle minne og røynsler frå NORNA-historia. Den noverande og framtidige situasjonen for onomastikk som undervisningsemne og forskingsdisiplin i Norden vart kommentert, med tilvising til nedbygginga både i Sverige og Noreg (bl.a. i Lund, Umeå, Trondheim og Oslo). Trass i mørke skyer på himmelen var det god stemning blant deltakarane, både under seminaret og den etterfølgjande mottakinga og festmiddagen.

Inge Særheim
 inge.særheim@uis.no

NORNA – VENSKAP GJENNOM 40 ÅR
Tale halden ved møte nr. 100 i NORNA-komiteen

Når tittelen er formulert som «NORNA – ei norsk tilnærming», så er det eit tilbod frå arrangørane som visst nok berre Noreg har fått. Men det ligg kanskje noko i det: Ei førestelling om at Noreg og det norske skil seg ut og krev ei ekstra grunngjeving. Då det danske Institut for Navneforskning i 1985 fylte 75 år, fekk eg i oppgåve å bidra med ein artikkel til festskriftet, og den sjølvsgagde overskrifta lydde «Norske stadnamn på dansk – danske stadnamn på norsk».

Naturlegvis vart det mest av det fyrste. Den historiske røyndomen med fire hundre års sambuarskap, kolonivelde, vil nokon seia, gjorde eit slikt utgangspunkt naturleg – ikkje å undrast over at sjølvstendestrident og lausrivinga for to hundre år sidan har vore feira i Noreg med hundrevis av arrangement siste året. At svenskane fekk rå over oss i dei nitti fylgjande åra, har sett mindre språklege spor etter seg, trass i eit geografisk sett mykje nærare granneskap og, for ikkje å gløyma, utveksling av historiske landskap.

Dei norske skrivemåtane *Båhuslen*, *Jemtland* og *Herjedalen* er enno brukte, men i Geografilista til Språkrådet står *Båhuslän*, *Jämtland* og *Härjedalen* med svensk *ä*. Dette representerer elles det norske synet på skrivemåten av utanlandske namn, nemleg at ein lengst råd skal bruka endonym, altså namnet slik det er skrive i det landet/språket det har vorte til. Grannefolka har ikkje vore så påpasselege med det. Medan danskane og svenskane til dømes nyttar eksonymet *Venedig*, brukar nordmennene *Venezia*.

Den norske vegen vart trekt opp under den språklege frigjeringa og kan faktisk koplust til den norske målreisinga. Då stadnamna i Noreg skulle oppnorskast i dei fyrste tiåra av 1900-talet, vart dei utanlandske geografiske namna tekne med i same slengen, og det ut frå eit prinsipp som FN seinare gjekk inn for, nemleg å skriva dei mest mogeleg slik det vart gjort i dei respektive landa. I ein slik kontekst utgjer Island ein ytterkant med sin tradisjon for heimlege namneformer av framande namn og ord. Så er det ei trøyst at dei tre landa har vorte samde om like skrivemåte av *Skagerrak* og *Kattegat*.

Men lat meg heller gå vidare langs den lange grensa Noreg har sams med høvesvis Sverige, Finland og Russland. I dag jobbar ein stor del av den svenske ungdommen i Noreg. Det er enkelt for dei å koma inn, og dei vert tekne imot med opne armar. Historisk har likevel Finland gjeve meir av sine menneskelege ressursar til Noreg, nemleg gjennom innvandringa til Finnskogane i Sør-Hedmark og til dei kvenske områda i Troms og Finnmark. I sør finst finsk no berre som nedslag i eit stort tal meir eller mindre norvagiserte stadnamn. I nord er det annleis, der har det finske målet levd vidare under neminga *kvensk* og fått status som eige språk i Noreg. Ein stor stadnamndatabase med kvenske stadnamn er no bygd opp. Det russiske fell

meir utanfor, men det kan nemnast at i Kirkenes finst det mange skilt med namn skrivne på norsk og russisk.

Når det gjeld samisk, er det ein nordisk fellesskap mellom Noreg, Sverige og Finland. Det har vore arbeidd med ein felles kartdatabase med samiske stadnamn innanfor UNGEGN-gruppa Norden Division. Og tenkjer me på frendane våre på Færøyane og Island, så deler me med dei den norrøne språkarven og litteraturen og har dermed sterke band dit òg. Så sett frå Noreg skulle premissane for eit nært nordisk namnefagleg samarbeid vera dei beste.

Sjølv kom eg i kontakt med det nordiske samarbeidet alt i studietida. Det byrja med ein ekskursjon til Uppsala på slutten av 1960-talet under leiing av arkivsjef Per Hovda. Men det var i 1971 eg møtte eit breiare nordisk namnegranskarmiljø. Det året var eg stipendiat i Norsk rikskringkasting, men min gode og velgjerande, no avlidne norsklærer på Universitetet i Oslo, Einar Lundebj, sytte for at eg fekk reisestipend frå Noregs forskingsråd slik at eg kunne ta ei veke i ferien for å vera med på den sjette nordiske namneforskarkongressen i Helsingør 23.–26. august 1971, og det på Hotel Hamlet.

Her møtte eg eit tema som har fylgt med vidare i nordisk namnegransking: Har ein del av dei eldste hydronyma bore i seg gammaleuropeiske ord for vassføre som elles ikkje er heimla i språket? Med andre ord teorien til Hans Krahe. Ein av hovudtalarane, Hans Kuhn frå Kiel, såg for seg eit modifisert system i høve til Krahe, der han bygde på lydlege likskapar i europeiske hydronym. Her møttest djuptpløgjande resonnement i sterke meiningsbrytingar. Her fekk eg høyra dei etablerte, men enno relativt unge toppane innanfor nordisk namnegransking som Thorsten Andersson, Lennart Elmevik, Kristian Hald, John Kousgård Sørensen, Þórhallur Vilmundarson og vår eigen Per Hovda. Seinare nordiske kongressar har knapt kunna oppvisa kvassare ordskifte. Det vart ikkje laga nokon samla rapport frå denne kongressen, men dei viktigaste foredraga vart publiserte i *Namn och bygd* 59 (1971) og 60 (1972).

Det var som me har høyr, på denne kongressen at det vart nedsett ein samarbeidskomité for nordisk namneforskning, etter framlegg frå Lars Hellberg på den førre kongressen i Göteborg i 1967. Dette meiner eg er det beste som har hendt nordisk namnegransking sidan sjølve kongressane vart institusjonaliserte i Uppsala i 1946.

Kortforma for samarbeidskomiteen kunne ikkje ha vore betre: *NORNA*. Det spelar på fleire strenger, på *nord*, på lagnadsgudinnene i nordisk mytologi og sjølv sagt på nordiske namn.

Ved dei avsluttande forhandlingane i Helsingør inviterte Per Hovda til den 7. nordiske namnegranskarkongressen. Han vart halden fem år seinare, i 1976 i Sandefjord. Men då hadde *NORNA* alt vore i sving i fem år. På det konstituerande møtet i København i desember 1971 vart Thorsten Andersson vald til leiar og Allan Rostvik til sekretær. Per Hovda var naturleg nok

norsk representant, og han inviterte like godt til det fyrste symposiet i Oslo hausten 1972.

I mellomtida (1972) hadde eg vorte tilsett som arkivar ved Norsk stadnamnarkiv og fekk i oppgåve å vera sekretær for symposiet. Emnet for dette fyrste NORNA-symposiet var terminologi i stadnamngransking, og dei tilsette ved Stadnamnarkivet sette straks i gang med å ekserpera faglitteratur slik at det kunne leggjast fram ei liste over fagtermar til symposiet.

Denne lista vart seinare gjennomgått og supplert av Tom Schmidt og utgjeven som *Fagordliste for norsk namnegransking* (1981). På symposiet var det spesielt termene naturnamn og kulturnamn som vart diskuterte, og her møtte norske synspunkt motbør frå både danske og svenske deltakarar. Føredraga og diskusjonen frå symposiet vart publiserte i *Namn och bygd* 61 (1973), men òg utgjevne som særtrykk med tittelen *Terminologi inom ortnamnsforskningen* (NORNA-rapporter 1).

Til det andre NORNA-symposiet i april 1973 i København om EDB i namnegransking la Norsk stadnamnarkiv fram eit prøveprosjekt der tusen stadnamn frå Stjørna i Sør-Trøndelag var lagde inn på data og sorterte etter ulike kriterium. Det var enno i dataalderens barndom, men til si tid var det eit pionerarbeid. I dag og endå meir i framtida vil den digitale omgangen med namn vera ein føresetnad. Eg vil òg nemna det fjerde symposiet i Helsingfors 1974 med tittelen *Ortnamn och samhälle*, der det særleg vart lagt vekt på metode og terminologi.

NORNA-samarbeidet var no godt i gang, og nye symposium vart skipa til på rekkje og rad. Det er fascinerande lesnad å gå gjennom lista over NORNA-rapportar som står bak i kvar ny rapport. Til no har det kome rundt 90 nummer, av desse er 38 symposierapportar. Éin er ei artikkelsamling med tittelen *Navne i Norden*, ein annan er ei artikkelsamling i høve Thorsten Anderssons 60-årsdag. Rundt ti er register over forskarar, medan tretti er årlege litteraturkrøniker. Dei ti siste åra har det ikkje vore publisert særtrykk av desse, men dei kan lesast i *Namn och bygd*.

Etter det fyrste symposiet i Noreg i 1972 skulle det gå tolv år før det neste norske vart halde, det var i 1984 i Trondheim, og då om personnamn i stadnamn. I mellomtida hadde den sjuande nordiske kongressen vore skipa til i Sandefjord. Også frå den kongressen vart føredraga publiserte i *Namn och bygd* (66/1978). No kom det ein periode der norske symposiearrangørar gjorde seg meir gjeldande:

Eit symposium om «Nyare norsk personnamnskikk» vart halde på Skammestein i Valdres i 1985, vidare eit om «Stadnamn i kystkulturen» i Volda i 1987, om «Namn og eldre busetnad» på Hamar 1988, om «Slektsnamn i Norden» i Oslo i 1992. To år seinare, i 1994, fylgde Den 11. nordiske namnegranskararkongressen på Sundvollen. Eit symposium i Oslo i 1997 hadde «Utanlandske namn i Norden» som tema – det var ei oppfylgning av FN's resolusjonar om bruk av utanlandske stadnamn. I 1999 vart 100-

årsminnet for Oluf Rygh markert med eit symposium på Stiklestad. Seinare har det vore symposium på Utstein ved Stavanger om busetnadsnamn (2004) og i Halden om etymologiens plass i namneforskinga (2010).

NORNA er eit stort tiltak, og det krevst gode krefter for å driva det administrativt. NORNA-førlaget har i alle år hatt sete i Uppsala. Derfrå kom det fyrste styret i komiteen, og det må vera lov å seia at dette har vore den onomastiske hovudstaden i nordisk namnegransking, utan forkleining for dei andre namnemiljøa rundt om. Kvar NORNA-komité har hatt medlemmer frå alle dei nordiske landa, medrekna Færøyane, men leiaren saman med sekretæren har sjølv sagt bære tyngste børa for drifta.

I 1985 på den åttande nordiske kongressen i Lund var turen komen til Noreg for å ta over formannskapet, og det fall på meg å stå for stjorna dei neste fire åra fram til eg vart avløyst av Ritva Liisa Pitkänen ein vårdag i 1989 på Brandbjerg – det var enno eit halvt år før Berlinmuren fall. Til skrivehjelp og rådgjeving i denne perioden hadde eg framifrå hjelp av Tom Schmidt, som heldt fram som varastyrar den påfylgjande perioden. Det neste norske formannskapet vart valt på den 14. nordiske namnegranskar-kongressen på Borgarnes i 2007 med Ole-Jørgen Johannessen som leiar og Tom Schmidt atter som sekretær. Det har vore praksis at når eit styre har fullført sin periode, skal landet det kjem frå, arrangera den påfylgjande kongressen. Den neste og 16. kongressen er alt fastsett til Kleppe ved Stavanger i 2016.

Tvillust har det nordiske samarbeidet vore eit stort gode for alle dei nordiske landa. Ei lang rekkje ulike tema har vore presenterte og debatterte på desse rundt førti faglege samlingane – ja, i den grad at ein nesten må leita etter nye tema. Det har vore utfordringar for det etablerte fagmiljøet, samstundes som det har vore eit forum for faglege nyvinningar og meiningsutveksling, og det har vore eit forum der nye rekruttar og gryande namneforskarar har fått høve til å opptre og leggja fram og prøva sine fyrste vitenskaplege resultat for ei fagkritisk og kunnig forsamling. Så frå eit norsk hald er det berre eitt å seia: NORNA har vore både eit incitament og ei drivkraft – truleg vil dei andre nordiske fagmiljøa kunna seia det same.

Det siste trykte nordiske namneforskarregistret kom i 2000. Etter den tid har registeret vore nettbasert. NORNA har altså teke eit godt steg inn i dataalderen, med eiga velredigerte heimeside. Her får ein oversyn over sjølve komiteen til kvar ei tid, lovene og referat frå møta. Og nyhendebrev og kalender informerer om ting som har vore eller skal verta. Namnebibliografien som er under oppbygging, vil gje ei eineståande oversikt over nordisk namnelitteratur. Ikkje minst er det viktig å få oversyn over ny litteratur. Nonelex er eit verk under arbeid; det skal gje grundige oversyn over utvalde grunnord som finst i meir enn eitt nordisk land.

Truleg ligg gullalderen bak oss. Dei namnefaglege forskingsmiljøa – til liks med andre språkhistoriske miljø og fortidsretta disiplinar – strevar med

å halda oppe verksemda. Island og Noreg ser ut til å vera verst stilte. Men òg dei andre nordiske landa opplever innskrenkingar i denne disiplinen.

I ein aviskronikk i den norske hovudstadsavisa *Aftenposten* med Ingvil Nordland som medforfattar nytta me overskrifta «Stedsnavn i klemme», mest med bakgrunn i den uklare situasjonen ein stor del av dei norske stadnamna ville koma i dersom eit nytt lovframlegg vert vedteke. (Kronikken er prenta opp att i dette nummeret av *Nytt om namn*.) Det går ut på at grunneigarane skal kunna fastsetja skrivemåten på eige bruk, noko som vil føra til at mange namn kan få ei skriftform som danske embetsmenn etablerte på 16–17–1800-talet, ofte langt frå den nedervde uttalen som har vore eit kriterium for skrivemåten sidan lov om stadnamn vart vedteken i 1990. No gjeld dette eit ortografisk tilhøve og ikkje namnegranskinga som disiplin. Men kanskje er det ein samanheng mellom eit frislepp i stadnamnnormeringa og det sviktande omsynet til namnegransking som forskingsfelt.

Det som har skjedd dei seinaste åra i Noreg – ja, prosessen har gått i over eit tiår –, er at eksisterande stillingar innanfor fagfeltet namnegransking vert dregne inn og ressursane overførde til anna meir synkront innretta språkgransking eller til heilt nye fag. Samstundes vert namnesamlingane nedprioriterte, mogleg deponerte i kjellarrom. Trondheim, som hadde ei blømingstid i 1970- og 80-åra, er no lagt nærast dautt som arena for namnegransking. I Tromsø og Bergen har òg verksemda vore merkt av nedgangen. Avdeling for namnegransking, eller rettare fagområdet, har enno att to av tidlegare seks stillingar i faget, og dei to er midt i sekstiåra. Ingen nyttilsetjingar er i sikte, tvert om har Institutt for lingvistiske og nordiske studium, med støtte av dekan og rektor, teke sikte på leggja ned namnegransking saman med ordboksverksemda. Målføresamlingane er for lengst plasserte i ein kjellar. At namnekonsulentsekretærene ved dei fire universiteta er med på å halda fagmiljøet i gang, er positivt, men dei er samstundes avhengige av funksjonelle arkiv. Nokre pensjonistar er gjerne med og tek eit tak iblant, men heller ikkje det representerer noka framtid for faget.

Det har vore kontakt med departementet, og departementet her vil seia Kulturdepartementet. Men det sterkare Kunnskapsdepartementet som har ansvar for universiteta, er meir på bylgjelengd med den rådande forskingstrenden basert på studiepoeng og teljekantar i internasjonale publikasjonar. Språkhistorie og etymologi ser ut til å liggja langt borte frå det som er framme i forskingsfronten. Så om Kulturdepartementet vil ta noko initiativ i høve til namnearkiva og den tilhøyrande forskinga, står det att å sjå. Språkrådet har vore inne i biletet, men det tilbyd heller inga konkret løysing. Ein eigen forskingsinstitusjon for namn og ord er nemnt, og her vil både Uppsala og København vera modellar. Det verkeleg ulukkelege ved denne situasjonen er at rekrutteringa stansar opp, det er fare for at undervisninga turkar inn, og ein kjem lenger og lenger bort frå den kunnskapen

som er naudsynt for å driva namnegransking. Dermed er det ope for alle slags amatørar til å marknadsføra stoff som ikkje er vitskapleg fundert.

Det er altså ein lite optimistisk situasjon som rår i heimlandet til Nordens kanskje mest framstående namnegranskar og databyggjar, Oluf Rygh. Kanskje har me sjølve ikkje vore gode nok til å markera oss, eller marknadsføra oss, i samfunnet. Endå det stemmer ikkje heilt, for lokalt og mellom folk flest er det stor interesse for namn, og namnegranskarane har vitja lokalsamfunn tallause gonger. Også mange innanfor academia ser med undring på det som er i ferd med å skje.

Kva så med NORNA i eit slikt perspektiv? Framleis er det relativt sterke namnemiljø rundt om i Norden, meir enn i Noreg, og ein rimeleg stor flokk vil framleis stilla opp på nordiske namnemøte. Men ein kan spørja seg, når formannskapet i NORNA om femten år atter fell på Noreg, om det då vil vera eit stort nok miljø til å stilla opp? Det trengst offentlege midlar til å gjennomføra slike arrangement, og elles til deltaking på symposium og konferansar rundt om. At Norsk namnelag tel over 350 medlemmer, viser at det er ei utbreidd interesse for namn og namnegransking mellom folk flest, men det er ikkje nok for å halda oppe eit fag på institusjonsnivå.

Her er det å vona at NORNA alt no kunne ta eit felles nordisk initiativ til styrking av disiplinen, både når det gjeld å framheva kor viktige materialsamlingane på dei ulike stadene er, og kor viktig det er å halda oppe forskinga innanfor denne historisk-språklege disiplinen. Det gjeld kunnskapen om fortida vår, den som er lagd ned i millionar av stadbundne einskildokument. Kwart namn er ein bit av historia til den namngjevne staden og til samfunnet og eit uttrykk som seier noko om språket til namngjevarane.

NORNA vil tvillaust leva vidare og ta initiativ til nye delfelt innanfor namnegransking og utvikla dei namnevitenskaplege metodane vidare. Etter 25 år er det vel verdt å spørja seg om det trengst nye initiativ. Mykje talar for at desse snart femti åra har gjort så mykje av seg at det alt frå byrjinga har funne den rette vegen. Samstundes har mangt endra seg sidan starten, ikkje minst innanfor datateknologien. Store delar av samlingane er digitaliserte, noko som gjer at ein har fått ein meir effektiv tilgang til materialet.

Kan fagmiljøet tilby samfunnet tenester som det ikkje kan seia nei til? Det er viktig at namneforskarane kjem på banen. I så måte har vel det historisk orienterte Dig-dag-prosjektet i Danmark vore eit viktig prosjekt. Det finske initiativet om urbane namn har vist at namnestudiet kan rettast mot synkrone ovringar. Arkeologien er ein annan grannedisiplin som har gjort og gjer seg nytte av resultata til namneforskinga. Ein bør ikkje slutta med etymologisk grunnforskning, men truleg ligg det eit stort potensiale i å utnytta namn i ulike samfunnsrelevante samanhengar. Det nyetablerte dansk-svenske Netværket for bebyggelsesnavneforskning ter seg som eit fruktbart initiativ. Nettopp nettverksbygging der ein får med seg breiare

miljø kan vera med på å få namn som verkty på banen. Utfordringa her er at ein har oppegåande fagmiljø.

Ei anna tilnærming er meir praktisk: Korleis kan stadnamna vera med å vitalisera lokalmiljøet og gjera livet til innbuarane og tilreisande rikare? Her kan ein tenkja på digital karttilgang via smarttelefonar, appar, dataspel, fritidsløyper. Å opna for det som ligg i namna på måtar som fangar eit bortskjemt publikum, er òg ei utfordring. Det er mykje å henta i eit lokalt stadnamntilfang. Kvar kommune burde ha ein peikar på heimesida si som fører inn til ein person- og stadnamnbank.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NORNA-NYTT

På NORNAs heimeside <http://www.norna.org> kan ein halda seg orientert om det som har skjedd, og om det som skal skje i regi av NORNA. Ein annan stad i bladet fortel Inge Særheim om NORNA-møte nr. 100 i København 14. november i år. Elles kan det nemnast at ein ventar på rapportane frå symposia «Namn och stadsmiljö» i Helsingfors 2011, «Innovationer i namn och namnmönster» i Halmstad 2013 og frå Den 15. nordiske navneforskerkongres i Askov i 2012. Det er planlagt symposium på Öland med tema «Bebyggelsenamnforskning» og i Tammersfors 2015 om «Personnamn och identitet». Den 16. nordiske namnegransarkongressen skal haldast i Kleppe på Jæren våren 2016. På heimesida til NORNA finn ein kalender med oversyn over viktige hendingar, over ny litteratur og ikkje minst register over nordiske namnegranskarar.

BH

ICOS-NYTT

ICOS 2014

Den 25. internasjonale kongressen for navnevitenskap ble avholdt fra 25. til 29. august 2014, og University of Glasgow var vertskap for godt over 220 delegater fra nærmere hundre ulike land, men med et klart tyngdepunkt av delegater fra Europa. I alt var det forhåndsannmeldt nærmere 180 innlegg, og det forteller sitt tydelige språk om interessen for navnevitenskap ved ulike universiteter og forskningssentra rundt om i verden. Foruten disse muntlige innleggene var det også forhåndsannmeldt elleve posters.

Rammen rundt kongressen var utmerket, og det tekniske apparatet var meget godt slik at deltakerne lett kunne finne fram til de sesjoner og innlegg man ønsket å høre. Ofte kan det bli knapp tid til diskusjon og spørsmål etter hvert innlegg, men hovedinntrykket var at moderatorene ledet sine sesjoner med en fast hånd.

Det nordiske innslaget på kongressen var markant. Blant de såkalte *key-note speakers* markerte Peder Gammeltoft fra Københavns universitet seg med et perspektivrikt innlegg som bar tittelen «Onomastics for all: How can new technology help broaden the appeal of name research?» Dette er en meget relevant utfordring i tiden, og Gammeltofts idéer skal det bli interessant å se utført i felt og av en interessert allmennhet.

Videre skal det nevnes at vel ti av innleggene ble holdt av svenske delegater, åtte av finske delegater, mens fire innlegg kom fra den norske delegasjonen (+ to av utenlandsnordmenn). Fra Danmark, som ellers spiller en ikke ubetydelig rolle i den nordiske onomastiske virksomheten, var det bare to innlegg. Vi savnet våre islandske og færøyske kollegaer, men det må nevnes at bestemannsprisen for posters ble vunnet av en islandsk historiker.

Det er selvsagt umulig å gå inn på de ulike emnene og temaene som ble framført. Valget av temaer og innfallsvinkler er betydelig, og det er ikke like lett å få med seg aktuelle problemstillinger – la oss si – i russisk eller portugisisk onomastikk. Kravene til kunnskap i de respektive språk og kulturer er høye, men de skriftlige sammendragene som sendes ut på forhånd, gir ofte en pekepinn på det som opptar kollegaer i andre land og verdensdeler.

Det er verdt å merke seg at både Gunnstein Akselberg (Bergen) og Botolv Helleland (Oslo) leverte innlegg som var knyttet opp til den aktuelle norske normeringssituasjonen for norske gårdsnavn. Det som ser ut til å skje her til lands når det gjelder normering av gårdsnavn, vekker oppsikt og faglig forundring blant kollegaer i andre land, og det var derfor nyttige og informative innlegg de to presenterte. Gudlaug Nedrelid (Kristiansand) bidro med et innlegg (for øvrig et av de få på tysk) om patronymika som familienavn i 1801, et tema som hun har arbeidet med både i sin doktoravhandling og i seinere arbeid. Inge Særheim (Stavanger) tok for seg stedsnavn i den muntlige tradisjonen som kjelder til kjennskap og kunnskap om lokal dialekt og kulturhistorie.

Innleggene fra våre nordiske kollegaer er det ikke plass å gå innpå her, men når konferanserapporten en gang i framtiden blir publisert på nettet, vil norske onomaster og navneinteresserte kunne få et inntrykk av bredden og kvaliteten i nordisk og internasjonal navneforskning.

Som vanlig ble det arrangert ekskursjoner for deltakerne, blant annet til Loch Lomond, Robert Burns fødested og museum, og selvsagt til et whiskydestilleri.

Ole-Jørgen Johannessen
ole-jørgen.johannessen@lle.uib.no

UNGEGN-MØTE I NEW YORK 28. APRIL–2. MAI 2014

Den 28. sesjonen av UNGEGN vart halden ved FN-hovudkvarteret i New York 28. april–2. mai 2014. UNGEGN står for United Nations Group of Experts on Geographical Names (på norsk FNs ekspertgruppe for stadnamn). Oversyn over dokument og program finn ein på denne internettsida: <http://unstats.un.org/unsd/geoinfo/ungegn/ungegnSession28.html>.

Enklast er det å søkja på «UNGEGN» på internett-søkjestrengen, og derfrå kan ein navigera seg fram til ulike typar dokument. Her kan ein òg finna fram til dei presentasjonane (*working papers*) som vart lagde fram og diskuterte på dei einskilte sesjonane. Ekspertgruppa møttest til sesjonar annakvart år, det vil seia to gonger mellom konferansane som vert haldne kvart femte år. UNGEGN er inndelt i 24 geografiske/språklege divisjonar, og Noreg høyrer med i Den nordiske divisjonen. Frå Noreg møtte desse: Lisa Monica Aslaksen frå Sametinget, Karasjok/Kautokeino, Botolv Helleland frå Språkrådet, Oslo, og Kjetil Ringen frå Kartverket, Hønefoss.

Når det gjeld dei andre nordiske landa, så møtte to frå Danmark, tre frå Finland og tre frå Sverige. Fellesmeldinga frå Den nordiske divisjonen var redigert av leiaren, Peder Gammeltoft frå Danmark, tufta på materiale frå dei einskilte landa. Denne meldinga ber tittelen «Report of the Norden Division», W.P. 24/4. Frå norsk hald vart det framført seks presentasjonar: 1) «Manglande gjennomføring av lov om stadnamn og lov om samisk språk på vegskilt», WP. 46/7 (Lisa Monica Aslaksen); 2) «Det norske sentrale stadnamnregisteret/SSR» (foredrag ved Kjetil Ringen); 3) «Revidert versjon av kartografiske retningslinjer/Toponymic Guidelines», W.P. 23/17 (Kjetil Ringen og Botolv Helleland). Elles finn ein Toponymic Guidelines på heimesida til Kartverket.

Vidare presenterte Botolv Helleland desse sakene: 4) «Konflikten mellom offisiell og privat skrivemåte av stadnamn», W.P. 68/16; 5) «Den noverande og framtidige situasjonen for namnegransking», W.P. 43/18; 6) «Oversyn over divisjonsrapportane», W.P. 77/4. Den engelske teksten av desse presentasjonane finn ein ved å gå inn på UNGEGN Session 28 Documents. Til saman var det med 164 representantar frå 53 land pluss 8 observatørar, m.a. ein frå Google Maps. Om lag 80 presentasjonar eller «working papers» vart lagde fram.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

ANNA MELDINGSSTOFF

NYOPPDAGA SKULEBARN SOPPSKRIFTER FRÅ 1935

«Det er ikkje kvar dag vargen skit på gruvesteinen», seier ordtaket. Om-trent like uvanleg er det vel at nesten åtti år gamle namneoppskrifter kjem til rettes. Men i sommar skjedde dette i Rissa i Sør-Trøndelag. Da kom Gjertrud Aadnekvam Fagerhaug til historikaren Eilert Bjørkvik med ein bunke skulebarnsoppskrifter frå 1935. Dei hadde lege blant ein del papir far hennar hadde etterlate seg. Oppskriftene vil no bli arkiverte ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, NTNU (universitetet i Trondheim).

Ordet «skulebarnsoppskrifter» siktar til ei innsamling av stadnamn som namnegranskaren Gustav Indrebø sette i gang i 1930-åra. Han var da tilsett ved Bergens Museum, og innsamlinga vart organisert derifrå. Gjennom skuledirektørane vart spørjelister med ei orientering om arbeidsmåten sendt ut til folkeskulane. Planen var at elevane skulle skrive opp stadnamn frå inn- og utmark på kvar sin gard, som oftast vart det vel heimgarden. «Skriv opp her alle namn som du veit på bruket dykkar!», lydde oppmodinga.

Innsamlingsarbeidet kom i gang etappevis. Først i eit mindre område på Vestlandet. Deretter alt Vestlandet, og frå 1935 femna tiltaket heile kongeriket. I ettertid må vi seie at dugnaden vart ein suksess, sjølv om talet på oppskrifter frå dei ymse bygdene og skulane varierte mykje. Frå null til mesta full dekning, kan vi slå fast. Det vart vel avgjerande kor interessert læraren var.

Far til Gjertrud, som fann att oppskriftene, heitte Bernhard Aadnekvam (1898–1986) og var i si tid lærar ved Sunde skule og seinare skuleinspektør i Rissa kommune. Han var opphavleg vestlending, frå Masfjorden i Hordaland. Lærar Aadnekvam hadde sikkert tenkt å sende oppskriftene til Gustav Indrebø og Bergens Museum. Av ein eller annan grunn vart det aldri gjort. Vi ser at Aadnekvam har teke imot oppskrifter frå andre skulekretsar. Truleg har han vore ein slags samordningsmann for arbeidet i Rissa. Grunnen til at listene aldri vart sendt inn, kan vera at Aadnekvam venta på materiale frå andre skular i bygda. Dei innkomne originallistene frå heile landet er no arkivert ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (tidl. Nordisk institutt), Universitetet i Bergen.

Namnelistene frå Rissa kjem frå Sunde skule på Føl, Skalmerås skule i Skaudalen, skulen i Hasselvika og Bergmyran skule. Den siste hadde elevar både frå Rissa og Verran i Nord-Trøndelag. Til saman er det 44 namnelister. Talet på oppskrivne stadnamn veit eg ikkje, da mange namn er notert fleire gonger.

Kor stor prosent av alle namn som fanst på gardane greidde ungane å registrere? Det veit vi heller ikkje, men prosenten varierer sikkert mykje. På gamle gardar og helst der same slekta har budd lenge, kan det vera regi-

strert over hundre namn, men seksti–sytti er nok vanlegare i listene frå Rissa. På unge bureisingsbruk er namnetalet naturleg nok langt lågare. Namnelista frå bureisingsbruket Vesterheim inneheld berre to namn (eitt på innmark, eitt i utmarka). På eit anna bureisingbruk i Rissa er notert fem namn og på eit tredje sju namn: tre heime, tre i utmark og eitt på fjellet. Om bruka er i drift framleis, kan namnetalet kanskje vera større i dag. På dei eldre bruka må ein derimot rekne med namnetap. Om ein vil skrive opp stadnamn på dei same gardane i dag, kan namnelistene frå 1935 vera til stor hjelp for å få folk til å hugse halvglømte namn.

Namnegranskarar kan naturlegvis finne mykje interessant i listene, men i mange høve kan dei vera likså verdifulle for lokalhistorikarane og folk med tilknytning til gardane og bygda. Ein må berre vera merksam på at skulebarnsoppskriftene har sine manglar. Namna er ikkje kartfesta, og heller sjeldan får vi vita kva slags lokalitet namnet gjeld. Det er viktige opplysningar at *Neglin* er eit fjell og *Skinnfellen* ei ekre. Men kva slags lokalitetar skjuler seg bak namn som *Julaftan*, *Rakkelhanen* og *Svala*? Det visste nok heimelsfolka. Somtid visste vel ungane også, men ingen forstod at slike opplysningar kunne vera viktige. Heller ikkje læraren, ser det ut for, og spørjelista gav inga orientering om dette.

Utmerkingsledda i namn som *Storhammaren*, *Litlheia* og *Svarthallaren* er enkle å forstå. Slik er det ikkje i alle stadnamn. Da er det fint å få opplyst at *Smølhaugan* har fått namn etter «et fint gras der som kaltes smøl». Det vil seie planta *smyle* (*Deschampsia flexuosa*). Dette plantenemnet er ikkje omtala i *Trønderordboka* (2. utg. 2002), men Ove Arbo Høeg (1974) kjenner det frå Nord-Trøndelag. Same opphav har nok namnet *Smølåsen* på ein annan gard i Rissa. Vanlegvis gir ikkje skulebarnsoppskriftene slike opplysningar, men unntaka er likevel mange. At *Krukendalen* i Rissa har fått namn etter ein anleggsbas Kruken frå Leksvika, er eit anna eksempel. Det er også greitt å få vita at *Brannen* i utmarka til garden Sollia (gnr. 72) skal ha vore ein «pinseleiksplass». Her har dei altså feira pinse og brent bål. På *Vergmyra* fortel oppskrifta at «Ein vetle (unghest) vart ihelrive av ein verg» (varg).

Namneseegner og folkeetymologiar som prøver å tolke stadnamn, treffer sjeldan blinken, men har likevel meir enn underhaldningsverdi. Dei fortel at folk har interessert seg for opphavet til gamle stadnamn og prøvd å finne forklaringar. At dei ofte tok feil, er lett å forstå. Namnetolking kan vera vanskeleg nok for fagfolk. Skulebarnsoppskriftene frå Rissa har mange døme på folkelege namneforklaringar som neppe gir fasitsvar: *Laupheimen* er eit dunkelt namn i utmarka. Her «hev ein gong vore seter», fortel oppskrifta. «Ein gong vart rømmen stole burt, då løypte setertausa heim.»

Skrivemåtane kan by på fallgruver for den som ikkje kjenner dialekten godt nok. Det er ikkje utan vidare godt å forstå at sisteleddet i namnet «Musudita» er fleirtal av ordet *dike* 'gjørmehol'. Ein lyt også kjenne dia-

lekten for å skjønne at «musu» er det same som mjølkeslaget *myse*. Skrivemåtar som «Tuddu», «Betjaskogan» og «Lassenet» (-enget) blir også forståelege når ein kjenner målføret.

Om generell verdi og bruk av skulebarnsoppskriftene har elles Ola Stemshaug skrive kloke ord:

Ikkje minst i ein pedagogisk samanheng kan oppskriftene utnyttast, og alle ungdomsskolar og vidaregåande skolar burde ha kopiar av listene for sine opptaksområde. Dei er ofte utruleg gode kjelder til kunnskap om eldre næringsverksemd og lokal kulturhistorie i vid forstand. (*Årbok for Fosen* 2006, s. 134)

Til slutt kan ein gjerne stille spørsmålet: Finst det fleire glømte skulebarnsoppskrifter frå 1930-åra? Dei som eventuelt sitt på slikt tilfang, bør ta kontakt med det lokale historielaget eller næraste universitetet. Glømmeboka er ikkje rette arkivet for slikt materiale.

Kolbjørn Aune
kolbjorn.aune@hotmail.com

ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

MANNEN RØRER PÅ SEG

Sist haust var det mykje snakk om Mannen i Rauma. Han rørde på seg nesten kvar dag, til stigande spaning for både lokalfolk og mange andre som venta på det store raset. På seinhausten roa han seg litt, men geologane fylgjer nøye med. Kvar millimeter vert målt og vurdert. Når det støkk ut, veit dei ikkje, dei veit berre at før eller seinare vil ein stor del av denne svære fjellhamaren buldra nedover fjellsida og i verste fall gjera stor skade. Mannen vil melda seg når tida er inne.

Kva er det som ligg til grunn for dette namnet? Enklast kan ein seia at fjellet har teidd seg som ein mann for namngjevarane. Ein må nok ha ein viss fantasi for å sjå det slik, men i eldre tid var folk mykje meir merksame på nyansar i naturen. Stadnamna avspeglar eit mylder av former og førestellingar, og mange av dei viser til ord for menneske og kroppsdelar, men òg dyr og lemer på dyr er vanlege motiv. Såleis møter ein ofte stadnamn som *Oksen*, *Geiteryggen*, *Aksla* og *Mulen*. Det er altså tale om samanlikningsnamn eller metaforiske stadnamn. *Blåmanen* i Bergen og Samnanger vert stundom mistydd som «mann», men her er det tale om *man* som i *hesteman*, ‘faks’. Det same gjeld *Hestmannen* i Nordland, her er *Hestmona*

rett skrivemåte. I Kinsarvik finst *Månena* om ein langstrekt åsrygg. Alle desse er gjevne ut frå ei samanlikning med ei *man*.

Mannen i Rauma er ikkje den einaste i sitt slag i den norske namneverda. Dersom ein slår opp på Norgeskart på internett og søker etter «Mannen», får ein opp 13 tilslag, for det meste frå Vestlandet og nordover. Men om ein saumfer namnelandskapet meir i detalj, ville mange fleire koma til syne. På Hardangervidda står ein stor varde som vert kalla *Mannen på Brottefonna*. Han er synleg på lang fråstand i båe retningane.

Når ein finn ordet *mann* i stadnamn, skulle ein venta *kone* òg. Dette ordet er ikkje så vanleg, men det finst visseleg. På Karmøy har ein ordet i det samansette namnet *Konefjellet*. *Kjer(r)ing* er derimot meir utbreidd. *Kjerringfonna* er namn på ei fonn nedunder Mannen i Rauma. Ein finn elles *Kjeringa* som fjellnamn i Høyanger og *Kjering* om toppen på ei bratt oppstiging på ein fjellveg i Kinsarvik.

Andre personnemne i stadnamn har me i *Bispen*, eit nokså vanleg fjellnamn, mellom anna i Rauma det òg, sørvest for Mannen. *Presten* og *Prestkona* på Hardangervidda og *Klokkaren* i Meland er med på å fylla ut det geistlege biletet. Men også andre ord for embetsmenn og styrande har fest seg i stadnamn, som *Futen* i Kvinnherad, *Skrivaren* i Ålesund, *Hovmannen* i Lofoten. Det same gjeld dei kongelege; *Kongen* finn ein mellom anna i Lærdal, *Prinsen* i Kvænangen, *Dronninga* i Hjelmeland. Alle desse fjella eller haugane har gjerne ein framskoten plass i terrenget.

Bak slike «vyrdelege» namn ligg nok både ei konkret samanlikning med ein formasjon som merkjer seg ut i lendet, men ofte kan ein òg merka ein ironi eller skjemt bak dei. Ein bisp er noko over det vanlege, det kan ein vel seia om dei andre titlane som er nemnde òg. Ofte er dei oppstilte parvis, som *Presten* og *Klokkaren* eller *Presten* og *Prestkona*. Rangen dei har i høve til kvarandre kjem då til uttrykk i storleiken på fjella. *Mannen* og *Kjeringa* synest litt meir folkelege, men ein sosial skilnad kan koma til uttrykk mellom dei òg ved at *Kjeringa* ragar litt mindre i terrenget.

Det kan tenkjast at *Mannen* i Rauma vart påført ein tilleggsegenskap då namnet vart gjeve, som noko farleg, upåliteleg, noko det stod age av. Det er forska lite omkring dette, men ein veit at ein del lokalitetar har namn som går på overførde eller «sjelelege» eigenskapar. Til dømes har ein merkt seg at mange bår og skjer med namn på *Kjering-* ligg slik til at dei er farlege for skipsferdsla. Eit anna namn som dei båtreisande måtte merkja seg, er *Galten* som ofte er namn på farlege undervasskjer. *Stykmødrene* talar for seg – dette namnet er nytta om ei upåliteleg snøfonna langs ein stølsveg på Hardangervidda. Om dette upålitelege gjeld *Kjerringfonna* i Rauma, skal vera usagt. Kva Mannen i Rauma finn på, får me berre venta og sjå.

TO ETYMOLOGISKE NORMERINGSEKSPERIMENTER I STAVANGER

Et hovedprinsipp for normeringen av stedsnavn, slik det er nedfelt i stadnamnlova, er at nedarvet uttale skal legges til grunn for skrivemåten. Samtidig skal det tas rimelig hensyn til gjeldende norsk rettskrivning. Hvordan disse to hensynene skal veies mot hverandre, vil i praksis innebære mye skjønn. Men noe ligger også fast. Generelt vil hensynet til rettskrivningen medføre at skrivemåten føyer seg etter alminnelige regler for norsk ortografi. Det vil si at en unngår å bruke unorske bokstavtegn (*c, q, w, x, z*) i navn med heimlig ordinnhold. Det vil også si at en unngår bokstavkombinasjoner og/eller grafiske virkemidler som bryter med alminnelige regler for skriftfesting av norsk språk.

Selv om nedarvet uttale er et grunnfestet prinsipp, er det likevel ikke slik alle dialektdrag blir gjengitt. Rettskrivningen blir det gjerne tatt litt ekstra hensyn til hvis navneinnholdet består av svært vanlige ord. For eksempel skriver en *Sandvik* og *Haugen*, og ikke de ortofone alternativene som kunne ha vært «Sannvik» og «Hauen». En normal skrivemåte vil f.eks. også være *Midteidet*, ikke det ortofone alternativet «Mitteie».

Når vi tilpasser skriftformen til rettskrivningen, oppnår vi som regel at navnets historiske ordinnhold trer tydeligere fram for flere brukere, og navneformen blir lettere tolkbar og mer gjennomsiktig. En normering som vil framheve det ordhistoriske innholdet, kalles *etymologisk* normering. En skrivemåte kan være mer eller mindre etymologisk, og den kan være mer eller mindre ortofon. For eksempel er skrivemåten «Øygaren» utpreget ortofon, mens «Øydgården» er utpreget etymologisk. En kompromissform er «Øygarden», som mange navnenormerere i praksis ser ut til å foretrekke. Eksemplet viser også en vanlig konsekvens av det å ta etymologiske hensyn: Tallet på bokstavtegn øker, fordi visse språklyder har falt bort i tidens løp. Å skrive navn slik at deler av bokstavinnholdet ikke svarer til noen uttalt lyd, har også sine klare ulemper. Skriftbildet kan føles unødvendig komplisert. Derfor kan en etymologisk normering av og til bli unngått, selv om ordinnholdet består av vanlige ord. For eksempel finner vi på offisielle kart skrivemåter som *Halveg* (gard i Jostedal, Sogn og Fjordane) og *Bjerkrheim* (kommunenavn i Rogaland), og ikke de etymologiske alternativene som vil være «Halvveg» og «Bjerkrheim».

En etymologisk normering kan naturligvis bare gjøres for navn der ordinnholdet er kjent. Hvis ordinnholdet ikke lar seg sikkert bestemme, skal skrivemåten være så nær uttalen som mulig, men fremdeles slik at ortografiske og grafiske regler blir fulgt. Rettskrivningsreglene setter også klare begrensninger på hvilke etymologiske hensyn som kan tas. For eksempel tillater ikke rettskrivningen noen markering av den historiske ordgrensen i en sammensetning. Som illustrasjon kan vi ta navneformen *Levang*, navn på en

gard i Kragerø kommune. Det er et såkalt *anger*-navn. Den historiske morfemgrensen går altså mellom *v* og *a*. I Randaberg, like nord for Stavanger, er det en gard som skrives på samme måten som slektsnavn, men her er det tale om et nyere *vang*-navn. (Den eldre formen skal ha vært **Leikvang*, visstnok seinere omdannet til *Leikvoll*, se NG.) De to synkront identiske navneformene er altså historisk sett totalt forskjellige. Den historiske motsetningen kunne teoretisk ha vært markert slik: Lev|ang, Le|vang. Men det gir norske skriftkonvensjoner ikke anledning til. En slik etymologisk normering må derfor bare kunne betegnes som avstikkende og eksperimentell.

Utslag av historiske språkforhold er noe en ofte finner i normerte navneformer, og det er fordi mangt i moderne rettskrivning bygger på historiske, dvs. etymologiske prinsipper. Mindre vanlig er det derimot å komme over tilfeller der fascinasjonen for etymologi har fått et slikt overtak at de vanlige skrivereglene er satt til side. Men slike tilfeller finnes. Og to slike skrivemåter fra Stavanger-området skal vi se nærmere på her. De to navneformene det er snakk om, er *Hafrsfjord* og SIDDISHALLEN.

Det første navnet ville med en normal uttaletilpasset normering ha hatt skrivemåten «Hafsfjord(en)», slik en også finner på eldre kart. Ifølge Inge Særheim (i *Stadnamn i Rogaland*, 2007) har en eldre bygdeuttale vært /"haffjo:r/ (muntlig meddelelse, også oppgitt i *Norsk stadnamnleksikon*), men denne er lite brukt i dag. En rekke stavangerfolk jeg har snakket med, opplyser at de aldri har hørt denne eldre bygdeuttalen. O. Rygh bruker i NG skrivemåten «Hafsfjorden». På 1900-tallet har den høyst spesielle skrivemåten «Hafrsfjord» fått gjennomslag, ja, til og med som offisiell skrivemåte, trass i at en slik ortografi ikke har noen plass i norsk rettskrivning, og trass i at en slik kombinasjon av konsonanter i et stavelsesrim, /afrs/, er en helt umulig fonologisk struktur i norsk talespråk, noe det også vil være i de aller fleste verdens språk. Og når en slik avstikkende opphopning av konsonantsekvenser, «-frsfj-», heller ikke reflekterer nedarvet uttale, bare historiske prinsipper, er det ikke annet å si om «Hafrsfjord» enn at skrivemåten er klart normstridig – hvis lov om stadnamn skal bli fulgt.

En etymologisk skrivemåte av en helt annen karakter har det mer uoffisielle, men likevel mye brukte navnet på Stavanger Ishall fra slutten av 1960-årene, *Siddishallen*. Navnet består av tre ledd, men er sammensatt av to ordformer, *Siddis-* og *-ishallen* (ordet *siddis* betegner person fra Stavanger, ganske sikkert fra engelsk *citizen*). Skriftformen må forstås som skapt fra navngivermiljøets side, der noen har tenkt en språkendring vi på fagspråket kaller *haplologi*, det vil si en lydendring der den ene av to like stavelser etter hverandre faller bort (som f.eks. *fremmedordordbok* > *fremmedordbok*). Her er **Siddisishallen* blitt forenklet til *Siddishallen*, og det er en skrivemåte som til vanlig er brukt. Men på inngangspartiet på selve bygningen er normeringen annerledes. For å markere at midtleddet historisk sett har like mye tilknytning til forleddet som til sluttleddet, er navnet skre-

vet slik: SIDDISHALLEN. Det vil si: Midtleddet «IS» er også skilt ut med litt ekstra tegnnavstand, altså en tendens til særskriving, men jeg ser vekk fra dette her. Det vi ser, er en overtredelse av de begrensningene som rettskrivningsreglene setter på å kunne framheve et navns historisk-morfologiske struktur.



Siddishallen, januar 2014. Ishallen var da under ombygging og modernisering. (Foto: Vidar Haslum)

Hvis vi skulle gi en vurderende sammenlikning av disse to normeringseksperimentene fra Stavanger-området, kunne vi operere med ni variabler som vist i skjemaet under. De to første gjelder formelt virkeområde. De tre neste gjelder forholdet til gjeldende normeringskriterier (systemhensyn eller indre språkhensyn). De fire siste gjelder forholdet til mottakerne (kommunikative hensyn eller ytre språkhensyn).

Vurderingskriterier:	«Hafrsfjord»	«SIDDISHALLEN»
Offisiell	Ja	Nei
Situasjonsbestemt	Nei	Ja
Uttalenær	Nei	Ja
Ortografisk normriktig	Nei	Ja
Grafisk normriktig	Ja	Nei
Påfallende	Ja	Ja
Kreativ	Nei	Ja
Instruktiv	Nei	Ja
Praktisk	Nei	Nei

Det som disse to normeringeksperimentene har felles, er at begge på en påfallende og normstridig måte framhever det etymologiske; ellers er de to eksemplene svært så ulike. Noe som er oppsiktsvekkende ved «Hafrsfjord», er at skrivemåten som nevnt har oppnådd å bli offisiell. «Hafrsfjorden» er brukt på offentlige kart og «Hafrsfjord» er i bruk som postadresse. Skrivemåten «SIDDISHALLEN» er derimot situasjonsbestemt, som navneskilt over inngangspartiet på navnebæreren. I andre kontekster, som i løpende tekst, viser Google-søk at skrivemåten «Siddishallen» er den som normalt er brukt, altså skrevet som ett ord (ikke særskriving av leddene). Mens «Hafrsfjord» er ortografisk normstridig, er «SIDDISHALLEN» grafisk normstridig. Det sistnevnte påfunnet må kunne betegnes som både kreativt og instruktivt.

De som besøker Siddishallen, og som leser «SIDDISHALLEN» over inngangspartiet, vil lett forstå grunnen til å skrive «IS» med større skrift, og det er vel ikke unaturlig at noen og enhver vil trekke litt på smilebåndet når de oppdager en slik kreativ lek med bokstaver. Påfunnet «Hafrsfjord» har derimot lite med kreativitet å gjøre. Formen er en kopiering av den gammelnorske stammeformen av navnet, så langt moderne grafiske konvensjoner tillater det. Begripelig er «Hafrsfjord» bare for de filologisk innvidde; for resten virker en sånn merkelig form bare forvirrende.

Praktiske og funksjonelle er det neppe grunn til å betegne noen av de to normeringeksperimentene som. Han som skriver, har hatt «Hafrsfjord» som postadresse i de siste åtte år (men nå er det slutt). Det har vært tungvint – men ikke håpløst. Egentlig er det utrolig hvor greit mange ting går hvis en bare er litt tålmodig og legger godviljen til. Framgangsmåten jeg har brukt for å overvinne de kommunikative utfordringene som den påtvungne befatningen med et så eksepsjonelt normavvik stadig vekker medfører, er denne: Når jeg snakker med noen i telefon og de spør etter privatadressen min og jeg har sagt at postnummeret er 4046, forsøker jeg på en rolig og tydelig måte å si ifra om at «adressenavnet har en stavemåte som er komplisert, merkelig og høyst uvanlig». «Ja vel», sier det i den andre enden av røret. «Første del av navnet har bokstavene H-A-F-R-S», sier jeg. «Det var veldig rart», sier det i den andre enden. «Ja», sier jeg, «men sånn er det». Når denne vansken er overvunnet, går resten (dvs. «fjord») som regel glatt.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uia.no

STADNAMN SOM SYMBOL

Vi veit at stadnamn engasjerer. Skrivemåten til namn er viktig – skal det heite *Finnkroken* eller *Finnkrokan*, *Ågskaret* eller *Ågskardet*? Her kan det vere både ulike og sterke meiningar om kva for språkform som skal brukast. I fleispråklege samfunn kan ein og same stad få namn på meir enn eitt språk, og bruken av namn i fleispråklege samfunn kan by på utfordringar. Vi har sett korleis sinna blir sette i kok om minoritetsspråklege stadnamn kjem inn i domena til eit majoritetsspråk. Då det lulesamiske namnet



Bådådđjo kom på vegskilt saman med *Bodø* i fjor, blei bruksområdet til namnet utvida frå det munnlege og private til det skriftlege og offentlege. Reaksjonane på at bruken av namnet hadde fått eit nytt domene, blei svært sterke – både blant dei som var for og imot. Då diskusjonen om at *Tromsø* skulle skiltast med det samiske parallellnamnet *Romssa* også kom i 2011, var ikkje temperaturen i ordskiftet lågare enn i Bodø. Korfor er det slik? Kva er det med stadnamna som skaper slike sterke reaksjonar?



Omgrepet stadnamn er sjølvforklarande. Det er namn knytte til ein stad. Eit namn er ei språkleg eining som viser til noko utanfor seg sjølv – ein stad i verda. Vi kan seie at stadnamnet er eit språkleg symbol som representerer ein bestemt stad, men det er meir enn ein lokalitet som blir assosiert til eit stadnamn. Stadnamn kan representere dei verdiane som folk knyter til språket og kulturen som namnet inngår i og kan derfor stå som symbol for utanomspråklege verdier. Slike verdier kan vere både positivt og negativt ladde. Etter at den norske staten har utøvd ein streng assimilasjonspolitik rett mot samar og kvenar gjennom meir enn hundre år, har mange menneske fått ei negativ oppfatning av dei verdiane som er knytte til samisk og kvensk språk og kultur. Desse nega-

tive verdiane er blitt innpoda i både nordmenn, samar og kvenar, og vi har sett korleis innarbeidde negative haldningar har blitt retta mot samiske stadnamn som *Bådådjo* og *Romssa*.

Når samisk og kvensk språk blir synleggjorde i form av eit stadnamn på eit vegskilt, blir språkvanar og haldningar utfordra. Eit stadnamn på eit vegskilt er eit synleg prov på at eit språk er til. Det finst. *Bådådjo* og *Romssa* symboliserer at samisk språk og kultur er til stades i nordnorske byar – ikkje berre på fjellet eller i indre Finnmark. Namna utfordrar ei oppfatning om kvar vi finn det norske, og kvar vi finn det samiske. Når stadnamn finst i eit område, er dei tydelege merke på at ein kultur høyrer til og har ei historie i området. Verken *Bådådjo* eller *Romssa* er namn som nyleg har blitt laga av sameaktivistar. Ser vi nærmare på dei samiske namna, oppdagar vi at dei er lydlege tilpassingar av meir genuine norske namneformer enn dei som i dag er brukte i norsk. Dagens norske namn, *Bodø* og *Tromsø*, er som kjent former som blei til i dansketida. Men vi kjenner til ei eldre norsk uttaleform av *Bodø*, nemleg [²båddøya] (mellomalderskriftformer finst også), og vi har skriftlege belegg som *Tromsen* og *Tromsa* av det gammalnorske *Trums*. Dei samiske namna er verdifulle på mange ulike vis. Språkhistorisk sett er dei verdifulle for å forstå og dokumentere språkhistoria til dei norske namneformene som dansketida har viska ut, og dei synleggjer også at norsk og samisk språk har eksistert side om side med kvarandre gjennom lang tid. I staden for å ergre oss over at vi har ein fleirspråkleg kulturarv, bør vi sjå på dei fleirspråklege namna som ein viktig arv vi skal ta vare på og føre vidare. Det kan vi gjere om vi respekterer at vi har eit fleirspråkleg samfunn og gjer det synleg i det offentlege rommet.

Aud-Kirsti Pedersen,
namneansvarleg for Nord-Noreg
aud.kirsti.pedersen@kartverket.no

EIT DRØSS ERIK HOLDEN – OG KORLEIS SKILJE DEI ÅT

I Hollagrenda rundt garden Holla (gnr. 100) i Hemne (Sør-Trøndelag) levde på 1900-talet fleire som skreiv seg *Erik Holden*. *Holden* er ein eldre skrivemåte av gardsnamnet *Holla*. Denne skriftforma blir no berre bruka i familienamn. Namnet *Erik Holden* vart lite presist når mange heitte det same. Dette skapte ein del vanskar ved at brev og annan post ofte kom feil. I skrift prøvde dei å løyse problemet ved å bruke patronymikon (fars namn + *-sen*) eller førebokstaven i namnet åt faren. Altså slik:

Erik Brynjulfsen Holden (1860–1941), *Erik Olsen Holden* (1903–1986), *Erik Olafsen Holden* (1917–2006), *Erik B. Holden* (1927–1983), *Erik O. Holden* (1861–1916) og sonen *Erik E. Holden* (f. 1900).

Dessutan fanst ein *Erik Holden* på Skeiet. Også han ætta frå Holla, men hadde postadresse Vinjeøra og var problemfri i denne samanhengen. Dei fire første på lista fekk smaka namneproblemet mest. Den nest siste omkom i ei ulykke i 1916 og levde samtidig med berre to av karane, og sonen Erik flytta til Steinkjer like etter andre verdskrigen.

Eit par eldre Erik Holden bør nemnast: *Erik Rasmussen Holden* (1812–1883) på Framgarden og den kjente haugianaren *Erik Olsen Holden* (1799–1861) i Olagarden. Desse to var innflyttarar til bygda, men tok gardsnamnet *Holden* som etternamn. Begge vart kalla *Erik Hålljn* (dativ) eller *Erik Rasmussen* og *Erik Olsen* utafør heimgrenda. Hollabyggene (folk i Hollagrenda) sa *Erik frampå Garda* eller *Erik Rasmussen* og *Erik Olagarda*.

Tradisjonell oppkalling førte til at så mange vart døypt Erik i Hollagrenda. Den eldste guten fekk førenamnet til farfaren, medan neste gut arva namnet til morfaren. Dersom mora var jordtaus, kunne det gjerast unntak og den førstefødde bli oppkalla etter morfaren. Vi har døme frå Hemne på at eit tvillingpar vart døypt *Ola* etter kvar sin bestefar. Det syner at kravet til oppkalling var sterkt og vart nøye etterlevd.

I dagleg tale i heimgrenda og til dels utafør rådde eit anna system enn det som vart praktisert i skrift. Da vart namnet på buplassen bruka for å skilje karane åt. Eller det kunne brukast patronymikon. Buplassnamnet fekk da dativform. Erik vart i målføret alltid uttala /erek/. I stadnamn finst døme på at namnet i eldre tider til dels har vorte uttala /erk/. Dei seks karane ovafor vart da i same rekkefølge omtala som:

Erik Brynnelsen eller *Brynnel-Erik*, *Erik ni Svingja*, *Erik Olafsen* eller *Olagarda*, *Erik Berntsen*, *Erik Olagarda* (d. 1917) og *Erik Myro*. (*Brynnel* er dialektforma av *Brynjulv*).

Varianten *Brynnel-Erik*, der namnet på faren står først, var slett ikkje uvanleg. Til og med namnet på kona kunne brukast for å skilje mannen frå andre med same etternamn. Fleire heitte Johan Sæther, men berre éin var gift med Gusta og kunne kallast *Gusta-Johan*.

Det fanst fleire med Erik-namn i Hollagrenda, men dei heitte ikkje Holden: Erik Øyen (Gammelauna), Erik Fagervold (Bæksan), Erik Aune (Auna eller Holta), Erik Myrhaug (Svarthaugja), Erik Sæther (Setern) og Erik Øien (Øyo eller Vikøy). Alle desse hadde forskjellige etternamn skriftleg. Dei mange *Erik*-namna i denne gruppa skapte derfor få problem. Alle kjente fjesa og visste kor dei budde. Einast dei to som skriftleg heitte *Øyen* og *Øien* i skrift, kunne bli blanda saman. Da ein av karane i 1950 fekk eit

barnebarn, som etter tradisjonen burde heite *Erik*, vart guten døypt og kalla *Eirik*. Dette gjorde dei ikkje for redusere talet på Erik-ar, men for å unngå at bestefaren vart kalla «Gammel-Erik», som var og er eit populært namn på djevelen. Elles kunne vi ha nemnt *Erik Sagen* (1826–1910) og sonen Erik (f. 1865), som begge skreiv seg *Sagen*. Den siste kalla dei *Litl-Erik* i oppveksten, men som gift og husmann i Lykkja vart han *Erik Lykkjan*. Våren 1902 reiste han til Amerika og er ute av denne saga.

Liknande døme kunne nok hentast frå andre grendelag i landet. Temaet er naturlegvis ikkje av dei viktigaste i namnegranskinga, og har derfor fått liten omtale. Men for dei mange som gjekk tett på kvarandre og bar same namn, skapte namnebruken ein del praktiske vanskar. Først og fremst i skriftleg kommunikasjon.

Botolv Helleland skreiv i 1981 ein artikkel i *Talatrusten* med døme frå grenda Opedal i Ullensvang der «det [har] budd opp til 20 personar samstundes som alle har hatt døypenamnet Olav og etternamnet Opedal». Her viser han korleis dei skilde mellom namneberarane ved tilnamn av ymse slag. Artikkelen har tittelen «Ola no, Ola før, Ola fyre før» og fortel om ei heller uvanleg løysing på problemet.

I dag lever ingen av Erik Holden-karane som er omtala ovafor, og einast ein liten gutunge (f. 2010) heiter *Erik Rindal Holden*. Han er oppkalla etter oldefaren Erik Olafsen Holden. Namneutvalet har vorte større, og kravet til oppkalling er ikkje lenger strengt. I tillegg kjem at svært få i grenda ber familienamnet *Holden*. Det er derfor liten sjanse for at problema med «eit drøss Erik Holden» dukkar opp igjen.

Kolbjørn Aune
kolbjorn.aune@hotmail.com

MINNER FRA EN INNSAMLINGSSOMMER PÅ HADELAND

Innsamling av stedsnavn er alltid så mye mer enn å kartlegge navn. Ikke minst er det møte med mennesker. Da jeg i 1990 første gang syklet «nyveien fra 1927» fra Flatlagårdene mot Bjørge, der den gamle trekirken hadde ligget i middelalderen, var jeg spent på å finne den riktige gården. Det stod en eldre kar i busserull med en spade akkurat der gutua fra veien tok av mot tunet til gården. Jeg stoppet og så forventningsfull på den tilsynelatende opptatte mannen. Han gløttet opp. «Er dette Bjørge?» spurte jeg. «Hva skal du der?», kom svaret. Jeg gjorde rede for mitt navn, Universitetet i Oslo og innsamlingen av stedsnavn og spurte på nytt om dette var den Bjørge-gården der den gamle kirken lå. «Ja, den lå der den», sa han og pekte ned på det lave vedskjulet. Jeg ble overveldet. Kontakten var opprettet, og jeg fikk komme

bak vedskjulet der han pekte ut det han mente var laftesteinene til den gamle kirken. Nå stakk de opp mellom brenneslen på den lokaliteten som i dag bærer navnet «Grisbingen bak skjulet» (tidligere middelalderkirkegård). Jeg ble stående på kirketomten og stirret utover Viggadalen og syntes formelig å høre de klokkene som engang klang utover dalen.

Mine informanter fortalte om livet langs elven som gikk i krok og sving. Her spratt det ørret på opp til 10 kilo. Og her var liv og skrål i badekulpene. «Brukulpen» var viden kjent, og flere skolebarn lærte å svømme der. Min informant fra Vøyen forteller om Grini «at i slåttonna, når hesta måtte svette, rei dom neri 'Brukulpen' og vaska hesta sine der». «En annen kulp i Vigma het 'Hestekulpen'», fortsatte han ivrig: «Det var også stor hesteavl i Hvalsgårda og på Vøyen, men den siste følemerra vi hadde, den fola så nærme elva at da folungen skulle reise seg, så datt'n i. Etter det vart'n hetendes 'Viggfall', og det all si tid.»

Jeg lytter til lydbåndet fra den gang og hører den ivrige stemmen ønske meg velkommen tilbake. Jeg takker pent for meg, men blir avbrutt av informantens overskuddspregede «men ...». Deretter kommer et ubarmhjertig klikk på opptaksutstyret, og alt blir stille. Her kunne jeg ha fått med så meget mer.

Beate Kraggerud
beate.kraggerud@gmail.com

BOKOMTALAR

NAMN PÅ STORT OG SMÅTT OG MEIR TIL

Namn på stort och smått. Vänskrift till Staffan Nyström den 11 december 2012. Red. Katharina Leibring (hovudred.), Leif Nilsson, Annette C. Torensjö og Mats Wahlberg. (Skrifter utgivna av Institutet för språk och folkminnen. Namnarkivet i Uppsala. Serie B: 12.) Uppsala 2012. 340 sider.

Til ære for professor Staffan Nyström, Seminariet för nordisk namnforskning, Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet, har forskar-kollegaer gjeve ut eit venneskraft med 34 artiklar i høve 60-årsdagen hans, som var den 11. desember 2012. Heidersskriftet kom ut ved sommarleite 2013. Klassifisert etter namnekategoriar som blir tematisert eller behandla i artiklane, kan ein seie at tjue handlar om stadnamn, seks om personnamn, to om andre namn (kattenamn og namn på rockeband), tre artiklar handlar om nytolkingar av runer, og éin handlar om eit ord som tidlegare har vore tolka som eit personnamn i fornsvensk. Ein artikkel handlar om namn frå fleire kategoriar, og ein artikkel handlar om adresser i Sverige.

Tittelen på heidersskriftet, *Namn på stort och smått*, tematiserer Staffan Nyströms interesse for ulike typar av namn, t.d. i publikasjonen *Smånamn och andra ortnamn* (2003) frå tida (2001–08) då han var tilsett ved Riksantikvarieämbetet i Stockholm som stadnamnekspert. Informasjon om stadnamn er ein viktig del av arbeidet her, til liks med samarbeidet mellom Riksantikvarieämbetet og Lantmäteriet om normering av stadnamn på offentlege kart. Sidan 2008 har Nyström vore professor i nordisk ved Uppsala universitet.

Venneskriftet har eit variert utval av artiklar som speglar både den tradisjonelle innretninga i namnegranskinga som ein fortolkingsvitskap, men også nyare impulsar gjer seg gjeldande, spesielt kjem dette til syne i artiklane om personnamn og andre namn.

Ein utførleg omtale av dette venneskriftet står i *Namn og Nemne* 31 (2014).

Aud-Kirsti Pedersen
aud.kirsti.pedersen@kartverket.no

NAVN I KYSTKULTUREN

Nøvn i strandamentanini / Navne i kystkulturen. Forelæsnings fra det 41. NORNA-symposium i Tórshavn 2.–4. juni 2011. Red. Tina K. Jakobsen, Kristin Magnussen, Anfinnur Johansen og Eivind Weyhe. (NORNA-rapporter 89.) NORNA-förlaget, Uppsala 2013. 380 sider, ill.

Denne innholdsrike, illustrerte og velredigerte navnegranskingsrapporten er resultat av et symposium som ble holdt over tre dager i Tórshavn i juni 2011. Deltakerantallet var 39, og 28 av disse holdt foredrag, der 19 er omarbeidet til artikler i denne rapporten. Fire artikkelforfattere fra Norge er med: Gunnstein Akselberg, Inge Særheim, Tom Schmidt (alle tre om stedsnavn) og Gudlaug Nedrelid (personnavn).

Gunnstein Akselberg sammenlikner det leksikalske innholdet i gardsnavn i to forskjellige kommuner i Hordaland, kystkommunen Fjell og innlandskommunen Voss. Forskjellene som framkommer, er høyst markante. Typisk for jordbruksbygda Voss er at svært mange gardsnavn lar seg plassere i distinkte gardsnavnklasser, mens dette ikke er tilfellet i kystkommunen Fjell. Ut fra tittelen «Skjergardsnavn som kulturhistorisk kjelde-tilfang» tar Inge Særheim oss med på en illustrert reise langs den 70 kilometer lange Jær-kysten, der han viser hvordan fisk, fiskemåter, fiskeredskaper, fiskere (personnavn), méding, fuglefangst, ferdsel og mye mer som hører kystkulturen til, kan hentes ut av et stort og rikt navnetilfang. Tom

Schmidt tar for seg skjærgårdsnavn fra ytre Østfold. Her er fokuset i større grad lagt på språkstruktur, tolkningsproblemer og datering, og ikke så mye på kystkulturen i seg selv. Et interessant navn er *Fredagsholet*, som har flere mulige forklaringer. Gjennomgangen er ordnet etter objektstyper som fjorder og sjøstykker, sund, vik.

Nært beslektet med Særheims innfallsvinkel er Birgit Eggerts leting etter kulturhistoriske spor i stedsnavnene på Læsø, ei dansk øy i Kattegat. Resultatet blir av forfatteren betegnet som lite, men hun finner i noen navn spor etter fiske, saltutvinning (en Læsø-spesialitet med lange tradisjoner) og flere navn med opphav i skipsforlis, der skip uttrykkes ved etterleddet *-mand* (typen *Danzigmand*, *Engelskmandsbanke*, *Rusmandsbanke*). Framtredende er også kystkulturen i Svavar Sigmundssons artikkel om navn på fiskebanker på Island, der han ved hjelp av detaljerte kartillustrasjoner presenterer fiskeméd (islandsk: *fiskimið*) på en måte som tydelig er inspirert av Per Hovdas sytti år eldre norske studie *Norske fiskeméd*.

I et par tilfeller har forfatteren tatt utgangspunkt i én kystkulturell aktivitet spesielt. Marjun Arge Simonsen lar oss få kjennskap til en eldgammel valkingemetode (dvs. en måte å tove vadmel på) som var vanlig på Færøyene fram til 1600-tallet: «Her fastgjorde man store stykker vadmel til en klippe eller lignende ved strandkanten, og derved blev stoffet valket [dvs. tovet] ved søens bevægelser» (s. 290). Minner etter denne virksomheten er ennå bevart i en rekke navn av typen *Váðaklettur*, *Váðakneysi*, *Váðatangi* og *Váðartúvan*. Godt kjent for norske lesere er vel heller ikke ålefiskeriene langs den skånske østkysten. Med overskriften «Navn på åleboder og andre foranderlige navn» gir Berit Sandnes et innblikk i ålebodene, som er enkle hytter ålefiskerne bodde i i fiskesesongen. Ålebodene har gjennomslittige navn som ofte skiftes ut – det kan lett skje hvis det kommer til en ny eier –, og Sandnes viser hvordan denne navnetypen kan brukes i en teoretisk diskusjon om propriele egenskaper i forhold til stabilitet. I artikkelen ser vi at forfatteren tar opp teoretiske problemer som Vibeke Dalberg tidligere har arbeidet med, for eksempel navneendringer og denotasjonsendringer. Det samme gjelder bidraget til Line Sandst, «Semantisk sekundære navne – metonymier», som springer ut av et tverrfaglig kulturhistorisk prosjekt, der en oppgave har vært å lokalisere navn på «fiskerlejer» som var i bruk på den danske øya Møn i seinmiddelalderen. Fiskerlejer var steder ved kysten der fiskere oppholdt seg i fiskesesongene.

Noe som kjennetegner en kystkultur i forhold til innlandet, er at den er mer dynamisk. Mulighetene for å kunne motta nye impulser fra fjern og nær ligger godt til rette, og det må forventes å vise seg i personnavnmønsteret. Gudlaug Nedrelid har i «Hollandsfart og namnemotar» gått gjennom et stort materiale for å finne ut i hvilken grad personnavnene i Flekkefjord og Feda er preget av dette, to sentrale steder i hollandsfarten på 1600- og 1700-tallet. Innslagene av hollandske navn er der, men noen stor invasjon

av slike navn er det ikke snakk om. Fra Norrland i Sverige sammenlikner Kristina Neumüller typiske innlandsbygder med kystbygder når det gjelder personnavnmønsteret på 1600-tallet. Variasjonene viser seg ikke å være store; den tydeligste forskjellen er – ikke overraskende – at i kystområdene er flere mannsnavn i bruk. Artikkelen «Islandske person- og gadenavne tilknyttet havet», av Guðrún Kvaran, handler mest om personnavn. Kvaran gir en oversikt over havrelaterte ord brukt som kvinnenavn og mannsnavn, der noen brukes usammensatt, andre bare sammensatt. Med til kystkulturens navn hører naturligvis også navn på båter, vel dokumentert i Anita Scybergsons artikkel «Namn på segelskutor i Finlands skärgård 1865–1912». Forfatteren viser at navnene kan inndeles i fem semantiske typer: kvinnenavn (den klart mest frekvente kategorien), ønskenavn (typen *Hoppet*, *Enigheten*, *Freden*, *Onnen Toivo* ‘håpet om lykke’ og *Rauha* ‘fred’), mannsnavn, andre navn og mytologiske navn (minst frekvent).

Johnny G. G. Jakobsen, som presenterer en undersøkelse av onomastiske spor etter et sagnomsust kystskogsbelte på Nordvest-Sjælland, bemerker at hele Danmark er et kystlandskap. Motsetningen kyst–innland er først og fremst karakteristisk for Norge og Sverige (også Finland, hvis en ser bort fra de spesielle språkforholdene der). Men fra svensk side finner vi ingen bidrag parallelle til de norske fra Akselberg, Særheim og Schmidt. Noe liknende fra svensk side kunne en nok ha forventet, men det er ikke alltid at forventninger slår til, slik Evert Taube har gitt uttrykk for i dette svenske skjærgårdsverset:

*Från Uno Östermans fiol där hördes ingen låt,
och inte såg vi nogon kjol och där låg ingen båt,
nej, där fanns ingenting att se i Calle Schewens lund.
Vi satte kurs på vår supé och for till Furusund.*

En mer indirekte tilknytning til hovedtemaet har Birgit Falck-Kjällkvists etymologiske utgreiing om fjordnavnet *Gullmarn*. Noe beslektet er Lennart Hagåsens undersøkelse av fonologiske endringer av etterleddene *-nor* og *-vik* langs den svenske Bottenhavskysten. Alexandra Petrulevich og Susanne Vogt har studert kystrelaterte navn i historiske kilder, henholdsvis stedsnavn og personnavn. Agneta Sundströms bidrag har tittelen «Binamn från kystkultur i en medeltida svensk inlandsstad», og her dreier det seg om middelalderbyen Arboga 15 km inne i landet fra Mälaren.

Peder Gammeltoft kommer med noen framtidsutsikter der han gjør greie for datateknologiens muligheter, og synspunkter på hvordan denne utviklingen kan og bør gjenspeiles i navneforskningen. Det hele avrundes med en fyldig oppsummering signert Mats Wahlberg.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uia.no

JERNALDER OG BUSTADNAMN

Per Vikstrand: *Järnålderns bebyggelsenamn. Om bebyggelsenamnens uppkomst och ålder i Mälardalsregionen*. (Skrifter utgivna av Institutet för språk och folkminnen. Namnarkivet i Uppsala. Serie B: 13.) Uppsala 2013. 232 sider (A4-format).

I føreordet kan ein lesa at dette arbeidet er ein vitenskapleg rapport frå prosjektet «Ortnamnskronologi och den nya arkeologin», finansiert av Riksbankens jubileumsfond og Institutet för språk och folkminnen. Det har vorte ein innhaldsrik og spennande rapport. Forfattaren Per Vikstrand høyrer til det aktive og produktive namnegranskarmiljøet i Uppsala. Innleiingsvis refererer han det som vert kalla «den evolutionäre synen på järnålderns bebyggelse», som går ut på at gravfelt frå yngre jernalder kan knytast til den historiske «garden». Nyare forskning har vist at prosessen er meir kompleks, og at jernalderbustader ofte har oppstått uavhengig av dei eldste sentra. Dette får òg fylgjer for traderinga av dei eldste stadnamna, noko forfattaren tek tak i. Han nemner dei viktigaste dateringsmetodane for stadnamn, som arkeologisk, historisk og geologisk metode, i motsetning til reint språkleg datering som grunnar seg på ordhistorie, lydhistorie, bøyning, samansetjingsmåte. Denne diskusjonen set forfattaren så inn i ein forskingshistorisk samanheng. Målet for prosjektet er «att med direkt arkeologisk metod, dvs. utifrån undersökta bebyggelse lämningar, försöka upprätta en kronologi för de stora mellansvenska namntyperna *-by*, *-hem*, *-inge*, *-stad*, *-säter* och de plurala namnen» (s. 28).

Forfattaren er klar over problemet med å knyta eit visst namn til eit visst arkeologisk funn eller funnområde. Eit nytt omgrep *namneetablering* vert føreslått, det står for den prosessen eit namn går gjennom for å få funksjon som til dømes busetnadsnamn. *Namnetradering*, eller like gjerne *namnekontinuitet*, er ein av føresetnadene for å knyta eit namn til ein arkeologisk funnstad. I heldige høve kan ein finna kulturspor som viser busetnadskontinuitet frå bronsealder til folkevandringstid, slik til dømes Trond Løken og Inge Særheim har påvist på Forsandmoen i Rogaland (sjå NORNA-rapporter 43, 1990).

Jernalderbusetnaden opptrer gjerne i grupper, og forfattaren fører inn omgrepet *domene* om slike grupperingar. Dette meiner han vert styrkt både gjennom distribusjonen av funna og gjennom stadnamna. Ein har funne fleire buplassar spreidde omkring i området til ein hovudgard. Materialet tyder òg på at eit slikt domene hadde ei viss sosial lagdeling. Forfattaren tek så opp kva namn eit slikt domene kunne ha. Det kunne vera eit opphavleg teignamn, noko som særleg gjeld namn på *-løsa*. Når ein slik lokalitet får bustadfunksjon, vil denotasjonen av det verta utvida. Litt annleis må gangen for *hem*-namn ha vore. På line med mellom andre Stefan Brink

tenkjer han seg at *-hem* har vore brukt i namnet på både buplassen og det tilhøyrande ressursområdet.

Når det gjeld namnetradering, sluttar Vikstrand seg til den vanlege oppfatninga om at busetnadsnamn representerer ein seigliva struktur i namnelandskapet. Det inneber at så lenge det finst busetnadskontinuitet, kan ein rekna med namnekontinuitet. Men namnekontinuiteten kan ha vore utfordra der jernalderbuplassane ikkje vart vidareførde til vår tid. Dette får ei elegant forklaring ved at dei gamle busetnadsnamna har glide ned til teignamn, som naturleg nok har hatt dårlegare vilkår for å overleva. Så namnekonkurranse og namneskifte kan føra til at namn fell ut eller sig nedover i hierarkiet. Ein type namnetap har skjedd gjennom det forfattaren nemner som «torp-pest», det at det i ein periode (helst mellomalderen) føregjekk mykje utflytting frå eit sentralt bustadområde til utkanten, med den fylgja at dei opphavlege namna i mange høve kunne forsvinna. Spor etter eldre og seinare bortkomne namn kan ein òg lesa ut av namn på *tomt*.

Etter innleiinga og metodekapitlet som fyller dei fyrste tretti sidene, går forfattaren nærare inn på dei aktuelle namneledda pluss fleirtalsnamn, altså *-by*, *-hem*, *-ingel/-unge*, *-stad*, *-säter* og typen *Tuna*. Kwart ledd er utførleg gjennomgått typologisk, etymologisk, semantisk, tekstuel og sett inn i ein forskingshistorisk samanheng. Der namnetypen kan knytast til arkeologiske funn, går forfattaren særleg nøye inn på materialet. Denne gjennomgangen vert supplert med eit oversyn over namnemiljøet i vikingtida i det nordlege Västmanland og busetnadsnamn i jernalderen. Her har forfattaren kunna nytta dei resultatane han har kome fram til i den føregåande delen.

Til slutt kjem den største delen av boka, det er ein katalog over dei ein-skilde namna i undersøkingsområdet, ordna alfabetisk under kvart namneledd eller namnetype. Her er kvart namn utførleg drøft busetnadshistorisk og språkleg etter eit fast skjema. Ei slik ordning gjer det lett å samanlikna dei ulike namna og ulike funna med kvarandre.

Boka er rikt illustrert med instruktive kart og figurar. Fotomaterialet kunne det vore gjort meir ut av, men det er mogeleg at omfanget vart stort nok. A4-formatet gjer at boka er monaleg større enn det same sidetalet ville ha utgjort i vanleg bokformat. *Järnålderns bebyggelsenamn* er eit arbeid forfattaren og utgjevaren skal ha ære for. Boka gjev mykje ny kunnskap om det vanskelege grenseområdet mellom stadnamn og arkeologi.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NY UTGÅVE AV NAMENKUNDLICHE INFORMATIONEN

Namenkundliche Informationen (NI). Red. Susanne Baudisch og Dieter Kremer. Utg. av Deutsche Gesellschaft für Namenforschung (GfN). Philologische Fakultät der Universität Leipzig. Nr. 101/102 (2012/2013). Leipziger Universitätsverlag, Leipzig 2013. 508 sider.

Namenkundliche Informationen er medlemsskriftet til det tyske namnelaget Deutsche Gesellschaft für Namenforschung, med sete i Leipzig. Denne gongen er det eit dobbeltnummer, nr. 101–102 for 2012/2013 på heile 508 sider. Redaktørar er Susanne Baudisch og Dieter Kremer. Dei har fire andre med seg i redaksjonsutvalet.

Dobbeltårgangen inneheld femten artiklar og seks andre stykke, som diskusjonsinnlegg, meldingar og minneord. Albrecht Greule skriv om teonym, namn som inneheld gudenamn eller ord for guddomar. Steffen Patzold har skriva om prosjektet *Nomen et gens* og sett det i ein tverrvitskapleg samanheng. Avleiingsbasen for stadnamnet *Leipzig* er emnet til Harald Bichlmeier. Ein engelskspråkleg artikkel om opphavet til «Water Towns», *Olbicella* og rota **alb-* er signert av Francesco Perono Cacciafoco. Dieter Kremer har studert personnamn for å koma på sporet etter utlendingar i Lisboa i det 16. hundreåret. Historisk materiale ligg òg til grunn for Karlheinz Hengsts artikkel om språkhistorie og historisk geografi på grunnlag av ei kjelde frå slutten av det 12. hundreåret. Same forfattar skriv òg om integrasjonsprosessen av sorbiske bustadnamn i det sorbisk-tyske språkområdet. Walter Wenzel tek fyrst for seg feiltolka sorbiske tilnamn frå kjelder frå det 14. til det 18. hundreåret. Deretter gjev han ei innføring i det nedersorbiske atlaset over tilnamn, medan Volker Hellfritsch diskuterer problem knytte til familienamn på *-eis(en)* i Sachsen og Bayern. Kahtrin Dräger har ein artikkel om *Groß* ‘stor’ som utmerkingslekk i bustadnamn. Dei to medforfattarane Pascal Mauf og Martin Sladeczek tek for seg gatenamn i utkanten av byen. Volker Kohlheim drøfter stadnamn i litteraturen frå ein kognitiv ståstad. Ein meir notidig synsvinkel legg Angelika Bergien til grunn i sin analyse av namn som forklaringsmodellar i økonomien. Denne delen av skriftera vert avslutta med ein ny artikkel av Albrecht Greule, der han ser på notid og framtid i sørtysk namnegransking.

Den neste delen vert opna Harald Bichlmeier som drøfter den gamal-europeiske hydronymien ut frå dagens indogermanistikk. Så kjem Werner Guth med ein analyse av elvenamnet *Unstrut*. Elles kan det nemnast at Svante Strandberg har gjeve eit oversyn over *Namn och bygd* som i 2013 runda hundre år. Til slutt kjem det minnetalar over to av dei store europeiske namnegranskarane, den tyske Ernst Eichler (1930–2012) og russiske Aleksandra Superanskaja (1929–2013). (*Nytt om namn* hadde minneord om Eichler i nr. 55.)

Det tyske namnelaget har forsynt medlemene og andre interesserte med eit innhaldsrikt og interessant skrift som viser stor og brei namnefagleg aktivitet i det tyske språkområdet.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

STEDSNAVN I HØVÅG

Håkon Lilleholt: *Stedsnavn i Høvåg*. Utg. av Høvåg Museums- og Historielag 2014. 84 sider, ill.

Da Håkon Lilleholt for få år siden ble pensjonist fra sin stilling som universitetslektor ved Universitetet i Agder, fikk han bedre tid til å dyrke sin store interesse for stedsnavn. Det har nå resultert i ei praktfull bok om stedsnavn i kirkesoknet Høvåg lengst sørvest i Aust-Agder fylke og Lillesand kommune. Boka er trykt i A4-format og gjennomillustrert med fargebilder av uvanlig høy kvalitet, de fleste besørget av Roald Hermansen, som også har hatt en sikker hånd om layout.

Innholdet bygger på et materiale som forfatteren lenge har arbeidet med. Mye av grunnlaget ble lagt da Håkon Lilleholt i begynnelsen av 1990-årene samlet inn 1200 navn til sin hovedoppgave «Stadnamn i Høvåg i Lillesand kommune» som han leverte i 1993. Før det hadde lektor Per Mollatt (1930–2013) samlet og kartfestet 2400 stedsnavn i Høvåg. Da Mollatt i 1992 gav ut den store navneboka *Navn i Lillesand*, med ca. 6000 navn kartfestet med uttaleopplysninger, hadde han fått Lilleholts innsamling til disposisjon, slik at også tidligere uregistrerte navn kunne innarbeides i boka.

Stedsnavn i Høvåg er bygd opp slik: Først kommer en innledning der det er gjort greie for arbeidet med boka, litt navneteori, om navn i skriftlige kilder og normering. Deretter følger første hoveddel «Terrengord», en alfabetisk presentasjon av terrengordene i tilfanget, med fyldige faglige kommentarer. Neste del inneholder navneartikler etter kulturhistoriske temaer: kirke- og kristenliv, overtru, fantasi og humor, hendinger, bygninger og arbeidsliv, på og ved sjøen, planter og dyr, mål og tall. Neste del har tittelen «Noen enkeltnavn», der spesielle navn er tolket. Bakerst finner vi kartbilag der alle omtalte navn er nøyaktig kartfestet og til slutt et alfabetisk register.

I alt finner vi i boka ca. 350 lokale navn (+ terrengord) utvalgt for en nærmere omtale. Navn som ikke er med, er ordinære, gjennomsiktige navn: sammensetninger med vanlige adjektiver, vanlige relasjonsord eller med annet stedsnavn (sekundærnavn). Ønsker man informasjon om det fulle navnetilfanget i området, er det nå som før Per Mollatts navnebok *Navn i*

Lillesand man må gå til. I utarbeidelsen har altså Håkon Lilleholt ordnet det slik at disse to viktige navnebøkene utfyller hverandre på en utmerket måte.

Lilleholt behandler navnestoffet med stor faglig innsikt, kombinert med grundig kjennskap til lokalmiljøet. Boka er rik på kulturhistoriske opplysninger, og forfatteren bruker gjerne sitater fra lokale informanter. Her er det kunnskap å hente både for lek og for lærd. *Skiffellet* er en navnelaging som forekommer flere steder i distriktet, og et navn jeg selv flere ganger har lurt på opphavet til. Lilleholt ser ut til å ha funnet en løsning. Han skriver at det karakteristiske ved de ti «skiffjella» i kommunen er «ei rett, steil side som kan minne om et vedtre». Et navn *Haumålmyra* blir satt i sammenheng med haugfolk, og Lilleholt vil tro at *haugmål* har samme betydning som *dvergmål*, dvs. at det dreier seg om gjenlyd, ekko. I Danmark, nord for Bornholm, finnes et navn *Ertholmene* som i *Danske stednavne* (av Bent Jørgensen, 2008) blir forklart som «Holmen(e) der ligger som små erter». Navnet *Ertholmen* finnes to steder i Høvåg, men Lilleholt tolker det som sammensatt med havert, gråsel, i dag ganske uvanlig på Sørlandskysten. Mange andre interessante språklige observasjoner og tolkningsframlegg kunne ha vært nevnt.

Enten man vurderer det faglige innholdet, de kulturhistoriske opplysningene, den pedagogiske kvaliteten, illustrasjonene eller den grafiske framstillingen, er det all god grunn til å plassere *Stedsnavn i Høvåg* av Håkon Lilleholt blant de solide kvalitetsverk på dette området.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uia.no

MARITIME OPPLEVELSER RUNDT FLEKKERØYA

Jørgen H. Kristiansen og Steinar Kristiansen: *Maritim opplevelsesbok. 525 stedsnavn rundt Flekkerøy*. Kristiansen SRM 2014. 176 sider, ill.

Flekkerøya er ei øy på 6,6 kvadratkilometer i havgapet utenfor Kristiansand. På øya er det seks matrikkelgarder: Mebø, Skålevik, Lindebø, Kjære, Berge og Andås. Fiske har alltid vært en viktig næringsvei. Ellers har øya gjennom tidene vært kjent for gode havner, slik at øya tidligere var en viktig handelsplass. Øya er navnsatt på en rekke historiske sjøkart, mange av hollandsk opprinnelse. Forfatterne antar at første gang Flekkerøy er navnsatt på et eksisterende kart, er trolig på et fra 1539, tegnet av den svenske katolske presten Olaus Magnus i Roma. Øya nevnes da som «Fledere» (s. 14).

Noe vi finner hos de to forfatterne Kristiansen, er en stor interesse for historisk kartografi. På de første 31 sidene vises en stor samling historiske

kart og kartutsnitt over øya. Spesielt verdifullt er et detaljert kart fra 1797, der en mengde lokale navn – særlig på holmer og skjær – er funnet kartfestet for første gang. Men også et vakkert og detaljert kart fra 1708 som er gjengitt i boka, inneholder mange lokale navn. Grafisk holder boka en høy standard. Gjengivelsene av kartene, alle i farger, er meget god.

Neste del har tittelen «Gårdene på Flekkerøy og deres historiske avgrensninger». Vi blir presentert tolkninger av de enkelte bostedsnavn, der Oluf Rygh er en sentral kilde. Ellers er bostedene illustrert med skråbilder fra luften, og vi får eksempler på hvordan bebyggelsen er framstilt på ulike historiske kart.

Når gårdene er presentert, følger den mest omfangsrike delen: en gjennomgang av navn i sjøen, lagt opp nærmest som en rundtur rundt øya. Til stedfestingen brukes en mengde fine skråbilder fra luften, dessuten detaljerte sjøkart. Bakerst finner vi opplysninger om kilder, informanter og et alfabetisk navnerregister.

Noe en kunne ha ønsket, var at navnene hadde blitt forsynt med uttaleopplysninger. Selv om utgiverne ikke er spesialister i navnegransking, har de på en grei måte utnyttet relevante kilder for å vise navnetolkninger. I Kristiansen og Kristiansens *Maritim opplevelsesbok* er det de kulturhistoriske og lokalhistoriske sidene ved navneskatten som er vektlagt, heller det enn navnegransking i streng forstand. De to forfatterne har utnyttet et stort og variert kildetilfang, og et viktig kulturhistorisk løft er tatt. Ved siden av alt det verdifulle og interessante historiske stoffet denne fine boka rommer, er det verdt å merke seg det forbilledlige arbeidet som er lagt ned i illustrasjonene. Her finner vi en idérikdom som jeg tror andre med liknende bokplaner vil ha utbytte av å studere.

Vidar Haslum
vidar.haslum@uia.no

BUSTADNAVN I ØSTFOLD BAND 13

Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold*. 13. *Hvaler*. Utg. av Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo, ved Tom Schmidt. Novus forlag, Oslo 2014. 319 sider. Kartvedlegg *Hvaler herred* 1:85 000.

Med norsk namnegransking i ein bratt nedoverbakke er det positivt å sjå at serien *Bustadnavn i Østfold* (BØ) går uhindra vidare med band 13 om bustadnamn i Hvaler etter same mønsteret som dei tidlegare banda. Trongen for ein revisjon av *Norske Gaardnavne* (NG) ligg òg tydeleg framme i dagen med dette bandet som omhandlar heile 575 namn mot berre 95

gards- og bruksnamn i kapitlet om Hvaler herred i bandet for Smaalenenes Amt frå 1897.

For ein som driv og reviderer og oppdaterer eit etternamnleksikon, som i norsk samanheng i stor mon vil seia eit stadnamnleksikon sidan 3 av 4 etternamn er av gardsnamntypen, er slike oppdaterte faglege arbeid heilt uunnverlege. Alternativet er å formidla kunnskap som byggjer på over hundre år gammal forskning slik tilfellet er med *Norske Gaardnavne*. Østfold fylke er i ei absolutt særstode i landet med alle dei tretten banda som no ligg føre, og fleire er ventande dersom fagmiljøet får det som det vil med dei kommunane som står att.

Den oppdaterte kunnskapen gjeld særleg gardsnamna med røter i mellomalderen, og den utvida kunnskapen gjeld alle bustadnamna som NG slett ikkje nemner, i BØ alle bustadnamn registrerte fram til 1900 eller nemnde i folketeljinga det året, også villanamn eller husnamn på stader utan dyrka jord. Påfallande nok er gjerne kunnskapen i dag mest omfattande om dei eldste namna, som *Spjær* med belegg frå ca. 1300 og *Vauer* frå 1397, medan det ofte har vore verre å finna opplysningar til bruksnamn eller villanamn som imperativnamn (*Snoktinn*, *Blåsopp*), rosande namn (*Rosenlund*, *Frydenlund*, *Solheim*), skjemtande namn (*Fesholet* etter svensk *Feshyttan!*), motenamn (*Skogly*), dansk- og tyskinspirerte namn (*Skoghøy*, *Skattenborg*), bibelske namn (*Jeriko*) med flytande overgangar. Her er alle slike namn forklarte og sette i ein historisk og geografisk samanheng. Ikkje berre bønder som sit på mellomaldergardar, vil finna mykje godt stoff her.

Ein leksikonredaktør vil alltid slita med å halda omfanget nede og tyr dermed gjerne til kryptiske forkortingar og tilvising til ein samlestad for gjennomgåande opplysningar, men ikkje slik i denne serien der forfattaren i dette bandet kan breia seg på heile 319 sider med gjentakingar av alle forklaringane som til og med kjem att bak i boka i ei eiga liste. Så lesarvenleg er boka at du får vita det du treng under t.d. *Kroksand* med ordforklaring til både *krok* og *sand*, som dessutan står til slutt i bandet under «Topografiske ord» med ei endå grundigare forklaring. Og flott er det! For folk flest vil dette bandet vera eit leksikon der dei slår opp på namn dei kjenner og lurar på. Dei fleste ville knapt teke den utfordringa det ville vore å leita vidare etter ei forklaring til omtalen.

Ei grense finst likevel for slike forklaringar når tyding og avgrensing av terrengordet er allmennkunnskap, som t.d. *vik* og *myr*, men begge har likevel ein fyldig omtale i lista over terrengord.

Hyttefolket på Hvaler, som visstnok er ein tallaus flokk, vil her finna dei opplysningane dei treng på ein grei måte. Heradsnamnet *Hvaler* treng ein ikkje vera onomast for å gjennomskoda, skrive «i Hvalum» på 1300-talet, «utvilsomt Flt. af hvalr, en Hval», som O. Rygh sjølv seier på sitt danske skriftmål, altså øyar samanlikna med kvalrygger. Men det finst namn som ikkje så lett avslører seg. Korkje *Torbal*, *Papper*, *Tesern*, *Tisler* eller *Limi-*

len gjev særlege haldepunkt, for ikkje å snakka om det kryptiske *Attkjuka! Skjærhalden* inneheld kjende element, men omtalen krev heile 3 ½ sider, altså slett ikkje heilt enkelt. Amfiteateret på Hvaler blir skriva både *Brottet* og *Brøttet*, men det namnet finn du ikkje i boka fordi det ikkje er eit bustadnamn. Sidan det held til i eit steinbrot, gjev forklaringa seg dessutan sjølv.

Denne meldaren set stor pris på alle registera bak i boka som gjer det svært lett å finna fram til opplysningar. Til og med eit register over personnamn og tilnamn finst, altså òg slektsnamn som *Ryberg* og *Skattenborg*. For dei som ikkje er lokalkjende, gjer både kartet over den gamle heradsinndelinga og det topografiske kartet over Hvaler det lett å orientera seg i geografien.

Olav Veka
olav.veka@gmail.com

FRÅ NAMN TIL NEMNE

Kjell Ivar Vannebo: *Fra egennavn til fellesnavn. Klondyke, Kneipp og Quisling*. Cappelen, Oslo 2014. 261 sider.

I denne boka tek den pensjonerte språkprofessoren Kjell Ivar Vannebo for seg rundt tre hundre ord som har opphav i særnamn (*proprium*), men som har fått funksjon som vanlege ord (*nemne*). Alt tittelen på boka opnar for eit ordtilfang som mange kjenner seg att i, men som færre har tenkt over. I daglegspråket nyttar me ei mengd ord som går attende på namn, personnamn, stadnamn eller andre namn. Døma i overskrifta har stor førebokstav og står då fram som namn, men dei er jamnast nytta som vanlege ord eller nemningar. Dersom ein skriv dei med liten bokstav som *klondyke*, *kneipp*, *quisling*, vil ein lettare oppfatta dei som *nemne*. *Klondyke* eller *Klondike* går attende på ei elv i Canada der gullfunnet i 1890-åra skapte gullfeber i vide krinsar. Ordet har seinare fått tydinga ‘stad med høve til snøgg økonomisk fortjeneste’.

Når ordet *quisling* vert nemnt mellom nordmenn, går tanken hjå dei fleste til den tidlegare leiaren i partiet Nasjonal Samling, og slik sett får ordet i stor grad karakter av namn, altså *Quisling*. Men som det går fram boka, har ordet òg fått internasjonal hevd som uttrykk for ‘landssvikar, forrædar’. Det er vel (diverre) eitt av dei mest kjende norske orda som er brukt i andre språk. Ordet er likevel ikkje av norsk opphav. Det kom til Noreg i 1665 med presten Lauritz Quislinus. Etternamnet hans var ei latinisering av Kvislemark i Danmark.

At det er flest oppslagsord som byrjar med *b*, *c* og *m*, seier kanskje ikkje så mykje, men *c* er, som ein veit, elles lite brukt i norsk. Ved *champagne*

vert det vist til den alternative skrivemåten *sjampanje*, så i det høvet har opphavet *Champagne* (distrikt i Frankrike) kome litt meir på fråstand. Når dette ordet (eller namnet) vert nemnt, vil eg tru at dei fleste heller assosierer det med ein boblande drikk enn med det franske distriktet.

Lesarane får her aha-opplevingar så å seia på kvar side. Ein møter ei rekke heilt vanlege og daglegdagse ord, som *atlas*, oppkalla etter titanen *Atlas* i gresk etymologi, *blazer*, etter den britiske fregatten HMS «Blazer». Det var nemleg slik at då den engelske dronninga Victoria i 1837 (ikkje 1937, som det står i boka) skulle inspisera båten, hadde kapteinen fått sydd nye dobbelspente, blå jakker til mannskapet. *Ampère* og *watt* er òg dagleg i bruk, bokstavleg tala. Opphavet til det fyrste er den franske fysikaren André Ampère, og bak det andre står James Watt, som fann opp dampmaskinen. Jamvel med tre hundre oppslag er ikkje alle ord av denne typen komne med, såleis ikkje *volt*, etter den italienske fysikaren Alessandro Volta.

Sist i boka har forfattaren skrivne ein kort og instruktiv artikkel om ulike kriterium for å skilja mellom namn og nemne. *Stoltenberg* er opplagt eit namn når uttrykket til dømes refererer til den nye generalsekretæren i NATO. Men det kan òg ha ein appellativisk funksjon når ein seier at han er «ein Stoltenberg» («ein stoltenberg»?), eller «ein av Stoltenbergane» («stoltenbergane»?) Når det vert sagt noko slikt som «fleire Stoltenbergar», er ordet bøygt og går inn i klassen for samnamn («fellesnavn»). Det burde då skrivast med liten førebokstav, men ofte held slike uttrykk på stor bokstav også når dei vert skrivne i funksjon av samnamn.

Sjølv skreiv eg for ein del år sidan ein liten artikkel med overskrifta «Ord for vårt daglege brød» (i *Institutt for namnegransking. Årsmelding 1989*, Oslo 1990, s. 77–100). Ei problemstilling var å avklara om eit slikt ord var namn eller nemne, og eg kom då til at protoypen eller originalproduktet kunne seiast å bera eit namn (eit produkt får gjerne eit namn før det kjem ut på marknaden). Men i den augneblinken fleire eksemplar av produktet er tilgjengelege under same «namn», får det språklege uttrykket funksjon av nemne. Eg laga då ei liste med ulike ord for brød og bad ei gruppe på tjue studentar avgjera om dei ville ha stor eller liten førebokstav. Dei delte seg med halvparten på kvar, om lag ti ville ha *Kneipp*, og om lag like mange skreiv *kneipp* med liten bokstav. (Kneippbrødet er oppkalla etter den tyske presten og hydroterapeuten Sebastian Kneipp (1821–1897).) Min vesle etterrøknad avslører ikkje heile sanninga om problemet med å skilja mellom namn og nemne. Det har vore drøft i mange samanhengar (sjå t.d. Vibeke Dalberg: «On Homonymy between Proper Name and Appellative», *Names* 63 (1985), s. 127–135, og Botolv Helleland: «Namn og Nemne (NN). Eit leksikalsk–onomastisk problem», *Namn og Nemne* 4 (1987), s. 23–32).

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2013

Norsk namnebibliografi femner um namnefaglege arbeid av norske granskarar og arbeid av utlendske granskarar når dei tek upp norske namn eller melder norske publikasjonar. Bibliografien byggjer på litteraturupplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Titlar som ikkje er komne med, kann takast med i bibliografien til neste år.

Klaus Johan Myrvoll
k.j.myrvoll@iln.uio.no

- Akselberg, Gunnstein. Dansk skriftspråkspåverknad på norske gardsnamn. I *14. Møde om Udforskningen af Dansk Sprog. Aarhus Universitet 11.–12. oktober 2012*. Red. Inger Schoonderbeek Hansen, Tina Thode Hougaard og Peter Widell. Århus, s. 15–27.
- . Forskingsområdet *urban names* – avgrensing og utfordringar. I *Namn i stadsmiljö. Handlingar från NORNA:s 42 symposium i Helsingfors 10–12 november 2011*. Red. Leila Mattfolk *et al.* (NORNA-rapporter 90.) Uppsala, s. 51–69.
- . Særtrekk ved gardsnamn i ein norsk kystkommune. Døme frå Fjell kommune vest for Bergen. I *Nøvn i strandamentanini / Navne i kystkulturen. Forelæsninger fra det 41. NORNA-symposium i Tórshavn 2.–4. juni 2011*. Red. Tina K. Jakobsen *et al.* (NORNA-rapporter 89.) Uppsala, s. 17–34.
- Alhaug, Gulbrand. Kjeldebruken i *10 001 navn*. [Debatt. Genmäle.] *Studia anthroponymica Scandinavica* 31, s. 119–123.
- . Ola Stemshaug (1936–2013). *Studia anthroponymica Scandinavica* 31, s. 99–100.
- . *Åse og Sæbjørn* – unngår dagens norske foreldre å gi barna namn med <æ>, <ø> og <å>? I *Frá Sturlungu til West Venture. Heiðursrit til Anfinn Johansen á 60 ára degnum*. Red. Zakaris Svabo Hansen *et al.* Tórshavn, s. 40–54.
- Andreassen, Irene. Kvenske stedsnavn i offentlig bruk. *Nytt om namn* 57, s. 19–23.
- Aune, Kolbjørn. Da Kyrksæterøra kunne vorte Kjørseøra. Ei namnesak frå 1921. *Jul i Trøndelag. Julia 2013*, s. 48–49.
- . Tillrotskjeret. Eit skjernamn med røter i planteriket. *Årbok for Fosen* 2013, s. 55–58.
- . Fjellnamnet Hogsgåsa. *Årbok for Fosen* 2013, s. 59–64.
- . Ola Stemshaug (1936–2013). *Namn og Nemne* 30, s. 7–12.

- Bakken, Kristin. *Rolandssteinen, Sloehella og Glomshaug*. Tre stadnamn og ei opphavssegn frå Seljord. I *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. Red. Tom Schmidt. Oslo, s. 11–18.
- Berezkina, Maimu. «Gode» og «dårlige» navn i Oslo: hvilke stedsnavn foretrekker byens innbyggere? I *Namn i stadsmiljö. Handlingar frå NORNA:s 42 symposium i Helsingfors 10–12 november 2011*. Red. Leila Mattfolk *et al.* (NORNA-rapporter 90.) Uppsala, s. 133–151.
- . Lingvistisk landskap i et av Oslos flerkulturelle områder. Norsk, engelsk og minoritetsspråk i det offentlige rom på Grønland og innbyggenes holdninger til mulige stedsnavn fra innvandrerulturen. I *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. Red. Tom Schmidt. Oslo, s. 19–34.
- Birkeland, Gunhild og Botolv Helleland. Hovudoppgåver i stadnamn og Hovudoppgåvereregisteret (HOP) ved Universitetet i Oslo. I *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. Red. Tom Schmidt. Oslo, s. 35–50.
- Bjorvand, Harald. Etymologien til fem arveord og et gammelt navn. [Um namnet *Tom*, m.a. i Råde.] I *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. Red. Tom Schmidt. Oslo, s. 51–68.
- . Herredsnavnet *Råde* og en norrøn veksling *ó : á*. *Namn og Nemne* 30, s. 49–59.
- Ellingsve, Eli. [Melding av] *Navnemiljøer og samfund i jernalder og vikingetid. Rapport fra NORNA:s 38. symposium i Ryslinge 12.–15. maj 2009*. Red. Lisbeth Eilersgaard Christensen og Bent Jørgensen. Uppsala 2011. *Namn och bygd* 101, s. 252–255.
- Elmevik, Lennart. Det norska gårdnamnet *Lote*. *Namn och bygd* 101, s. 33–38.
- Foss, Beint (red.). Saken om skrivemåten Tofdalen/Tofdalselva/Tofdalsfjorden. *Tveit historielag. Årsskrift* 24, s. 19–38.
- Frändén, Märit. [Melding av] *Names and Identities*. Red. Botolv Helleland, Christian-Emil Ore og Solveig Wikstrøm. Oslo 2012. *Studia anthroponymica Scandinavica* 31, s. 143–146.
- Hagland, Jan Ragnar. Skipsýsla. *Namn og Nemne* 30, s. 99–104.
- Harsson, Margit. Namn på *Galn-*. *Nytt om namn* 58, s. 47–50.
- . Ti favorittnamn i Østfold. *Nytt om namn* 57, s. 61–64.
- Haslum, Vidar. Om Topdal/Tofdal – stedsnavn med variasjon i tale og skrift. *Tveit historielag. Årsskrift* 24, s. 39–41.
- Heide, Eldar. *j Giardeyiar geíma*. Eit hamnenamn i *Halfs saga* – med nogo attåt. *Namn og Nemne* 30, s. 105–110.

- Heinesen, Line Lysaker. Blomsternavn som personnavn. I *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. Red. Tom Schmidt. Oslo, s. 69–74.
- . Navn fra Hauketo. *Namn og Nemne* 30, s. 79–92.
- Helleland, Botolv. Fleire skrivemåtar av same stadnamn. *Nytt om namn* 57, s. 44–48.
- Helset, Stig J. Tilhøvet mellom onomastikon og leksikon. Ei gransking med utgangspunkt i namn på pinaklar og klatreruter. *Namn och bygd* 101, s. 135–154.
- Jenstad, Tor Erik. Frå ryphøa til shit creek. Ordspel på stadnamn. *Namn og Nemne* 30, s. 93–98.
- Johannessen, Ole-Jørgen. *Baste, Fabian og Crispinus*. I *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. Red. Tom Schmidt. Oslo, s. 75–91.
- . *Havdrill og West Venture*. Navn og navnestrukturer på norske borefartøyer og andre oljeinstallasjoner 1973–2005. I *Frå Sturlungu til West Venture. Heiðursrit til Anfinn Johansen á 60 ára degnum*. Red. Zakaris Svabo Hansen et al. Tórshavn, s. 131–140.
- Jørgensen, Bent. [Melding av] *Handbok i norrøn filologi*. Red. Odd Einar Haugen. 2. utg. Kapitlet «Person- og stadnamn» av Inge Særheim. Bergen 2013. *Namn og Nemne* 30, s. 111–115.
- Kinn, Torodd. *Tobias* i to bølger. I *Frå Sturlungu til West Venture. Heiðursrit til Anfinn Johansen á 60 ára degnum*. Red. Zakaris Svabo Hansen et al. Tórshavn, s. 141–156.
- Kruken, Kristoffer og Ola Stemshaug. *Norsk personnamleksikon*. 3. utg. ved Kristoffer Kruken. Oslo: Det Norske Samlaget. 668 s.
- . Nylaga fornamn i Fosen 1750–1949 i nasjonalt perspektiv. *Árbok for Fosen* 2013, s. 43–54.
- . Nylaga fornamn i norsk 1750–1949. I *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. Red. Tom Schmidt. Oslo, s. 93–101.
- . Slektsnamn i bruk som fornamn i Noreg – skisse av ei utvikling. I *Frå Sturlungu til West Venture. Heiðursrit til Anfinn Johansen á 60 ára degnum*. Red. Zakaris Svabo Hansen et al. Tórshavn, s. 157–170.
- . [Melding av] *Namn – en spegel av samhället förr och nu*. Red. Staffan Nyström. Stockholm 2010. *Namn och bygd* 101, s. 249–251.
- Larsen, Terje. Bibliografi over Margit Harssons vitskaplege arbeid. I *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. Red. Tom Schmidt. Oslo, s. 169–176.
- Leibring, Katharina. [Melding av] Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug: *Norsk personnamleksikon*. 3. utg. ved Kristoffer Kruken. Oslo 2013. *Namn og Nemne* 30, s. 115–119.

- Nedreliid, Gudlaug. Hollandsfart og namnemotar. I *Nøvn i strandamentanini / Navne i kystkulturen. Forelæsninger fra det 41. NORNA-symposium i Tórshavn 2.–4. juni 2011*. Red. Tina K. Jakobsen et al. (NORNA-rapporter 89.) Uppsala, s. 131–152.
- Nordland, Ingvil. *Gjølme* versus *Råbygda* opp i Klagenemnda. *Nytt om namn* 58, s. 20–23.
- Pedersen, Aud-Kirsti. Fleirspråklegheit og stadnamn. *Nytt om namn* 57, s. 14–19.
- . Gálláferd – Kaldfjorden, eit tidlegare tospråkleg samisk-norsk samfunn. *Ottar* 2/2013, s. 34–40.
- Ryman, Lennart. [Melding av] Kristoffer Kruken og Ola Stemshaug: *Norsk personnamleksikon*. 3. utg. Oslo 2013. *Studia anthroponymica Scandinavica* 31, s. 137–138.
- Sagen, Erik. Litt om navnet *Villik* i Ytre Namdal. *Norsk slektshistorisk tidsskrift* XLIII (3), s. 197–198.
- Schmidt, Tom. (red.). *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. Oslo: Novus forlag. 181 s.
- . *Bøle, Bøler* og *-bøl(e)* i norske gårdsnavn. *Namn og Nemne* 30, s. 13–48.
- . Løkkenavn i Oslo. I *Namn i stadsmiljø. Handlingar frå NORNA:s 42 symposium i Helsingfors 10–12 november 2011*. Red. Leila Mattfolk et al. (NORNA-rapporter 90.) Uppsala, s. 203–220.
- . Skjærgårdsnavn fra ytre Østfold. I *Nøvn i strandamentanini / Navne i kystkulturen. Forelæsninger fra det 41. NORNA-symposium i Tórshavn 2.–4. juni 2011*. Red. Tina K. Jakobsen et al. (NORNA-rapporter 89.) Uppsala, s. 230–257.
- Simensen, Erik: *Oland*. I *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. Red. Tom Schmidt. Oslo, s. 141–148.
- Særheim, Inge. Gardsnamnet *Stople* i Vindafjord og nokre andre stadnamn som inneheld ordet *stopul*. *Vindetreet. Sogeskift for Vindafjord* 22, s. 106–108.
- . Ola Stemshaug 20/1 1936–27/8 2013. *Namn och bygd* 101, s. 165–172.
- . *Orresnora, Falkehytta, Mågahuset* og *Ørnhus*. Nokre stadnamn som har bakgrunn i fuglefangst. *Namn och bygd* 101, s. 51–66.
- . Personnamn. I *Hå kulturhistorie*. Bd. 2. *Frå 1000-talet til 1870*. Red. Jan Bjarne Bøe og Marie Smith-Solbakken, s. 343–353.
- . Skjergardsnamn som kulturhistorisk kjeldetilfang. I *Nøvn i strandamentanini / Navne i kystkulturen. Forelæsninger fra det 41. NORNA-symposium i Tórshavn 2.–4. juni 2011*. Red. Tina K. Jakobsen et al. (NORNA-rapporter 89.) Uppsala, s. 321–349.

- . Stadnamn. I *Hå kulturhistorie*. Bd. 2. *Frå 1000-talet til 1870*. Red. Jan Bjarne Bøe og Marie Smith-Solbakken, s. 291–341.
- . *Støpulin* på Mykines og *Ståbelen* i Rogaland. Nokre namn som er laga til norr. *stopull* m. I *Frå Sturlungu til West Venture. Heiðursrit til Anfinn Johansen á 60 ára degnum*. Red. Zakaris Svabo Hansen *et al.* Tórshavn, s. 261–270.
- . Toponyms from south-western Norway referring to hunting and fishing. I *Hunting in northern Europe until 1500 AD*. Red. Oliver Grimm og Ulrich Schmölcke. (Schriften des Archäologischen Landesmuseums. Ergänzungsreihe 7.) Neumünster, s. 551–566.
- Særheim, Inge og Gudlaug Nedrelid. Nordisk namnforskning 2012. 2. Litteraturkrönika. 2.5. Norge. *Namn och bygd* 101, s. 184–188.
- Utne, Ivar. *Bustadnavn i Østfold* bind 11. [Melding av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold* 11. *Onsøy*. Oslo 2012. *Nytt om namn* 58, s. 53–56.
- Wetås, Åse. Subkategorisering av klassen proprium. *Namn og Nemne* 30, s. 61–78.
- Windt-Val, Benedicta. Margit – en perle med mange innfatninger. I *Målblomar til Margit. Veneskrift til Margit Harsson på 70-årsdagen den 9. juni 2013*. Red. Tom Schmidt. Oslo, s. 159–168.

NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.
10. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Universitetet i Oslo. 130 sider.
11. Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 10. november 2006. Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv. Føredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 44, s. 8–51, og nr. 45, s. 51–53.
12. Den 12. nasjonale konferansen i namnegransking. Språkrådet, Oslo 20. november 2009. Magnus Olsen som namnegranskar. Føredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 50, s. 52–92.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,-, rapporten frå den niande kostar kr 100,- og rapporten frå den tiande kostar kr 70,-. Kan tingast frå Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo. Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: kristoffer.kruken@iln.uio.no.

NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag har denne heimesida:

www.norsknamelag.no. E-post: **olav.veka@gmail.com**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: **ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no**

Vil du tinga bøker og skrifter frå Namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-brev til:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Boks 1102 Blindern, 0317 Oslo
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: **kristoffer.kruken@iln.uio.no**

ILN – Namnegransking har denne heimesida:

www.hf.uio.no/iln/forskning/grupper/namn/index.html

Dokumentasjonsprosjektet (stadnamn på nett): **www.dokpro.uio.no**

Forskargruppa i namnegransking ved UiB har denne nettsida:

www.uib.no/fg/namnegransking

Kartverket har denne heimesida:

www.kartverket.no

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):

www.norgeskart.no

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: **<http://nfi.ku.dk>**, **www.kms.dk**

Færøyane: **www.setur.fo**

Finland: **www.kotus.fi/svenska**, **www.nls.fi**

Island: **nefnir.is**, **www.lmi.is**

Sverige: **www.sofi.se/namn**, **www.lantmateriet.se**

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

www.norna.org

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

www.icosweb.net

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names): **unstats.un.org/unsd/geoinfo**